

Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

NOLISP350

Masteroppgåve i nordisk

Vår 2022

Ei sosiolingvistisk samanlikning av to språktrekk i endring

Realisasjon av *det* og *r* i ei bygd i Nordhordland

Sunniva Hindenes Sætre

Forord

Det er med blanda kjensler eg avsluttar dette masterprosjektet. Det er sjølvsagt godt å bli ferdig, og eg gler meg til eit nytt kapittel i livet. Samstundes blir det trist å ta farvel med kvardagen på lesesal. Eg ser på denne perioden som ei svært lærerik tid, og set stor pris på den faglege utviklinga eg har opplevd.

Eg vil først og fremst takke rettleiaren min, Agnete Nesse. Ho har vore hjelpsam og tilgjengeleg heilt sidan eg starta på prosjektskissa for masteroppgåva. Det er ikkje få e-postar eg har kome med i løpet av denne perioden. Ho har likevel svara på alle, gitt respons på utkast etter utkast, sett opp zoom-møte ved behov, og alltid vore tilgjengeleg for ein prat på HF-bygget. Tusen takk for god hjelp!

Eg vil også takke alle informantane. Takk for at de tok dykk tid til å prate med meg. Eg blei teke godt imot av alle saman, noko som gjorde datainnsamlinga til ei kjekk oppleving! Eg forstår at ein kan synast slike undersøkingar er skumle, og difor har eg sett stor pris på at de likevel har ønskt å bidra.

Eg vil også takke arrangørane for SONE-konferansen, som gav meg stipend for å presentere masterprosjektet mitt i Tromsø. Tilbakemeldingane eg fekk tok eg med meg vidare i ferdigstillinga av prosjektet, noko eg er veldig takknemleg for. Skriveseminara og møta i forskargruppa på UiB har også vore kjempenyttige. Takk til alle som las utkast og svara på spørsmåla mine!

Ikkje minst vil eg takke foreldra mine for god støtte i skriveprosessen. Nokre dagar har vore tunge, og difor var det ei stor hjelp å kunne lufte tankane mine heime hjå dykk. Takk til gode vener på studiet, for kjekke samtalar i «pausekroken», og for turgåing og anna avkopling utanfor lesesal. Ein særleg takk til Even, for støtte og oppmuntring gjennom skriveprosessen.

Sunniva Hindenes Sætre
Bergen, mai 2022

Innhold

1.	Innleiing.....	1
1.1	Strukturen på oppgåva.....	1
1.2	Bakgrunnsinformasjon om Kløvheim skulekrins.....	3
1.2.1	Framveksten av staden	5
1.2.2	Næringsliv og utdanning i dag	5
1.2.3	Det sosiale livet på Kløvheim	6
1.3	Kort om strilemålet på Kløvheim.....	6
1.4	Problemstilling	8
2.	Om dei språklege variablane	9
2.1	Innleiing.....	9
2.2	Rulle-r og skarre-r	9
2.2.1	Forsking på overgangen til skarre-r.....	9
2.2.2	Barn og r-en.....	12
2.2.3	Overgangen til skarre-r oppsummert.....	12
2.3	Den språklege variabelen det	13
2.3.1	Kort om formelt subjekt	14
2.3.2	Kort om «det» som vanleg referensielt subjekt og objekt.....	15
2.3.3	Tidlegare forsking på det-variasjon.....	15
2.3.4	Variasjonen /da:/ og /de:/ i strilemålet	16
3.	Teori	18
3.1	Innleiing.....	18
3.2	Kva er språk?.....	18
3.3	Faghistorie og vitskapeleg bakteppe	19
3.4	Variasjon og endring	22
3.4.1	Korleis endrar språket seg?	23
3.4.2	Kvifor endrar språket seg?	24
3.4.3	Indre faktorar	25

3.4.4	Ytre faktorar	26
3.4.5	Forklaring eller beskriving?	28
3.5	Dialektkontakt	30
3.5.1	Kva er dialektkontakt?.....	30
3.5.2	Språkleg tilpassing i kontaktsituasjonar	31
3.5.3	Koinéforming	32
3.5.4	Forskjell på leksikon og fonologi i kontaktindusert endring?.....	34
3.6	Nettverksteori	35
3.7	Lokal tilhøyrse.....	37
3.7.1	Språket og staden.....	37
3.7.2	Lokal identitet.....	38
4.	Metode.....	40
4.1	Innleiing.....	40
4.2	Kvantitativ og kvalitativ metode	41
4.3	Utval av språklege variablar	42
4.4	Utval av sosiale variablar	43
4.4.1	Alder.....	43
4.4.2	Kjønn	44
4.4.3	Lokal tilhøyrse.....	46
4.5	Utval av informantar	48
4.5.1	Kriterium for utvalet.....	49
4.5.2	Korleis informantane blei valt ut.....	49
4.6	Innsamling av data.....	50
4.6.1	Samtalesituasjonen	51
4.6.2	Typar spørsmål og trykk.....	52
4.6.3	Bilettest hjå dei eldre	53
4.7	Analysering av materialet.....	53
4.7.1	Utrekning av score for lokal tilhøyrse.....	53
4.7.2	Transkribering	54
4.7.3	Syntaks og fonologi for /da:/ og /de:/.....	56

4.8	Reliabilitet og validitet	56
4.9	Hypotesar.....	58
5.	Presentasjon av resultat	59
5.1	Innleiing.....	59
5.2	Sosiale føringar for /da:/ og /de:/	59
5.2.1	Alder	59
5.2.2	Kjønn	60
5.2.3	Alder og kjønn.....	61
5.2.4	Lokal tilhøyrse.....	62
5.2.5	Kjønn og lokal tilhøyrse	63
5.2.6	Alder og lokal tilhøyrse.....	64
5.3	Sosiale føringar for r-uttale	64
5.3.1	Generell analyse: ingen rulle-r i aldersgruppa 45-50 år	64
5.3.2	Lokal tilhøyrse.....	66
5.3.3	Informant 1	66
5.4	Språklege føringar for /da:/ og /de:/	67
5.4.1	Syntaktisk funksjon	67
5.4.2	/de:/ før presens av 'å vere'	68
5.4.3	Trykk	69
5.4.4	Belegg på bruk av /da:/ og /de:/ i same setning	69
5.5	Språklege føringar for r-uttale	70
5.5.1	Framlyd, innlyd eller utlyd	70
6.	Drøfting	72
6.1	Innleiing.....	72
6.2	Alder.....	73
6.2.1	Har vi med språkendingar å gjere?	73
6.2.2	Identifiseringsfunksjonen som del av forklaringa?	74
6.3	Endringstempo.....	74
6.3.1	Det spesielle med skarre-r-en	75
6.3.2	Kontaktintensitet	76

6.4	Kjønn.....	76
6.5	Lokal tilhøyrse.....	77
6.5.1	Lokal tilhøyrse: Ein avgjerande faktor for varianten /de:/	78
6.5.2	Nettverk kan mogleg spele inn på r-uttalen.....	80
6.6	Språklege føringar for /da:/ og /de:/	81
6.6.1	Økonomiprinsippet og assimilasjon	81
6.6.2	Grensa mellom leksikon og grammatikk.....	82
6.7	Språklege føringar for skarre-r-en.....	83
6.8	Kaos versus system	83
6.9	Forenkling og nivellering – felles for begge språkvariablane?	84
7.	Avslutning	86
7.1	Oppsummering og konklusjon	86
7.2	Vegen vidare.....	87
	Litteratur.....	88
	Vedlegg 1 – Intervjuguidar.....	94
	Vedlegg 2 – Samtalelogg	97
	Vedlegg 3 – Informasjonsskriv og samtykkeerklæring.....	98
	Vedlegg 4 – Poengsystem for lokal tilhøyrse.....	100
	Vedlegg 5 – Alle informantar sin bruk av /da:/ og /de:/, og score på lokal tilhøyrse	101
	Vedlegg 6 – Plassering av r-variantar	102
	Vedlegg 7 – Syntaks for /da:/ og /de:/.....	103
	Samandrag.....	104
	English summary	106
	Relevans for lektoryrket	108

Liste over tabellar

Tabell 1: Aldersgruppe og bruk av /da:/ og /de:/.....	59
Tabell 2: Kjønn og bruk av /da:/ og /de:/.....	60
Tabell 3: Alder, kjønn og bruk av /da:/ og /de:/.....	61
Tabell 4: Lokal tilhørsle og bruk av /da:/ og /de:/.....	62
Tabell 5: Lokal tilhørsle, jenter/kvinner og bruk av /da:/.....	63
Tabell 6: Lokal tilhørsle, gutar/menn og bruk av /da:/.....	63
Tabell 7: Lokal tilhørsle, alder og bruk av /da:/.....	64
Tabell 8: Informantar i aldersgruppe 75-80 år og r-uttale.....	65
Tabell 9: /da:/ og /de:/ sin syntaktiske funksjon i utsegna til informantane.....	67
Tabell 10: /de:/ /e:/ av samanlagt /de:-bruk hjå informantane (unntak: informant 11).....	68
Tabell 11: /da:/ og /de:/ uttalt med trykk hjå informantane (unntak: informant 11).....	69
Tabell 12: Plassering av [ɹ], inkludert eksempelord.....	70
Tabell 13: Plassering av r-bortfall, inkludert eksempelord.....	71

Liste over figurar

Kart 1 ¹ : Kløvheim skulekrins.....	3
Kart 2 ² : Alver kommune med nabokommunar.....	4

¹ <https://www.alver.kommune.no/contentassets/e7c63bbb7bf84d2ab8f53cb8379a5f7f/analyse-sarleg-farlege-skulevegar.pdf> (s. 34)

2

<https://www.google.com/maps/place/Alver/@60.6729107,4.6848814,9z/data=!3m1!4b1!4m5!3m4!1s0x463d1058bc059d55:0x72d57654612d4d90!8m2!3d60.6221393!4d5.1584647>

Forkortingar

eng.	Engelsk
Abs. bel.	Absolutt belegg
ILA	Index of local attachment
//	Fonemisk transkripsjon
[]	Fonetisk transkripsjon
:	Langt fonem
(r)	r-bortfall
(e)	<i>e</i> -en er ikkje uttalt
—	Markering av relevant ord

1. Innleiing

Dette prosjektet handlar om dialektendring i eit lite bygdesamfunn nord for Bergen. Eg har hatt som føremål å belyse både sosiolingvistiske og indrespråklege beskrivingar og forklaringar, av to ulike språkendingar som går føre seg i språksamfunnet. Desse er: funksjonsordet *det* og r-uttale. I dialekten finn vi variasjonen /da:/ og /de:/, og rulle- og skarre-r. Desse trekka er no i endring, der /de:/ er på veg inn, og der bruk av rulle-r no berre finst blant dei eldre innbyggjarane. Eg ønsker å sjå nærmare på desse endringane, og samanlikne dei, for å sjå korleis ei leksikalsk endring kan gå føre seg samanlikna med ei fonologisk.

Innanfor språkendingsteori er det kjent at grad av *lokal tilhøyrse* kan spele inn på menneske sin språkbruk. Då det er eit tydeleg avgrensa bygdesamfunn som blir undersøkt i prosjektet, er det mogleg å sjå nærmare på samanhengen mellom språk og lokal tilhøyrse. Difor er lokal tilhøyrse ein av dei ikkje-språklege faktorane som blir undersøkte. I tillegg kjem *kjønn* og *alder* til å bli inkluderte, som moglege forklaringsfaktorar for variasjonen vi finn i språksamfunnet. Dei indrespråklege faktorane blir i dette prosjektet omtalt som beskrivingar av utviklingsprosessane for endringane.

Eit overordna mål for undersøkinga har vore å vise at språkendingar er komplekse. Eg vil synleggjere at det er nødvendig å sjå på både ytre og indre faktorar, når ein skal beskrive og forklare endring.

1.1 Struktura på oppgåva

Føremålet med dette innleiingskapitlet er å gi ei utgreiing om Kløvheim skulekrins, som er det språksamfunnet som blir undersøkt. I del 1.2 finn ein bakgrunnsinformasjon om staden, der eg gjev ei kort innføring om framveksten av staden, med særleg vekt på oppkomsten til fabrikkane og barneskulen. Eg kjem også inn på næringsliv- og utdanningssituasjonen, slik den er i dag. Det sosiale livet i bygda, som til dømes ungdomslaget og skulekorpset bidreg til, spelar ei viktig rolle for å forstå språksamfunnet, og eg kjem difor også inn på dette. Vidare i del 1.3 kjem ei kort innføring i stilemålet, som er namnet på den dialekten som blir undersøkt. Kapittel 1 avsluttar med ein presentasjon av problemstillinga for prosjektet, der eg stiller tre ulike forskingsspørsmål som spesifiserer korleis eg skal finne svar på problemstillinga.

Før eg kjem inn på teori om det overordna temaet for prosjektet, altså språkending, vil det vere føremålstenleg å vie eit eige kapittel til dei språklege variablane som blir undersøkte. Desse representerer to ulike språklege nivå, og har difor ulike eigenskapar ved seg i ein språkendringsprosess. I kapittel 2 legg eg også fram teori og tidlegare forskning på desse variablane. Dette vil gjere det enklare å følge den meir overordna teorien for oppgåva, som eg går over til i kapittel 3. Her omtalar eg teori som har vore føremålstenleg å bruke i arbeidet med prosjektet mitt. I del 3.2 finn ein ei utgreiing av korleis fenomenet *språk* blir forstått i dette prosjektet, altså kva for definisjon som ligg til grunn for vidare bruk av teori og metode. I del 3.3 kjem ei innføring i sosiolingvistikken som fagfelt, der eg peikar på nokre sentrale internasjonale og norske forskarar. Her legg eg vekt på dei forskarane som representerer teoriar som er særleg relevante for dette prosjektet. I dei vidare delkapitla kjem ei utgreiing av diverse fagomgrep brukt om fenomenet *språkending*, samt teori om omgrepa *dialektkontakt*, *sosiale nettverk* og *lokal tilhøyrse*.

Kapittel 4 omtalar ulike metodeval eg har teke i gjennomføringa av dette prosjektet. Eg har hatt individuelle, uformelle intervju med til saman 12 informantar. Desse har vore fordelte på tre aldersgrupper: 15-20 år, 45-50 år og 75-80 år. Kvar aldersgruppe bestod av fire informantar med to av kvart kjønn. I dette kapitlet gjer eg greie for kvifor eg har valt å gjennomføre undersøkinga på denne måten. I del 4.2 viser eg korleis metodevala kan plasserast innanfor det kvantitative, men at undersøkinga også har kvalitative trekk. Vidare i del 4.3 kjem eg inn på kvifor eg har valt dei språklege variablane *det* og *r*-uttale, og i del 4.4 forklarar eg også val av dei sosiale variablane *alder*, *kjønn* og *lokal tilhøyrse*. I dei følgande delkapitla kjem ei utgreiing av korleis eg valte ut informantar, korleis eg samla inn data, og korleis eg analyserte datamaterialet.

Vidare i kapittel 5 kjem ein presentasjon av resultata. Her legg eg fram kva for funn eg har fått ut frå analysearbeidet. Desse blir presenterte kort og konkret i kapittel 5, då det er kapittel 6 som hovudsakleg inneheld koplinga mellom teori og resultat. Her kjem det fram korleis teorien frå dei førre kapitla kan bli brukt for å beskrive og forklare dei resultata som undersøkinga har gitt. I kapittel 6 blir det også tydeleggjort kva for svar eg har funne på problemstillinga for prosjektet. Avslutningsvis kjem eit oppsummerande kapittel, der alle delar av oppgåva blir kopla saman, og der eg presenterer idear for vidare forskning.

1.2 Bakgrunnsinformasjon om Kløvheim skulekrins


Kløvheim skulekrins ligg i Alver kommune, ein kommune i Nordhordland i Vestland fylke. Staden grenser til Jydalen (eiga markering i kart 1) og Bjørnevoll (sjå kart 1). Det finst rundt 200 husstandar i Kløvheim skulekrins, og området består av mindre bygdedelar: Haugsdalen, Tveitegardane med Reikerås og Grov, Fammestad og Svindal (Åsgard, 1999, s. 105). Om ein spør nokon som bur innanfor Kløvheim skulekrins om kor dei kjem frå, vil dei nok svare med den spesifikke bygdedelen dei har busett seg i. Det er likevel slik at om staden blir omtalt av andre utanfor, til dømes i ei avis, er det gjerne «Kløvheim» eller «Kløve» som blir brukt, uansett kva for plassering i området det er snakk om. For å gjere det enkelt vil språksamfunnet «Kløvheim skulekrins» difor bli omtalt som «Kløvheim» vidare i oppgåva.

Kløvheim har ein barneskule, ein barnehage, ein nærbutikk, eit bygg for arrangement og kino, og eit bedehus. Det er også merka turløyper i ulike delar av skogsområdet. Å spele i Kløvheim skulekrins er den vanlegaste fritidsaktiviteten for barn og unge i området. Korpset har eksistert sidan 1968, og ein kan gjerne seie at korpset fungerer som ein slags attraksjon for bygda (sjå 1.2.3).



Kart 1: Kløvheim skulekrins

Alver kommune grenser til kommunane Bergen, Askøy, Osterøy, Gulen (mi markering), Modalen (mi markering), Masfjorden (mi markering) og Austrheim (mi markering) (sjå kart 2). Administrasjonssenteret for Alver kommune ligg i Knarvik, rundt 20 km frå Kløvheim. Tettstaden Knarvik fungerer på mange måtar som eit bindeledd mellom Kløvheim og Bergen. Her finn ein blant anna eit kjøpesenter, ein vidaregåande skule, og ikkje minst ein busshaldeplass der det med jamne mellomrom går buss til Bergen. Det går ikkje buss frå Kløvheim til Bergen like ofte, og difor må ein gjerne kome seg heilt til Knarvik for å kunne dra vidare til Bergen. Knarvik blir ikkje referert til som «byn» av lokalfolk, det er det berre Bergen som blir, men Knarvik blir likevel sett på som eit slags sentrum.



Kart 2: Alver kommune (raud markering) med nabokommunar (markert med strek)

1.2.1 Framveksten av staden

Ein kan seie at staden Fammestad (sjå kart 1) er utgangspunktet for utbygginga av bygda Kløvheim. Første del av 1900-talet var det i hovudsak gardsdrift på tradisjonelle småbruk som utgjorde busetnad og livnæring. Det var først når møbelfabrikkane blei etablerte i området, at Kløvheimkrinsen fekk ei ekstra styrking (Åsgard, 1999, s. 108). Då blei nye heimar bygde, og nye born kom til, noko som gav tilskot til skulebygget på Kløvheim. I 1935 vart Viken Møbelfabrikk skipa, og utover 1950- og 60-talet vaks den til om lag 120 arbeidsplassar. I 1971 starta drifta av Åsgard Møbelfabrikk på Fammestad. Til saman var det på det meste rundt 200 som jobba ved fabrikkane, noko som i den tida gjorde området til det største innan industriarbeidsplassar i Nordhordland, nest etter oljeraffineriet på Mongstad, som blei etablert i åra 1972-1975. Møbelfabrikkane opna for utvikling av bygda, og endra livssituasjonen for alle i området (Aasgard, Aasgard & Aasgard, 1980, s. 21): «Ein kan fantasera om korleis ho ville sett ut om ikkje fabrikkane hadde kome, men ingen kan gje svaret». Fabrikkane ga dei som ikkje hadde odal på gard ein mogleg lokal arbeidsplass, og dermed også høve til fortsatt å bu i bygda. Det var mange som etablerte seg i dei nye bustadområda som vart til i skulekrinsen. Folk som flytta til staden for arbeid ved fabrikkane var i stor grad frå nabobygdene. Det er difor grunn til å tru at det var liten grad av språkleg påverknad grunna tilflytting.

Mot slutten av 70-talet fekk møbelfabrikkane problem med drifta, og i 1982 hadde begge bedriftene gått konkurs. Vest-Norsk Dørfabrikk starta i 1983 dørproduksjon i lokala til Viken Møbelfabrikk. Også ved fabrikk på Fammestad har det vore ulike produksjonsbedrifter i ettertid, men det er i dag mange færre arbeidsplassar samanlikna med tiåra før 1980. Utviklinga av Kløvheimkrinsen enda i rundt 200 etablerte husstandar, og talet har endra seg relativt lite dei siste 20 åra.

1.2.2 Næringsliv og utdanning i dag

I dag er det berre Norsk Dør, tidlegare Vest-Norsk Dørfabrikk, som framleis er i drift, men denne har få tilsette. Difor arbeidar dei fleste utanfor bygda, men dei reiser ikkje nødvendigvis langt. Det finst fleire arbeidsplassar i områda rundt Kløvheim, der strilemålet også er det gjeldande talemålet. Equinor Mongstad, ein 30 minutt lang køyretur frå Kløvheim, er eit døme på ein stor arbeidsplass ute i distriktet. Om ein arbeider i Åsane eller lenger utover mot Bergen, kjem ein gjerne til område der det bergenske talemålet er meir utbreidd. Dette kan vere ein mogleg årsaksfaktor for kvifor folk pratar som dei gjer på Kløvheim. Når det kjem til vidare utdanning av barn og unge, er det vanlegast å gå på Ostereidet ungdomsskule, som ligg rundt

15 km frå Kløvheim. Det er iallfall det nærmaste alternativet, men nokon vel også å dra til andre ungdomsskular. Når det gjeld vidaregåande utdanning, er det Knarvik vidaregåande skule som ligg nærmast. Det er gjerne den som har blitt mest brukt av unge frå Kløvheim, men det finst også dei som vel å reise til Bergen i staden. Denne faktoren er også relevant for kvifor det skjer språkendringar på Kløvheim.

Hovudpoenget med denne utgreiinga av næringsliv og utdanning i dag er at det finst moglegheiter for arbeid og tidleg skulegong både i bygda og i nærleiken, men at det også er vanleg å pendle til Bergen eller andre stader med bergensk talemål.

1.2.3 Det sosiale livet på Kløvheim

I bygda finn ein Ungdomshuset Nyheim, der diverse arrangement, konsertar og kino finn stad. Kløvheim Ungdomslag driv det meste av organiseringa knytt til dette bygget. I omtalen av ungdomslaget på nettstaden deira står det blant anna: «Laget skal vere aktiv medspelar i utvikling av eit levande og godt nærmiljø for alle aldersgrupper i Kløvheim skulekrins [...]». Korpset er også ein aktiv medspelar for det sosiale miljøet på Kløvheim. I vedtektene til korpset står det blant anna: «Korpset/støttelaget har til føremål å vekke interesse for god musikk, medverke til godt kameratskap og skape eit godt musikkmiljø mellom dei unge». Den såkalla korpsskvardagen har vore stabil i mange år. Korpset hadde ikkje klart seg utan hjelp frå bygda, og ein kan difor seie at bygda og korpset har ein nær relasjon. Ikkje minst er foreldra til dei som spelar i stor grad involverte i korpset. I eit informasjonshefte frå korpset sitt 50-års jubileum står det blant anna: «[...] utan den gjevargleda som bygdefolket viser så hadde det ikkje vore mogleg for korpset å ha ein så god instrumentpark, og det hadde vore vanskeleg å konkurrere på eit så høgt nivå» (2018, s. 20). For å oppsummere kan ein seie at det sosiale livet på Kløvheim i stor grad består av korpssamhaldet, samt diverse treff i ungdomshuset. Utanom det er det mange som går turar saman, og ikkje minst krev både arrangement og korps at innbyggjarane med jamne mellomrom stiller på dugnadsarbeid.

1.3 Kort om strilemålet på Kløvheim

Dialektane i Hordalandsbygdene deler ein gjerne inn i fem grupper: Bergen sitt bymål, Vosse-mål, Hardanger-mål, Sunnhordlands-mål, og Nordhordlands-mål (Rundhovde, 1976, s. 394). Målgrensene er likevel ikkje skarpe. Ein finn også variasjon i dialekten innanfor kvart område (Rundhovde, 1976, s. 394). Nordhordlandsmålet, eller strilemålet, er den gjeldande dialekten

på Kløvheim. Utfordringa med å definere strilemålet er at det finst mykje regional variasjon. Til dømes er eit kjenneteikn for strilemålet på Radøy kanskje ikkje eit kjenneteikn for strilemålet på Øygarden. Det finst likevel ein del moment ved strilemålet som skil seg markant frå bergensk, og difor er det mogleg å sjå på strilemålet som *ein* dialekt, samstundes som ein tek omsyn til regionale, sosiale og aldersrelaterte forskjellar (Kerswill, 1994, s. 37).

Paul Kerswill (1994, s. 46-47) har ein omtale av kjenneteikn for strilemålet. Eg har brukt det han skriv om substantiv og verb for å lage ei dialektsskisse. I tillegg viser eg til det Eric Papazian og Botolv Helleland (2016, s. 114-115) skriv om strilemålet. Då det berre er to språklege variablar som blir undersøkte i dette prosjektet, er det ikkje nødvendig å legge fram ein fullstendig analyse av dialekten. Skissa skal heller tene til å gi eit innblikk i dialekten som heilheit, slik at det blir enklare å følge resten av oppgåva.

Substantiva har tre grammatiske kjønn. Hankjønn har endingane *-/anə/* og */-a/* i fleirtal. Dialekten har delt femininum, der svakt hokjønn har *-/u/* i bestemt form eintal, og sterkt hokjønn har *-/ε/*. Begge har endingane *-/ənɑ/* og */-ə/* i bestemt form fleirtal. I inkjekjønn er det same ending i bestemt form fleirtal som i hokjønn. Når det gjeld verb, har strilemålet a-infinitiv. Elles er det tre klassar suffiks i presens av svake verb: */kasta, çø:rə, tɛ:l/* ('kastar, køyrer, tel'). I presens av sterke verb er det ingen suffiks: */çɛ:m, skri:v/* ('kjem', skriv'). Pronomena i subjektsform er */e:g, dɜ:, hu:, han, da:, me:, de:, dei/*. I avhengig form er dei */me:g, de:g, han, hu: (hedna hjå dei eldre), da:, əs, de:ku (evt. de:ke eller dɔ:ke), dei/*.

Palatalisering i trykklett staving er vanleg i tradisjonelt strilemål. Døme på dette kan vere */becçɛn/* og */vɛjjen/* ('bekken' og 'veggen'). Diftongane er ofte behalde, til dømes i preteritum av sterke verb. Døme på dette kan vere */beit/* og */braut/* ('beit, braut'). I tradisjonelt strilemål finn ein også segmentasjon og differensiasjon, noko som gir */dl/* av */ll/* og */dn/* av */rn, nn/*, til dømes i */addle, kvæddn, fiddna/* ('alle, kvern, finne') (Papazian & Helleland, 2016, s. 114). Etter min lokale kjennskap til dialekten vurderer eg det slik at dette trekket no er på veg ut av dialekten. Det same gjeld også palatalisering i trykklett staving. Dei som er fødde før 1950 uttalar r-en med [r], [r̥] eller [ɹ] (Kerswill, 1994, s. 47), og dei som er fødde etter 1950 brukar [ʁ].

1.4 Problemstilling

I dette prosjektet tek eg for meg *to* språklege variablar: funksjonsordet *det*, og r-uttalen. I strilemålet finn vi variasjonen /da:/ og /de:/ og rulle- og skarre-r. I tradisjonelt strilemål har det i utgangspunktet blitt brukt /da:/ for *det*, og r-en har blitt uttalt som rulle-r (alveolar vibrant). Desse trekka er no i endring, der /de:/ er på veg inn, og der bruk av rulle-r, og undertypar av denne, no berre finst blant dei eldre innbyggjarane. Eg ønsker å sjå nærmare på desse endringane, og samanlikne dei, for å sjå korleis ei leksikalsk endring kan gå føre seg, samanlikna med ei fonologisk.

Ut frå føremålet til prosjektet har eg utforma ei problemstilling, med tre underspørsmål som spesifiserer korleis eg vil finne svar på den overordna problemstillinga. Den overordna problemstillinga lyder som følger: *Korleis går ei leksikalsk språkendring føre seg, samanlikna med ei fonologisk?* For å løyse problemstillinga, skal eg svare på følgande spørsmål:

- 1) Kor raskt skjer endringane?
- 2) Dannar endringane eit sosialt mønster?
- 3) Utviklar endringane seg etter eit bestemt, indrespråkleg system?

2. Om dei språklege variablane

2.1 Innleiing

Dette kapittelet er ei utgreiing om dei to språklege variablane som blir undersøkte i prosjektet. Eit viktig poeng har vore å få fram at språkendingane sitt språklege nivå kan ha betydning for korleis dei utviklar seg. Difor er det viktig å byrje med ei klargjering av korleis dei språklege variablane gjeld to ulike språklege nivå, og kva for kjenneteikn ved variablane som kan spele ei rolle i ein språkendringsprosess. Eg byrjar med å sjå på teori om *r*-uttalen, og tidlegare forskning på overgangen til skarre-*r*. Vidare kjem teori om ordet *det*, tidlegare forskning på variantar av dette ordet, og til slutt ei kort utgreiing om *det*-variantane i strilemålet (/da:/ og /de:/).

2.2 Rulle-*r* og skarre-*r*

I Noreg skil ein mellom bakre og fremre *r*-lydar. Det vil seie at vi har ein baktunge-*r* og ein framtunge-*r*. Framtunge-*r*-en er den gamle nordiske og europeiske *r*-en, også kalla rulle-*r* (Papazian & Helleland, 2016, s. 50). Ein reknar altså med at alle talemåla i Europa i utgangspunktet hadde rulle-*r*. For rundt 500 år sidan oppstod det ein skarre-*r* som spreidde seg til store delar av Vest-Europa (Papazian & Helleland, 2016, s. 50). Den byrja i Paris-området, og ikring 1800 hadde den truleg nådd Kristiansand og Bergen (Skjekkeland, 2005, s. 66). I 1848 skreiv Ivar Aasen at det var skarre-*r* i ein del av Mandals amt, ein del av Hardanger, og i Bergen (Aasen, 1848, s. 21). Etter at skarre-*r*-en nådde byane, spreidde den seg vidare til andre småbyar, i eit såkalla «hoppe»-mønster, og deretter til distrikta ikring (Skjekkeland, 2005, s. 66). Skarre-*r*-en var altså opphavleg eit typisk by-fenomen, som seinare har spreidd seg til bygdene (Papazian & Helleland, 2016, s. 50).

2.2.1 *Forsking på overgangen til skarre-*r**

Arne Kjell Foldvik (1988) har undersøkt utbreiinga av skarre-*r*-en i norske dialektar, og viser at skarre-*r*-en har breidd seg mykje dei siste generasjonane. Noko av forklaringa på denne endringa meiner Foldvik ligg i at skarre-*r*-en er enklare å få til reint artikulatorkisk. Arne Torp (2007) og Helge Sandøy (1996) stiller seg bak denne oppfatninga. Torp (2007, s. 25) omtalar rulle-*r*-en som «den mest resurskrevjande *r*-uttalen» og poengterer at «alle andre måtar å uttale *r* på er truleg i ein eller annan forstand lettare». Sandøy (1996, s. 135) peikar også på eit argument som går ut på at vi utnyttar det distinktive draget frikativ betre med ein [ʀ], då vi har

fleire frikativar frå før. Det finst ingen andre lydar med same uttalemåte som rulle-r-en, og difor kan det vere enklare for oss å heller ta i bruk skarre-r. Arne Torp og Lars S. Vikør (2014, s. 78) meiner det ikkje er utenkeleg at nordmenn ein gong i framtida vil ha anten retrofleksar eller skarre-r. Skarre-r-en får helst innpass i dialektar som ikkje har retrofleksar. Det er likevel slik at det finst dialektar i Arendalsområdet der dei kombinerer skarre-r og retrofleksar. I Selås og Neteland (2019, s. 15) si undersøking av barn sin r-uttale i Bergen, finn ein tilfelle av både skarring og retrofleksar hjå eitt av barna. Ein kan difor seie at retrofleksar ikkje alltid hindrar bruk av skarre-r.

Torp meiner det er sjeldan at folk bruker begge hovudtypane av r-uttalen. Han legg likevel til at det ikkje er utenkeleg at slike personar kan finnast, til dømes i område der begge r-typane lever side om side (2007, s. 12). På Vestlandet finn ein slike område, deriblant Kløvheim. Torp skriv også at det iallfall ikkje er uvanleg å variere mellom ulike undertypar av rulle- og skarre-r. Vi har ifølge Torp to «ur-r-ar»: *den apikale vibranten*, som er den opphavelige utgåva av rulle-r-en, og *den uvulare vibranten*, som vil seie den opphavelige utgåva av skarre-r-en. Begge desse kan deretter forfalle og bli slappare (Torp, 2007, s. 28). Ein slappare versjon av den opphavelige rulle-r-en kan bli kalla ein *apikal approksimant*.

Ikkje sjeldan kan denne uttalen vere ein slags «sistegenerasjons-rulle-r», for å seie det litt kryptisk: Det vil seie at i dei områda der skarre-r-en vinn terreng, slik det er mange stader på Vestlandet, kan det ofte vere slik at den siste generasjonen som bruker rulle-r, har ein slik uttale, og då er det gjerne skarre-r hos den neste generasjonen (Torp, 2007, s. 36).

Difor er det mogleg at ein finn denne uttalemåten av r-en på Kløvheim, i den siste generasjonen som framleis har rulle-r i talemålet sitt. Det vil i så fall vise at ein i overgangen til skarre-r ikkje nødvendigvis går direkte frå den eine uttalemåten til den andre, men at mellomformer er ein del av overgangsprosessen. Det vil også vere interessant å finne ut om nokon av informantane i denne undersøkinga bruker *både* rulle-r og skarre-r.

Vidar Haslum (2012) har skriva ein historisk orientert artikkel om skarre-r-en i Kristiansand. Her forsøker han å finne ut kor lenge kristiansandarar har skarra på r-en. Haslum (2012) skil mellom *endringshastigheit* på den enkelte staden, og *spreiingshastigheit* i det geografiske rommet. I mitt prosjekt er det *endringshastigheita* til skarre-r-en som er fokuset.

«Endringshastigheten vil si hvor lang tid det går fra en novasjon merkes, til den er blitt et gjennomført målmerke et sted, [...]» (Haslum, 2012, s. 162). Haslum skriv at ein kan seie endringa inntreff når fleirtalet i ei aldersgruppe, som er i språklæringsfasen, tek i bruk det nye trekket. «Overgangen til skarre-r kan da operasjonelt sies å være gjennomført» (Haslum, 2012, s. 163). På same måte som Haslum, kjem eg til å bruke alder for å kartlegge endringstempoet for overgangen frå rulle-r til skarre-r på Kløvheim.

Åshild Knutzen skreiv i 1994 ei hovudoppgåve om overgangen frå rulle-r til skarre-r i Øvre Vats i Rogaland fylke. Eitt føremål i oppgåva var å kartlegge i kva aldersgruppe overgangen hadde skjedd. I undersøkinga kom ho fram til at det i overgangsperioden mellom rulle-r og skarre-r kunne vere grunnlag for å dele informantane i tre grupper: Ei gruppe for «rein» rulle-r, ei for «rein» skarre-r, og ei mellomgruppe. Mellomgruppa varierte i bruken av r. Ho konkluderte med at «språkbrukarar fødte i perioden 1939-1941, [...] dannar eit vasskilje når det gjeld r-uttalen i Øvre Vats» (1994, s. 60). Mykje tyder på at slike mellomgrupper er vanlege i overgangsperioden mellom rulling og skarring, skriv ho, og viser til Revheim (1993) si undersøking av r-uttalen på Osterøy, som eg kjem tilbake til om litt. Sjølv om ein finn ei mellomgruppe med både rulling og skarring, poengterer Knutzen at overgangen til skarre-r har skjedd «brått og brutalt»: «Dette ser ut til å bryta fullstendig med det mønsteret ein vanlegvis ser når det gjeld språkendringar» (1994, s. 55). Denne observasjonen er eit interessant poeng, og også noko av grunnlaget for at eg i mitt prosjekt har valt å samanlikne endringsprosessen til r-uttalen med endringsprosessen til *det*. Om eg får tilsvarende resultat som Knutzen, og kan samanlikne dette med ein meir «vanleg» endringsprosess, vil det få fram det spesielle med skarre-r-en, samt vise korleis endringsprosessar varierer frå språknivå til språknivå. Eit anna føremål i Knutzen si hovudoppgåve var å finne ut om det fanst noko system i vekslinga mellom r-variantane i mellomgruppa. Ho skriv at ho ikkje fann noko system i vekslinga, men kommenterer at det var mogleg å kartlegge eit system på individplanet (1994, s. 95). Eg kjem til å undersøke tilsvarende hjå informantane frå Kløvheim, for å sjå om r-uttalen endrar seg ut frå kor i ordet lyden er uttalt.

Inger Johanne Revheim (1993) har undersøkt overgangen til skarre-r på Osterøy, som ein kan sjå på som éin av fleire språktrekk påverka frå bergensk bymål: «Idag kan ein ikkje seia at det er så sterke motsetnader mellom Bergen og Strilelandet, og me ser tydeleg at by-målet har mykje å seia for utviklinga i talemålet i heile Nord-Hordaland» (Revheim, 1993, s. 114). Ho undersøkte to ulike aldersgrupper, 12-14 år og 30-32 år, der informantane ikkje hadde

geografiske ulikskapar. Ho hadde seks informantar i kvar gruppe, med lik fordeling av begge kjønn. I materialet sitt fann Revheim (1993, s. 116) to variantar av rulle-r-en: «[...] den eine er tydeleg rullande, den andre ikkje så tydeleg». Med tydeleg rullande meiner ho nok ein vibrerande alveolar, og med den andre ein alveolar som er approksimant. I tillegg fann ho tilfelle av skarre-r i begge aldersgruppene. Revheim konkluderte med det same som Knutzen, nemleg at ein rullande r på svært kort tid har blitt erstatta med ein skarrande variant.

2.2.2 Barn og r-en

Magnhild Selås og Randi Neteland (2019) har skriva ein artikkel om barn sin r-uttale. Her diskuterer dei samspelet mellom uttalen og dei språklege omgivnadane til barn i 4-årsalderen. Barna dei undersøkte budde i Bergen, som vil seie at skarre-r var den gjeldande r-lyden i dialekten rundt dei. Nokre av foreldra, samt andre menneske i barna sitt familienettverk, brukte derimot rulle-r. Barna fekk altså ulik input av r-uttale. Funna til Selås og Neteland viste at det ikkje var ein klar samanheng mellom r-uttalen i bergensk, og r-uttalen hjå barna. Dei vaksne i livet til barna hadde også noko å seie: Hjå barn som hadde vaksne rundt seg som rulla på r-en, kunne ein finne variasjon i r-uttale. «This implies that children can acquire a linguistic feature (for example r) without acquiring the sociolinguistic value of the feature (for example knowing that back r is the local variant)» (Selås & Neteland, 2019, s. 21). Det dei konkluderer med her, strider noko imot det Torp (2007) skriv om r-uttale hjå barn. Han meiner til dømes at om ungar veks opp med å høyre både rulle-r og skarre-r, er det sannsynleg at ungene vel å bruke skarre-r (2007, s. 107). Selås og Neteland (2019) sin studie viser altså at det ikkje nødvendigvis er slik at barnet tek i bruk skarre-r, berre fordi det finst i den lokale dialekten, eller at ein av dei vaksne i familien har skarre-r. Eit viktig poeng frå undersøkinga er difor at det ikkje er *umogleg* for barn å lære seg rulle-r i eit språksamfunn der skarre-r er den gjeldande uttalemåten. Samanlikna med den andre teorien eg har brukt om r-en, representerer undersøkinga til Selås og Neteland eit litt anna perspektiv, og viser korleis barn tileignar seg r-uttalen. Samstundes er ikkje barnehagebarn ferdig utvikla språkleg. Mange av barna som snakkar meir likt som foreldra sine når dei går i barnehagen, vil truleg snakke som sine jamaldra når dei kjem i skulen.

2.2.3 Overgangen til skarre-r oppsummert

Vi har no sett på noko av det som har blitt skriva om r-en. Foldvik, Torp og Sandøy er alle einige i at skarre-r-en er enklare å uttale, og at dette kan vere grunnen til at den spreier seg så mykje og så raskt som den gjer. Skarre-r-en vil likevel ikkje spreie seg til alle område, ifølge

Torp og Vikør, då dei meiner skarre-r-en helst ikkje får innpass i dialektar med retrofleksar. Likevel finst det dialektar i Arendalsområdet som har både skarre-r og retrofleksar. Eitt av barna i undersøkinga Selås og Neteland brukte begge r-typene, og hadde også retrofleksar i talemålet sitt. I kva grad retrofleksar fungerer som eit hinder for skarre-r-en, kan difor diskuterast. Ifølge Torp er det også uvanleg å bruke både rulle- og skarre-r. Han legg likevel til at ein nokre stader på Vestlandet, der begge r-typene blir brukt, kan finne folk som kombinerer desse. At det er vanlegast å bruke anten den eine eller den andre hovudtypen av r-uttale, er kanskje også noko av grunnen til at overgangen til skarre-r skjer så raskt. Knutzen og Revheim konkluderer begge i sine undersøkingar med at overgangen har skjedd i løpet av svært kort tid, noko som gjer at denne språkendinga skil seg frå korleis språkendingar generelt går føre seg.

2.3 Den språklege variabelen *det*

Når det kjem til ord, skil ein mellom innhaldsord og funksjonsord, då funksjonsord i høgare grad har grammatiske funksjonar (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 157). Ordet *det* er eit funksjonsord, og blir rekna som eit personleg pronomen utan kasusbøying (Faarlund, Lie & Vannebo, 1997, s. 22). *Det* kan ha ulike syntaktiske eigenskapar, og sjølv om det fungerer som eit funksjonsord, kan det vise tilbake til innhald som har kome fram tidlegare i konteksten. Difor er det ikkje alltid slik at *det* er innhaldstomt. *Det* kan representere subjekt, objekt, predikativ og adverbial. I tillegg er det slik at når *det* står framfor ei relativsetning, reknar ein ordet som determinativ, til dømes slik: «*Det* som irriterte ho, var at han spøkte for mykje». *Det* kan også representere det vi kallar formelt subjekt. Når subjektet er det innhaldstomme *det*, har setninga formelt subjekt. Vi har formelt subjekt *det* i ulike slags setningar, til dømes i presenteringssetningar («*Det* arbeider mange menneske i denne bygninga»), i ein type passivsetning kalla upersonleg passiv («*Det* har blitt argumentert for at reformene er udemokratiske»), setningar med finalisering («Er *det* så forferdeleg at studentane får færre førelesingar?») og i utbrytingskonstruksjonar («*Det* var eg som heldt hjula i gong») (jf. Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 312). I prosjektet har eg avgrensa meg til å telje kor mange gongar /da:/ og /de:/ blir brukt som innhaldstomt formelt subjekt, og kor mange gongar /da:/ og /de:/ refererer til eit innhald. Sistnemnde vil i dei fleste tilfella seie referensielt subjekt eller objekt. Bak denne inndeling ligg ein hypotese (H2) om at bruk av /da:/ og /de:/ kan vere avhengig av om *det* viser tilbake til noko, eller ikkje. Vidare kjem difor ei kort utgreiing av relevante syntaktiske funksjonar.

2.3.1 Kort om formelt subjekt

I presenteringssetningar står det formelle subjektet *det* i midtfeltet eller forfeltet. Verbalet er aktivt og intransitivt, og i slutfeltet er det plassert ei substantivfrase i ubestemt form (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 406-407). Lars Anders Kulbrandstad og Torodd Kinn poengterer at det har vore stor ueinigheit i den språkvitskapelege litteraturen om kva for grammatiske funksjonar *det* og den ubestemte substantivfrasa i slutfeltet har. Dei vel likevel å rekne *det* som formelt subjekt og den ubestemte substantivfrasa som potensielt subjekt.

I upersonleg passiv (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 409) står det formelle subjektet *det* i midtfeltet eller forfeltet. Verbalet er passivt, noko som skil upersonleg passiv frå presentering, og kan vere transitivt eller intransitivt. Om verbet er intransitivt, er det ingen andre substantivistiske setningsledd enn *det*, og om det er transitivt, kan ein substantivfrase i ubestemt form (som kunne stått som subjekt i midtfeltet eller forfeltet) vere plassert i slutfeltet (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 409). Medan substantivfrasa i presentering blir omtalt som potensielt subjekt, reknar ein den som (direkte) objekt i upersonleg passiv. Eigenskapane til det formelle subjektet er likevel omtrent som ved presentering (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 410).

I setningar med finalisering er det formelle subjektet *det* plassert i midtfeltet eller forfeltet. Verbalet er aktivt, og ei substantivistisk leddsetning eller ein infinitivkonstruksjon (som kunne stått som subjekt i forfeltet) er plassert i slutfeltet eller ekstraposisjon (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 410). Finalisering er ikkje heilt som presentering. Leddsetninga eller infinitivkonstruksjonen blir omtalt som potensielt subjekt, men ved finalisering kan ikkje det potensielle subjektet stå i midtfeltet. Det må følge etter *det* (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 411).

Til slutt litt om utbrytingskonstruksjonar. Utbryting har ein annan funksjon enn dei andre setningstypene nemnd til no. Her tek ein utgangspunkt i at mottakaren kjenner til den omtalte situasjonen, med unntak av eitt bestemt element. Dette kunnskapshullet blir fylt av den pragmatiske leddfunksjonen fokus (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 412). I følgjande setning er det til dømes *naboen* som er fokus: «Det var naboen som hadde teke manuset ut av seifen dagen før» (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 412).

2.3.2 Kort om «det» som vanleg referensielt subjekt og objekt

Det kan fungere åleine som subjekt. Eit døme på dette kan vere: «*Det* skjer ikkje». Her blir *det* brukt som referanse til noko som har kome fram tidlegare i konteksten. *Det* viser altså tilbake til noko, og då kan ein omtale ordet som vanleg, referensielt subjekt. Subjektet kjem anten rett framfor eller rett etter finitt verbal. Om *det* er referensielt subjekt, kan det vise tilbake til ulike ting, då subjektet kan bestå av ulike slags materiale. Det vanlegaste er substantivfraser eller pronomenfraser, men subjektet kan også bestå av infinitivkonstruksjonar eller substantivistiske leddsetningar (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 310).

Eit døme på når *det* er objekt kan vere: «*Det* hugsar eg ikkje». Igjen viser *det* tilbake til noko. Objektet kan normalt ikkje sløyfast utan at setninga blir ufullstendig. Objektet fungerer hovudsakleg som utfylling til verbalet, og blir difor karakterisert ved blant anna plasseringa det har i setninga (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 314). Om verbalet er samansett, kjem objektet etter den infinite delen. Gjer ein setninga om frå aktiv til passiv, blir objektet til subjekt:

Det som objekt: Ein ukjent poet har skrive *det*.

Det som subjekt: *Det* er skrive av ein ukjent poet.

2.3.3 Tidlegare forskning på *det*-variasjon

Ingvil Håberg Velle (2016) har skrive ei dialektsyntaktisk masteroppgåve om partisippkongruens og formelle subjekt i herøydialekten. I herøydialekten bruker dei både *det* og *der* (transkribert som «dær») som formelt subjekt. I studien sin tok ho utgangspunkt i hypotesen om partisippkongruens, som seier at perfektum partisipp kongruerer med *det* når *det* er formelt subjekt, og med den postverbale DP-en når *der* er formelt subjekt. Ho undersøkte om denne hypotesen samsvarer med datamaterialet hennar, og korleis ein kunne analysere eventuelle avvik frå hypotesen. For å samle inn datamateriale laga ho eit skjema med passiv- og presenteringssetningar som informantane rangerte frå 1 (heilt uakseptabel/ugrammatisk) til 5 (heilt akseptabel/grammatisk). Ho konkluderte med at resultatane hennar både stadfesta og svekka hypotesen ho tok utgangspunkt i. I mitt prosjekt er eg interessert i å finne ut om ulike syntaktiske funksjonar fremjar den eine eller den andre varianten av *det*. Velle (2016) sin dialektsyntaktiske studie er difor interessant for meg, då ho har undersøkt kva som fremjar valet av *det* eller *der* i herøydialekten. Felles for undersøkingane våre er synet om at ein variant av *det* er meir akseptabel enn ein annan. I staden for å bruke testsetningar som metode, slik Velle

(2016) har gjort, har eg teke utgangspunkt i «naturleg tale», noko eg kjem nærmare inn på seinare i oppgåva.

Der (uttalt /da:r/) kan også bli brukt som formelt subjekt i strilemålet. I mitt materiale finn ein nokre få tilfelle av dette i aldersgruppe 75-80 år, men ingen i aldersgruppe 45-50 år og 15-20 år. Ein finn tre tilfelle av *dar* som stadsadverb hjå to menn i aldersgruppe 45-50 år, men ikkje som formelt subjekt. I og med at eg ikkje har tilstrekkeleg belegg på *dar* som formelt subjekt, i tillegg til at denne forma berre finst blant dei eldste, blir ikkje *dar* undersøkt noko meir i dette prosjektet. Det er likevel interessant å sjå at /da:r/ har falle ut av dialekten før /da:/.

2.3.4 Variasjonen /da:/ og /de:/ i strilemålet

I tradisjonelt strilemål er /da:/ uttalemåten for ordet *det* (jf. 1.3). For å vise korleis /da:/ blir brukt i dialekten, har eg funne eit par strofer frå songen «Strilane» av Johannes M. L. Rydland, som truleg er skriven ein gong på 60-talet. Teksten er henta frå sokeskriftet *Mimra* (2017, s. 36; mi utheving), og er skriven på strilemålet brukt på Seim, 11 km frå Kløvheim.

- So bur *da* ein tviddlingbror te nore.
- Kor fint dei hev stelt sine stormslitne øya, *da* ser me før auå åkarhelst me går.

I *Mimra* finn ein også ei utgreiing om Lindåsmålet. Lindås er namnet på den kommunen som var før samanslåinga til Alver kommune. I denne utgreiinga finn ein døme på bruk av /da:/ i dialekten.

[...], å kødna va *da* vektigaste i gamle daga, *da* va rætt å slætt liv-bærginjæ. [...] *Da* va helst onga jænte so hadde detta arbæie, å dæi måtte fidna seg i å måla *da* både to å tre gånje. [...], so va *da* fint nåkk. [...] Regna *da* ikkje, vart *da* lite kvædnevatt'n. (Bergfjord, 2005, s. 104; mi utheving)

I dag finst det derimot mange som også bruker /de:/ for ordet *det*. Det verkar som at det vanlegaste i dag, iallfall for aldersgruppene 15-20 år og 45-50 år, er å bruke *både* /da:/ og /de:/. Ut frå eigne oppfatningar har eg lagt merke til at fleire, inkludert meg sjølv, kan bruke begge formene i ei og same setning. Difor er denne variasjonen særleg aktuell å undersøke. Det er tydeleg at desse to formene lever side om side, der spørsmålet er om ein av dei kjem til å «vinne», altså at vi til slutt vel å bruke anten /da:/ eller /de:/. Likevel kan denne variasjonen ha

funne stad i dialekten over lang tid, og kan difor vere ein type variasjon som blir verande i dialekten. Resultata i denne undersøkinga vil vise kva for utfall som blir relevant å diskutere vidare.

3. Teori

3.1 Innleiing

I masterprosjektet mitt skal eg utforske både sosiolingvistiske og indrespråklege moment ved språkendring, og diskutere korleis desse til saman kan beskrive og forklare endring. Sjølv om det indrespråklege perspektivet er inkludert i problemstillinga, kan ein framleis seie at prosjektet går inn under forskningstradisjonen sosiolingvistik. Forståinga av språket som fenomen er det som grunnir denne faglege plasseringa. I prosjektet blir det teke utgangspunkt i at språket er eit *sosialt* fenomen. Samstundes anerkjenner eg også at indrespråklege forhold *legg til rette* for at endring skjer. Føremålet med dette kapittelet er å plassere prosjektet mitt innanfor forskningstradisjonen sosiolingvistik, og samstundes vise korleis ein også kan inkludere eit indrespråkleg perspektiv i denne fagplasseringa.

Då studieobjektet for prosjektet er *språket*, vil det vere nødvendig å definere kva språk er. I del 3.2 kjem difor ei utgreiing av korleis ein kan forstå språk, og kva for forståing dette prosjektet tek utgangspunkt i. Del 3.3 er ei utgreiing av sosiolingvistikken si faghistorie, og vil fungere som eit vitenskapelig bakteppe for prosjektet. I 3.4 beveger vi oss inn på fagomgrepa som blir brukt når ein snakkar om språkendring, og forklaringar på *kvifor* og *korleis* språket endrar seg. Vidare kjem ei utgreiing av kva ein legg i omgrepet *dialektkontakt*, og kvifor kontaktteori er relevant for problemstillinga for dette prosjektet. Undersøkinga på Kløvheim har også handla om å kartlegge informantane sin *lokale tilhøyrse*. Difor vil det vere nødvendig å legge fram teori om samanhengen mellom språk og sosialt nettverk, samt teori om korleis språk og lokal identitet heng saman.

3.2 Kva er språk?

Då val av relevant teori og metodisk tilnærming er avhengig av korleis ein forstår studieobjektet *språk*, er det nødvendig å definere dette fenomenet. Oppfatninga av kva språk er, og kor språket finn stad, er forskjellig. Difor finn ein også ulike metodiske tilnærmingar blant språkvitarar. Stian Hårstad, Terje Lohndal og Brit Mæhlum legg fram nokre konkrete punkt som alle språkvitarar kan vere einige om. Desse er omsett og henta frå «Methodological foundations in linguistic ethnography (Rampton, Maybin & Roberts, 2017, s. 2-3).

- 1) Språk er et universelt trekk ved mennesket.
- 2) Språk er en størrelse som har ulik beskaffenhet på tvers av sosiale skillelinjer og over tid.
- 3) Det lar seg gjøre å skille ut strukturelle mønstre i menneskelig kommunikasjon, og disse mønstrene er relativt stabile, gjentakende og felleseie for flere.

(Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 129)

Formallingvistane vil gjerne meine at språket finst i individet sin hjerne, medan sosiokulturelt orienterte lingvistar hevdar at språket finn stad i den sosiale medviten vår (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 170). At språket finst i hjernen er i seg sjølv likevel ikkje ei tilstrekkeleg forklaring, då språket ikkje finst i hjernen ved fødsel. Språket blir etablert gjennom innputt frå omgivnadane, og må difor bli studert som del av ein sosial realitet (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 170). Eit relevant vitskapsteoretisk spørsmål i denne samanhengen er om språket og språkvitskapen høyrer til eit humanistisk domene, eller eit naturvitskapeleg. Språket høyrer på den eine sida til vår biologiske eksistens som menneske, og på den andre som eit fenomen knytt til mennesket som sosialt og kulturelt vesen (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 16). Det har lenge vore vanleg å dele fenomena i verda inn i anten naturfenomen, eller kulturfenomen (Sandøy & Nesse, 2016, s. 34). Spørsmålet er om fenomenet språk kan plasserast under den eine eller den andre kategorien, i ei slik enkel todeling. Ifølge Rudi Keller (1994, s. 40) har dikotomiane «natur versus kultur» og «instinkt versus val» vore hindringar for forståinga av kultur og språk. Hårstad mfl. (2017, s. 16) skriv også at om ein på best mogleg måte skal forstå kva språk er, og korleis det fungerer, vil det vere nødvendig å sjå på både den indrespråklege- og den sosiale dimensjonen av språket. I dette prosjektet blir denne forståinga av språket eit poeng i seg sjølv. Ei slik tilnærming krev at eg i undersøkinga av språkendingane rulle-r til skarre-r, og /da:/ til /de:/, diskuterer både indre og ytre faktorar for endringane, noko eg kjem tilbake til i del 3.4.3 og 3.4.4.

3.3 Faghistorie og vitskapeleg bakteppe

Kjell Venås (1991, s. 13) omtalar sosiolingvistikkk som ein tverrfagleg forskingsdisiplin. Den er tverrfagleg fordi den har innslag frå både lingvistikkk, som er vitskapen om språket, og sosiologi, som er vitskapen om samfunnet. Sosiolingvistikken i Noreg har vekse fram av blant anna den historisk orienterte dialektologien, hjå Venås omtalt som målførekunnskap.

Målførekunnskapen gav på fleire måtar ein naturleg bakgrunn for å arbeide med sosiolingvistiske oppgåver: fordi han var oppteken av den einskilte språkbrukaren som representant for eit språksamfunn, fordi han baud på høveleg arbeidsmark for studiet av ord og emne, og fordi han gav føresetnader for eit målgeografisk studium (Venås, 1991, s. 18).

Det er likevel mykje i den klassiske dialektologien ein ikkje finn i sosiolingvistikken si tolking av språket (Venås, 1991, s. 18). Den klassiske dialektologien var sterkt *diakront* orientert, som vil seie at ein ser på historiske opplysningar om språket. I sosiolingvistisk forskning er ein gjerne oppteken av det samtidige språket, altså det *synkrone* språket (Sandøy, 1996, s. 24). I tillegg var dei i dialektologien meir oppteken av «det ekte målføret» (Venås, 1991, s. 18). Når språkbrukarar brukte andre former enn dei tradisjonelle, blei desse vurderte som mindre rette, og dei fekk ikkje vere ein del av framstillinga av målføret (Venås, 1991, s. 18). Sosiolingvistikken tek derimot opp språkleg variasjon i full breidd (Skjekkeland, 2005, s. 18). Granskingsområdet for sosiolingvistikken har gjerne difor vore eit noko samansett samfunn, til dømes dei store bysamfunna. Etter kvart har også mindre bygdemiljø blitt brukt som studieobjekt (Venås, 1991, s. 22), til dømes slik som i dette prosjektet.

Sosiolingvistikken blei grunnlagt av den amerikanske språkforskaren William Labov (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 116). I artikkelen «The social motivation of a sound change» (1963), undersøkte han uttalen av diftongane /ai/ og /au/ på øya Martha's Vineyard. Her viste han korleis ei endring i lydsystemet kunne forklarast ut frå den sosiale betydinga for ulike språktrekk.

Before a phoneme can spread from word to word... it is necessary that one of the two rivals shall acquire some sort of prestige. It is hoped that the study of the particular case under discussion will lend support to this general view of the role of social interaction in linguistic change (Labov, 1963, s. 275).

Labov fann til dømes ut at dei yngre innbyggjarane, som hadde planar om å bli verande på Martha's Vineyard, ville ha dei eldre øybebruarane som språkleg referansegruppe. Dei som ikkje planla å bli verande, hadde derimot fastlandsbebruarane som referansegruppe, og språkleg påverknad frå eldre øybebruarar var mykje mindre (1963, s. 305). Labov vidareutvikla dei sosiolingvistiske metodane brukt i denne artikkelen med boka *The Social Stratification of*

English in New York City (1966; jf. Hårstad, Lohndal & Mæhlum). Denne undersøkinga var meir kompleks, då han her tok for seg fem fonologiske variablar i det engelske talemålet i New York (Labov, 1966, s. 33-37), og viste korleis desse korrelerte med informantane sin såkalla sosioøkonomiske status. Den sosioøkonomiske statusen blei rekna ut frå ein indeks, som hjå Labov bestod av yrke, utdanning og inntekt (Labov, 1966, s. 138). I tillegg viste han korleis dei språklege variablane korrelerte med dei andre sosiale variablane alder, kjønn og etnisitet.

Martin Skjekkeland har omtalt Labov si avhandling som ein del av grunnlaget for den empiriske sosiolingvistikken: «Med denne avhandlinga blir sosiolingvistikken som vitskapeleg disiplin introdusert, [...]» (2009, s. 17). Hårstad mfl. (2017) held seg også til denne oppfatninga. Den språklege heterogeniteten blei no gjort til eit «fullverdig lingvistisk studieobjekt, der solide sosiolingvistiske metoder borget for vitenskapeligheten (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 117). Hjø Venås (1991, s. 25) blir boka omtalt som eit «grunnleggjande verk i moderne sosiolingvistik».

I 1968 publiserte Labov, saman med Weinreich og Herzog, artikkelen «Empirical foundations for a theory of language change» (1968). Denne har hatt mykje å seie for sosiolingvistikken som fagfelt. Språkforskaren J. K. Chambers har blant anna valt å omtale artikkelen som eit manifest for sosiolingvistikken (2013a, s. 2). Weinreich, Labov og Herzog (1968, s. 101) poengterer at det er mønster i heterogeniteten som gjer språkleg variasjon til eit interessant studieobjekt (jf. Sandøy & Nesse, 2016, s. 41): «The key to a rational conception of language change – indeed, of language itself – is the possibility of describing orderly differentiation in a language serving a community».

Ut over 1990-talet byrja ein i sosiolingvistikken å gå noko vekk frå omgrepet *sosial klasse*, som var ein sentral variabel hjå Labov. Det psykososiale og interaksjonelle kom meir i sentrum, og forskarane forsøkte å kartlegge korleis desse faktorane er med på å bestemme språkbruken og språkendringa blant enkeltmenneske (Skjekkeland, 2009, s. 20). Sjølv socialiseringsprosessen blei no vektlagt i den sosiolingvistiske granskinga. Med det kjem vi inn på omgrepet *nettverk* og *nettverksteorien*. Det var først og fremst Lesley Milroy som innførte bruk av ein nettverksmodell i sosiolingvistikken (Sandøy & Nesse, 2016, s. 46), med boka *Language and social networks* (1980; 2. utgåve 1987). Her kommenterer ho Labov sitt arbeid frå 1966, og poengterer at det inneber eit overdrive fokus på sosioøkonomisk klasse som årsaksfaktor for variasjon og endring (Milroy, 1987, s. 19). I boka si argumenterer ho for korleis kunnskap om

folk sitt personlege nettverk fortel mykje om det presset dei opplever for å følge språklege normer og verdiar (Milroy, 1987, s. 139). Eg kjem til å kome nærmare inn på Milroy sitt arbeid (sjå 3.6), då kartlegging av informantar sitt personlege nettverk er ein sentral del av prosjektet mitt og variabelen *lokal tilhøyrse*.

I 1970-åra gjorde sosiolingvistikken sitt inntog i Noreg, med språkvtitarar som hadde studert den labovianske metoden i USA (Skjekkeland, 2009, s. 18-19). Mellom 1971 og 1976 blei det gjennomført ei gransking kalla *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS). Denne fekk mykje å seie for sosiolingvistikken i Noreg (Skjekkeland, 2009, s. 19). Det blei også gjennomført ei tilsvarande undersøking i Bergen, kalla *Talemål hos ungdom i Bergen*, som gjekk føre seg frå 1977 til 1984 (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 119). I åra som har følgd er det fleire på nordiskstudiet som har valt å skrive sosiolingvistiske hovud-/masteroppgåver innanfor den labovianske tradisjonen (sjå t.d. Nesse, 1994; Haugen, 1998; Neteland, 2009). Oppgåva mi skal skrivast i denne tradisjonen, som gjerne også blir kalla kvantitativ korrelasjons-sosiolingvistik (Akselberg, 2017, s. 129).

No som sosiolingvistikken sitt faghistoriske bakteppe er lagt til grunn, går eg vidare til ei utgreiing av sentrale teoriar og fagomgrep for prosjektet. Det overordna temaet for prosjektet er språkending. Det teoretiske grunnlaget omhandlar då mellom anna språkleg variasjon, kva språkending er og kvifor det skjer, språkleg regionalisering som fenomen, dialektkontakt, nettverksteori, og teori om samanhengen mellom språk og lokal identitet.

3.4 Variasjon og endring

Talespråkleg variasjon vil seie at det finst veksling mellom ulike variantar av eit språktrekk, til dømes veksling mellom rulle-r og skarre-r, eller veksling mellom /da:/ og /de:/. Slik variasjon kan ein finne både *mellom* personar i eit språksamfunn, samt *i* talespråket til ein enkeltperson. Førstnemnde kallar ein gjerne *interindividuell* variasjon, og den andre *intraindividuell* variasjon (jf. Solheim, 2006, s. 82). Når vi snakkar om språkleg variasjon, skil vi også mellom *synkron* og *diakron* variasjon (Akselberg, 2017, s. 128), som blei nemnd i del 3.3. Om ein studerer språket synkront, studerer ein korleis språket er på eit visst tidspunkt. Variasjonane /da:/ og /de:/ og rulle-r og skarre-r i talemålet på Kløvheim i dag, er døme på synkron variasjon. Med *diakron* variasjon derimot, meiner vi variasjon som endrar seg frå eitt tidspunkt til eit anna (Akselberg, 2017, s. 133). Då ser ein på korleis eit spesifikt språkleg fenomen arta seg i ei gitt aldersgruppe på eit tidlegare tidspunkt, for så å samanlikne med korleis det same språklege

fenomenet arta seg i tilsvarande aldersgruppe på eit seinare tidspunkt. Slik kan ein gjerne sjå om det har skjedd ei *språkendring*. Når vi snakkar om språkendring, snakkar vi difor eigentleg om ein diakron variasjon, altså språkleg variasjon vi finn over tid.

Det er likevel også mogleg å snakke om språkendring når ein studerer synkron variasjon. Om ein skal forstå omgrepet i sin strengaste forstand, vil språkendring seie at ein innovasjon, altså den første førekomsten av eit språkleg fenomen (sjå 3.4.1), er gjennomført hjå alle individa innanfor eit språkleg fellesskap (Røyneland, 2013, s. 189). Røyneland skriv vidare at omgrepet kan bli forstått både som endringar som er resultat av ein avslutta diakron prosess, og pågåande endringar som kan studerast synkront. Det er likevel viktig å hugse at synkron variasjon ikkje nødvendigvis betyr endring. Slik står det hjå Weinreich, Labov og Herzog (1968, s. 188): «Not all variability and heterogeneity in language structure involves change, but all change involves variability and heterogeneity». Om vi fastslår at det finst ein variasjon i språket vi undersøker, kan vi dermed ikkje gå ut ifrå at denne variasjonen vil føre til ei endring. Det er først når variasjonen korrelerer med alder, at vi kan snakke om endring. Chambers (2013b, s. 306) skriv at mønsteret for ei endring er at den viser seg som ein mindre brukt variant i den eldste generasjonen, meir brukt i mellom-generasjonen, og endå meir brukt i den yngste. I dette prosjektet blir denne forståinga av språkendring lagt til grunn, noko vi kjem tilbake til i metodedelene av oppgåva. Om bruken av tradisjonsvariantane rulle-r og /da:/ minkar med alderen på Kløvheim, kan ein altså forstå dette som eit teikn på endring.

3.4.1 Korleis endrar språket seg?

Ei språkendring startar alltid med ein *individuell innovasjon*. Om denne innovasjonen er vellykka, altså at ein eller fleire andre personar tek i bruk same fenomen, får ein ei endring. Helge Sandøy og Agnete Nesse (2016, s. 42) opererer med tre omgrep for å omtale dei ulike stega i ein språkendringsprosess: *innovasjon*, *endring* og *spreiing*. Desse stega samsvarar med dei ulike nivåa som språkbruken kan plasserast på: *individnivået*, *gruppenivået* og *samfunnsnivået*, også kalla *mikro-*, *meso-* og *makro-*nivå. Det er *meso-*nivået ein studerer når ein forsøker å kartlegge språklege forskjellar mellom grupper, til dømes mellom kvinner og menn, eller mellom eldre og yngre menneske. Når ein undersøker korrelasjon mellom variasjonen rulle-r og skarre-r og /da:/ og /de:/, med aldersgruppe og kjønn, er det *meso-*nivået det er snakk om. Ser ein på variasjon hjå den enkelte språkbrukaren, til dømes når eg undersøker om det finst eit indrespråkleg system for vekslinga mellom rulle-r og skarre-r og /da:/ og /de:/

hjá enkeltinformantar, er ein på mikro-nivået. Ser ein på korleis språktrekk spreier seg, til dømes spreiringa av skarre-r og ordet /de:/, gjeld dette makro-nivået.

Språktrekk kan spreie seg *mellom* språksamfunn, og det kan spreie seg *innanfor* eitt og same språksamfunn. Difor skil vi mellom ein *vertikal* og ein *horisontal* dimensjon av spreiring (Wolfram & Schilling-estes, 2003, s. 714). Det er også slik at eit språktrekk gjerne spreier seg mellom ulike samfunnsgrupper innanfor eitt område, samstundes som det spreier seg i geografisk omfang (Wolfram & Schilling-estes, 2003, s. 714). I mitt prosjekt ser eg likevel berre på spreiring innanfor eitt og same språksamfunn, som vil seie den horisontale dimensjonen. Når ein ser på spreiring innanfor eit samfunn, vil det sosiale spele ei rolle, medan når ein ser på spreiring mellom samfunn, vil også geografi ha ei betyding. Geografi er difor ikkje ein faktor eg tek for meg i dette prosjektet. Språksamfunnet eg ser på er ikkje stort nok til at informantane sin geografiske plassering har noka betyding for språkbruken.

All endring involverer variasjon, då talarar ikkje plutsleg tek i bruk ei ny form som erstattar den eldre forma på alle område i språket. Det vil difor vere ein periode der nye og eldre former eksisterer side om side (Wolfram & Schilling-estes, 2003, s. 715). Ein vanleg modell for ein språkleg endringsprosess innanfor ei gruppe, er ei S-kurve (Sandøy & Nesse, 2016, s. 48). S-kurva illustrerer korleis ei endring spreier seg sakte frå eitt individ til eit anna i starten av prosessen, men at utviklinga skyt fart i andre fase. Vidare viser kurva at språktrekket spreier seg raskt, fram til fleirtalet har teke i bruk trekket. Utviklinga går så saktare igjen i den siste fasen, fordi det framleis vil vere ein del menneske som held på den gamle forma av språktrekket. Difor tek det lang tid før trekket forsvinn heilt, og til vi kan snakke om ei avslutta endring.

3.4.2 *Kvifor endrar språket seg?*

Vi grupperer gjerne årsakene til språkendring i to typar: *indre* og *ytre* årsaker. Dei *indre* gjeld årsaker vi finn i språket sjølv, medan dei *ytre* gjeld sosiale krefter som verkar inn på språket (Sandøy, 1996, s. 19). Sjølv om det finst empirisk støtte for at indrespråklege årsaksfaktorar kan føre til språkendring (Sandøy & Nesse, 2016, s. 58), er det gjeldande synet innanfor sosiolingvistikken at dei ytre kreftene har mest å seie for kvifor og korleis innovasjonar spreier seg i eit språksamfunn. Hjå Skjekkeland (2009, s. 75) finn vi denne formuleringa: «Det er nok elles slik at den «indre utviklinga» i språket, tidt blir forsterka av «ytre krefter» [...]». Det same synet finn vi hjå Sandøy (1996, s. 141), der han skriv at språkendring oftast er eit resultat av at fleire faktorar verkar saman: både indre og ytre. Thomason (2010, s. 46) skriv at når ein skal

undersøke årsakar til språkending, bør ein parallelt sjå på både interne og eksterne faktorar. Eg stiller meg bak denne tilnærminga. I dette prosjektet oppfattar eg språket først og fremst som eit sosialt fenomen, men eg utelukkar ikkje at indrespråklege faktorar kan legge til rette for endring (jf. 3.2). Det er difor eg i mi undersøking tek for meg både ytre sosiale faktorar og indrespråklege faktorar, for å forsøke å beskrive og forklare den språkendinga vi finn på Kløvheim.

3.4.3 Indre faktorar

Av indre faktorar finn vi hjå Papazian og Helleland (2016, s. 144) *prosessar hjå språkbrukarane* og *språkstrukturelle faktorar*. Sandøy (1996, s. 129-135) omtalar også fem indre faktorar for språkending. I Randi Haugen Ødegård (2013, s. 41) si masteroppgåve blir desse plasserte under Papazian og Helleland sine to hovudkategoriar av indre faktorar, og dette er ein analyse eg støttar. Sandøy skriv om *regelinnsnevring*, *regelutviding* og *analogi*, som ein kan seie høyrer til det Papazian og Helleland kallar *prosessar hjå språkbrukarane*, og *funksjonell tyngd* og *naturlegheit*, som kan høyre til det dei kallar *språkstrukturelle faktorar*. *Naturlegheit* handlar om at visse drag i språket er meir naturlege enn andre. Skarre-r-en sin frammarsj i landet blir gjerne forklart med naturlegheit (Sandøy, 1996, s. 135). Som nemnd i del 2.2.1 er det kjend at skarre-r-en er enklare å uttale, og at dette er noko av grunnen for at den blir teke meir og meir i bruk.

Når det gjeld fonologi og artikulasjon, finn ein også teorien om eit økonomiprinsipp. Dette handlar om at vi menneske forsøker å ha eit språkssystem som gir oss flest mogleg betydingsforskjellar med minst mogleg energibruk (Sandøy & Nesse, 2016, s. 63). Økonomi, eller *forenkling*, blir sett på som den viktigaste mekanismen for språkutviklinga i vår del av verda i dag (Papazian & Helleland, 2016, s. 139). I ein såkalla «målbrytings-situasjon», som vil seie at fleire lyd- eller bøyingsystem konkurrerer, er det den enklaste uttalen, eller det enklaste systemet, som har størst sjanse for å bli verande (Papazian & Helleland, 2016, s. 139). Då skjer det ei forenkling, og denne kan då vere ei fonologisk forenkling, eller ei systemforenkling. Eit døme på forenkling er samanfall av lydar. Ein hypotese eg har hatt føregåande dette prosjektet, er at /da:/ blir til /de:/ når ordet er uttalt framfor vokalen /e:/ (H2). Ein motivasjon for å undersøke bruk av *det*, var nettopp å finne ut om ein etterfølgande /e:/, spesielt presens av *å vere*, fremjar endring. Bortsett frå at samanfall av lydar er ei type språkending som kan skje, har eg ikkje funne noko teoretisk grunnlag som kan støtte opp om at ein /a:/ kan bli slukt av ein /e:/. Sandøy skriv om syntaktisk-fonologiske reglar, og her finn vi regelen: *utlydande trykklett*

/e/ fell bort føre ord som byrjar på vokal. Denne regelen gjeld derimot berre /e/, og ikkje andre vokalar, som til dømes /a/:

Det er svært vanleg å dra saman orda på denne måten slik at e-en fell ut når ein annan vokal kjem rett etter i neste ord. Er den trykklette vokalen ein annan enn /e/ eller /ɛ/, skjer det derimot ikkje [...] (Sandøy, 1985, s. 34).

Eg ønsker å sjå om dei nærståande lydane påverkar kvarandre. Om resultatene viser at ein /e:/, spesielt presens av å vere, fremjar endring, kan kanskje *assimilasjon* vere ei indrespråkleg beskriving av overgangen frå /da:/ til /de:/. Vi skil mellom progressiv og regressiv assimilasjon, der førstnemnde gjeld påverknad frå den første lyden til den siste, og den andre frå den siste lyden til den første. Assimilasjonen kan både vere delvis eller full (Papazian & Helleland, 2016, s. 140). Det er gjerne vanleg at ein først får delvis assimilasjon, og sidan full (Papazian & Helleland, 2016, s. 140). Assimilasjon gjeld vanlegvis samanslåing av lydar innanfor eitt og same ord, til dømes at /kvern/ har blitt til /kvenn/ i mange dialektar (Papazian og Helleland, 2016, s. 140), men kan også skje på tvers av ordgrenser. Det er difor ikkje utenkeleg at det same kan skje med «/da:/ /e:/», då desse lydane blir uttalt rett etter kvarandre.

3.4.4 Ytre faktorar

Vidare har ein dei ytre faktorane for språkending, der Sandøy (1996, s. 135-141) peikar på følgjande: *Endringar i materiell og åndeleg kultur, identifiseringsfunksjonen til språket, prestisje, skriftmålet og massemedia*. *Endring i materiell og åndeleg kultur* handlar om at nye reiskapar, varer, yrke og liknande fører til at vi får inn nye ord i språket vårt. Desse endringane har mykje å seie for leksikalske endringar. *Identifiseringsfunksjonen til språket* handlar om at talemålet er eitt av særmerka til ei gruppe. Ein bruker gjerne språket som identitetsmarkør. Identifiseringsfunksjonen har ei konserverande kraft, men kan også føre til endringar i språket. Ein kan gjerne stille spørsmål om kvifor språket ikkje endrar seg fortare enn kva det gjer, og då peiker ein på identifiseringsfunksjonen som ein viktig grunn til nettopp dette (Skjekkeland, 2005, s. 27). Likevel kan samfunn oppleve større sosial mobilitet, og då kan ønsket om ny identifikasjon føre til forandring i språket. *Prestisje* blir hjå Sandøy omtalt som ei motkraft til språket som identitetsmarkør. Det finst altså eit skilje mellom identifiseringsfunksjonen og funksjonen som prestisjemarkør. Sandøy (1996, s. 117) meiner at når ein skil mellom desse, kan vi også forstå «at og korfor menneska kan ha ulike ønske om talenorm sjølv om dei har same oppfatning av kva som gjeld prestisjedialekten i samfunnet». At menneske vel å ta i bruk

prestisjedrag, gjer at mønsteret for sosial kontakt også blir ein viktig faktor for språkending. Forholdet mellom identitet og sosiale nettverk er difor interessant. Menneske blir meir og meir mobile, noko som får konsekvensar for identitetskonstruksjonen. Dette kjem vi tilbake til i 3.7.2. Sandøy nemner også *skriftmålet* som ein ytre årsaksfaktor for språkending, då skriftmålet verkar med til å standardisere ordforrådet i dialektane. *Massemedia* har også ei tilsvarande påverknadskraft, og gjer at synonyme dialektord lettare kjem på defensiven.

I tillegg til dei årsaksfaktorane som Sandøy nemner, finn ein hjå Skjekkeland (2009, s. 75-90) *mobilitet og det «topodynamiske» og det «topostatiske» mennesket*. Topostatisk menneske er dei som har vore bufaste på same staden mykje av livet, medan topodynamiske er dei som flyttar på seg (Skjekkeland, 2009, s. 76). Papazian og Helleland (2016, s. 145-148) vel ei litt anna inndeling av ytre årsaksfaktorar, der identifiseringsfunksjonen til språket ikkje er ein av desse. Dei bruker *endringar i samfunnstilhøva*, og kva det har så seie for særleg dei leksikalske endringane, *industrialisering og urbanisering, auka mobilitet og nye sosiale nettverk, og nye massemedium og høgare utdanning*. Det er interessant å sjå at dei faktorane som Papazian og Helleland nemner handlar meir om materielle forhold, medan Sandøy like mykje ser på psykososiale forhold. Her kan det vere relevant å stille spørsmåla: Kan identiteten lausrivast frå dei materielle forholda vi lever under? Gir dei same materielle forholda lik identitet? Desse spørsmåla kjem vi tilbake til i del 3.7, der samanhengen mellom språk og lokal identitet blir diskutert. Ein kan iallfall konkludere med at det finst ulike inndelingar av ytre faktorar, og ulike meiningar om kva for ytre faktorar som har mest å seie for språkending. Sandøy (1996, s. 141) poengterer at det er vanskeleg å avgjere kva som er den verkelege årsaka til ei språkending. Det kan difor vere greitt å sjå på ulike språkforskarar sine tilnærmingar, i tillegg til å sjå på eventuelle indre faktorar, når ein skal forsøke å beskrive og forklare språkending (Ødegård, 2013, s. 36).

Den generelle utviklinga av dialektane i dag, er at dei går mot ei regionalisering. Talespråkleg regionalisering vil seie at dialekttrekk med ei avgrensa utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare geografisk utbreiing spreier seg (Skjekkeland, 2005, s. 23). Det ser ut til at det er dei sentrale bymåla, og då gjerne bymåla i dei største byane, som styrer utviklinga (Papazian & Helleland, 2016, s. 141).

3.4.5 *Forklaring eller beskriving?*

Omgrepa *forklaring* og *beskriving* er mykje brukt når ein snakkar om språkendring. Det er ikkje alltid like tydeleg kva som skil dei frå kvarandre, og ofte kan dei bli brukt om ein annan. Ei problemstilling oppstår når ein skal grunngje forskjellen på kva som *forklarar* ei språkendring, og kva som *beskriv* den. Vi kom så vidt inn på det i førre avsnitt, der det kjem fram at sosiolingvistikken gjerne ser på ytre faktorar som dei viktigaste for å kunne forklare ei språkendring. Eg held meg til denne oppfatninga, og har forsøkt å vektlegge at indre faktorar *legg til rette* for endring, medan ytre faktorar *aktualiserer* ho. Likevel er diskusjonen om kva for omgrep ein skal bruke relevant, då *forklaring* og *forklaringsfaktorar* også blir brukt om indre krefter i ein del av språkendringslitteraturen. Til dømes blir den indre faktoren naturlegheit brukt som *forklaring* for skarre-r-en sin frammarsj i landet (jf. 3.4.3). Som vi såg i kapittel 2 held mange seg til oppfatninga om at enklare uttale er ein viktig grunn for at skarre-r-en spreier seg. Her ser ein at det kan vere vanskeleg å seie at ytre faktorar er dei einaste som forklarar endringa. Samstundes har ikkje spreinga av skarre-r skjedd utan at det har vore eksterne, sosiale krefter innblanda.

Hjå Selås (2005) går ikkje hovudskiljet mellom *forklaring* og *beskriving*, men mellom *forklaring* og *forståing*. Selås (2005, s. 170) skriv at «*beskrivingar* kan definerast som å føre noe inn under ei generalisering». Dette kan til dømes vere ei beskriving av korleis ein spesifikk dialekt er. I overgangen mellom beskrivingane og forklaringane finn vi dei *språkinterne forklaringane*, og Selås nøler difor med å kalle dei språkinterne forklaringane for beskrivingar, slik eg har gjort. I staden legg ho vekt på forholdet mellom *forklaring* og *forståing*. Om ein stiller strenge krav til forklaringane, meiner ein at desse skal vere deduktiv-nomologiske. Det vil seie at dei skal vise ein «ein-til-ein-samanheng mellom ei lovmessigheit, dei konkrete omstenda og fenomenet som skal forklarast» (Selås, 2005, s. 171). Denne samanhengen er vanskeleg å påvise i humanvitskapane, då forskingsobjektet er menneskelege handlingar (Selås, 2005, s. 171). Om ein ikkje tek utgangspunkt i å oppnå deduktiv-nomologiske forklaringar, kan ein hente forklaringsfaktorar i til dømes «fysiologiske tilhøve i munnhola, i sosiologi og i psykologi, og nytta disposisjonsforklaringar, årsaksforklaringar, eller funksjonalistiske forklaringar» (Selås, 2005, s. 172). Om ein skal *forstå* eit språkleg fenomen, treng ein ifølgje Selås

[...] både beskrivingar, språkinterne forklaringar, disposisjonsforklaringar, funksjonalistiske forklaringar, årsaksforklaringar, og informasjon om holdningar, intensjonar og motiv hos informantane (2005, s. 173).

Her skil ho altså mellom *beskrivingar* og *språkinterne forklaringar*, og at begge desse er ein av fleire moment ein må sjå på for å *forstå* språkleg variasjon eller endring. Selås legg også til at ein ikkje kan oppnå ei optimal forståing av eit fenomen om ein ikkje undersøker intensjons- og motivforklaringar. Ho meiner at ein må leve seg inn i sinnet til forskingsobjektet for å kunne forstå. På den måten handlar det å *forklare* språkendring om å søke forklaringsfaktorar utanfor språket, medan ein *forstår* språkendinga ved å søke etter individuelle motiv hjå informanten (Selås, 2005, s. 179-180).

Mæhlum (1999) diskuterer skiljet mellom *internlingvistiske forklaringar* og *ikkje-lingvistiske forklaringsfaktorar*. Her peikar ho på debatten mellom den strukturalistiske forskningstradisjonen, som omfamnar forkjemparar for dei internlingvistiske faktorane, og sosiolingvistikken, som omfamnar forkjemparar for dei ikkje-lingvistiske, sosiale faktorane. Ho peikar også på Henning Andersen (1989), som meiner at skiljet mellom språkleg og ikkje-språkleg er ein *ikkje-eksisterande dikotomi*. Han skriv at språket er eit fullstendig sosialt fenomen, og at ein difor ikkje kan sjå vekk frå sosiale funksjonar (1989, s. 10-11). Om ein tek utgangspunkt i det Andersen skriv, er det vanskeleg skulle bruke internlingvistiske faktorar som *forklaringar*. Desse forklaringane er iallfall ikkje tilstrekkelege før ein inkluderer ikkje-lingvistiske, sosiale forklaringar.

Som ein ser er det vanskeleg å seie kva ei *forklaring* faktisk inneber. Omgrepet blir brukt om både interne og eksterne faktorar, med hovudvekt på dei eksterne faktorane, iallfall i sosiolingvistikken. Sjølv tenker eg at ei fruktbar formulering kan vere at indre faktorar *beskriv* korleis endringsprosessen for språkendinga går føre seg, medan dei ytre faktorane *forklarar* kvifor endringa skjer på akkurat den staden eller det tidspunktet, og ikkje ein annan stad til eit anna tidspunkt. Eg held meg til Jan Terje Faarlund (1987, s. 13) si formulering: «Det skal vera min påstand at det er fruktbart å skilja skarpt mellom beskriving og forklaring, og at ei beskriving ikkje kan opphøgjast til ei forklaring utan at heilt spesielle vilkår ligg føre».

3.5 Dialektkontakt

Begge variantane skarre-r og /de:/ blir brukt i bergensk bymål, noko som talar for at denne variasjonen er eit resultat av kontakt mellom dei som talar strilemål, og dei som talar bergensk bymål. Dette heng også saman med språkleg regionalisering, som er den generelle utviklinga for dialektane i Noreg i dag (jf. 3.4.4). Dialektkontakten mellom strilemålet på Kløvheim og det bergenske talemålet skjer ikkje på grunn av migrasjon, men på grunn av at bygda ligg i nærleiken av byen Bergen, samt andre tettstader der bergensk bymål har blitt det gjeldande talemålet. Då dialektkontakt er eit sentralt omgrep for dette prosjektet, vil kontaktteori vere nødvendig å kome inn på. I tillegg gjeld dei to språklege variablane to ulike språknivå: fonologi og leksikon. Kontaktteori om ulike språknivå si rolle i ein språkendringsprosess er difor også nødvendig å kome inn på. Det er kjent innanfor kontaktteori at endringstempo skil seg frå språknivå til språknivå. Kerswill (1994, s. 3) har skrivt om strilar som flyttar til Bergen, og meiner at utfallet av kontakt mellom to dialektar blant anna vil avhenge av det lingvistiske forholdet mellom dei gjeldande dialektane.

3.5.1 Kva er dialektkontakt?

Dialektkontakt kan definerast «[...] som kontakt mellom gjensidig forståelege varietetar uavhengig av kva funksjon og status desse varietetane måtte ha» (Røyneland, 2013, s. 188; jf. Trudgill, 1986). Unn Røyneland (2013, s. 190) peiker på at dialektkontakt ikkje kan *forklare* språkending, men heller bli sett på som ein *føresetnad* for at ei endring kan skje. Kvifor ei endring tek ei spesifikk retning, eller kvifor endringa rammar visse språktrekk og ikkje andre, er ikkje nødvendigvis noko dialektkontakt kan forklare (Røyneland, 2013, s. 190). Her må vi heller sjå på indre og ytre faktorar for språkending (jf. 3.4).

Ein kan skilje mellom dialektkontakt som går føre seg i eit *horisontalt* kontinuum, og den som går føre seg i eit *vertikalt* hierarki (Røyneland, 2013, s. 188). Går den føre seg horisontalt, vil det seie at dialektane har nokolunde lik status. Skjer den vertikalt, vil det seie at dialektane har ulik status. Det kan diskutertast kva som best omtalar forholdet mellom strilemålet og bergensk. I og med at mange av dialektane i områda rundt Bergen ser ut til å konvergere med bergensk bymål, tenker ein gjerne at talemålet i byen har ein høgare status enn strilemålet. Denne tanken heng også saman med den generelle utviklinga av dialektane i dag, nemleg at dialektane går mot ei regionalisering (jf. 3.4.4). Røyneland (2013, s. 189) skriv også at utfallet av dialektkontakt ikkje berre heng saman med forholdet mellom dialektane, men at det er også avhengig av *intensiteten* i kontakten, noko eg kjem nærmare inn på i 3.5.4.

3.5.2 Språkleg tilpassing i kontaktsituasjonar

Tilpassingsteorien gir grunnlag for å forstå bakgrunnen for endringar som spring ut av kontakt. Teorien dreier seg om sosiale og psykologiske mekanismar ved språkbruken vår, «der essensen er at ønskje om sosial *identifikasjon* og *integrering*, eller eventuelt *distansering*, påverkar og pregar kontakten mellom menneske» (Solheim, 2006, s. 70). Ein skil gjerne mellom kortvarige og langvarige tilpassingsprosessar. Dei kortvarige tilpassingsprosessane finn stad på individnivået, og desse er gjerne lettast å fange opp og skildre (Solheim, 2006, s. 71). Element frå korttidstilpassinga kan også, gjennom gjentakning og spreining, danne grunnlag for langtidstilpassing. Når tilpassinga gjer seg gjeldande på det kollektive planet, og over tid, kan ein snakke om språkendring (Solheim, 2006, s. 71).

Ein annan term for språkleg tilpassing er språkleg akkommodasjon. Peter Trudgill nemner tre måtar akkommodasjonen kan vere ufullstendig på:

[...] (a) by alternating their own variant of a form with that of the other speakers; (b) by using the other speakers' variant in some words but not others (transfer/mixed dialects); and (c) by using pronunciations intermediate between those of the two accents in contact (approximation/fudged dialects). Of course, all three may occur in conjunction with each other (Trudgill, 1986, s. 62).

Om det viser seg at informantane mine har mellomformer av uttalen av *r* og/eller *det*, kan ein truleg snakke om tilfelle av interdialektale former, som høyrer til akkommodasjon av den tredje typen Trudgill nemner. Interdialekt vil seie situasjonar der kontakt fører til former som ikkje finst i nokre av dialektane som har vore i kontakt (Trudgill, 1986, s. 62). Akkommodasjon av den andre typen kan også vere relevant for kva som skjer i dialekten på Kløvheim, nemleg at innbyggjarar bruker den andre dialekten sine former i nokre ord, men ikkje alle. Då kan ein mogleg snakke om ein prosess vi kallar *nivellering*. Dialektnivellering (eng. «levelling») er «[...] ein prosess som fører til inter- og intrasystematisk reduksjon av strukturell variasjon» (Skjekkeland, 2009, s. 85). Det vil seie at den strukturelle skilnaden mellom to dialektar gradvis blir redusert, samstundes som variasjonen innanfor ein dialekt også gradvis blir redusert (Røyneland, 2005, s. 40). Dei lokale dialekttrekka må vike til fordel for trekk med regional eller nasjonal utbreiing (Solheim, 2010, s. 126). Då det berre er to språklege variablar som blir undersøkte i dette prosjektet, er det vanskeleg å avgjere om ein kan definere dei endringsprosessane som skjer på Kløvheim som nivellering. Om det viser seg at bruken av /da:/

minkar til fordel for /de:/, og rulle-r til fordel for skarre-r, kan det likevel vere relevant å diskutere moglegheita for ein nivelleringsprosess. Nivellering er éin av fleire språklege endringsmekanismar i såkalla *koinéforming*, som vi no skal sjå nærmare på.

3.5.3 *Koinéforming*

Under samfunnsforhold som medfører kontakt mellom menneske med ulik dialektbakgrunn, kan det danne seg nye varietetar (Solheim, 2010, s. 85). Desse kallar vi *koinéar*. Det finst ulike definisjonar av kva ein koiné inneber. Fenomenet kan bli definert ut frå både leksikalske og sosiale forhold, samt med utgangspunkt i opphav, utvikling, form eller funksjon (Solheim, 2010, s. 87). Koinéforming blir vanlegvis brukt om samfunn som får stor tilflytting av menneske med ulik dialektbakgrunn, som følge av industrivekst på staden. Døme på slike stader i Noreg kan vere Høyanger, Tyssedal og Odda (Kerswill & Trudgill, 2005, s. 196). Randi Solheim er ei av dei som har undersøkt dei språklege endringsprosessane som oppstod i kjølvatnet av industrietableringa i Høyanger. Ho såg korleis kontakten mellom folk med ulik talemålsbakgrunn, samt geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, førte til ein ny fellesskap, og då også ein ny språkleg fellesskap. Trudgill (1986, s. 98) nemner også Høyanger, der han peikar på at nivellering er ein av dei viktigaste endringsmekanismane i denne koinéforminga.

Solheim (2010, s. 87-88) skil mellom *regionale koinéar* og *immigrantkoinéar*. Immigrantkoinéar er av den typen som gjeld høyangermålet, altså koinéforming som resultat av tilflytting. Regionale koinéar femner om kompromissformer som har opphav i kontakt mellom ulike varietetar innanfor ein region. I utgangspunktet fungerer denne i det aktuelle området utan å erstatte dei opphavslege dialektane. Ifølge Solheim er det vanskeleg å definere prosessen som skjer i forminga av regionale koinéar, men at den kan fungere som «ein aktuell innfallsvinkel til studiar av ulike språkendingstendensar». Difor kan forming av ein regional koiné, og dei prosessane det inneber, kanskje vere relevant for undersøkinga av dei endringane som skjer på Kløvheim. Jeff Siegel sin definisjon av koinéar femner både om immigrantkoinéar og regionale koinéar (Solheim, 2010, s. 88). Denne definisjonen ligg til grunn for vidare drøfting i dette prosjektet.

A koine is a stabilized contact variety which results from the mixing and subsequent levelling of features of varieties which are similar enough to be mutually intelligible, such as regional or social dialects. This occurs in the context of *increased interaction* or integration among speakers of these varieties (Siegel, 2001, s. 176; mi utheving).

Siegel sin definisjon er relativt vid. Han inkluderer auka kontakt («increased interaction») i definisjonen, noko som gjer den relevant for situasjonen strilemålet står i. Kerswill (1994, s. 161) meiner at talemålet til strilar som flyttar til Bergen viser tydelege teikn på at koiné kan bli eit utfall av kontaktsituasjonen. Nivellering er eitt av desse teikna. Med nivellering meiner han at strilane vel former som verken finst i bergensk eller strilemålet. Eit døme på slike former er presens av *å kome*, uttalt *komme*, som då er ei mellomform av strilemålet sin *kjem* og bergensk sin *kommer* (Kerswill, 1994, s. 161). Denne forståinga av nivellering liknar meir det Trudgill kallar interdialektale former (jf. 3.5.2). Når vi snakkar om nivellering i dette prosjektet, snakkar vi om at variasjonen innanfor strilemålet blir redusert, samstundes som skilnaden til bergensk også blir redusert. Likevel er det mogleg ein finn bruk av mellomformer av uttalemåtane for *det* og/eller *r-en*, og då kan det bli relevant å peike på ein slik nivellering som Kerswill snakkar om, eventuelt det Trudgill kallar interdialektale former.

I tillegg til nivellering, er *reallokering* også ein mogleg endringsmekanisme i koinéforminga. I sosiolingvistikken viser reallokering til språktrekk som i ein ny kontekst får nye sosiale eller språklege funksjonar (Solheim, 2010, s. 96-97). Solheim skriv følgande om reallokering:


Sjølv etter omfattande nivelleringsprosessar som følgjer av språk eller dialektkontakt, kan ein stå att med fleire parallelle variantar frå den opphavelige språkblandinga. I slike situasjonar kan det finne stad ei reallokering, der éin eller fleire av desse variantane blir tillagt innhald eller funksjonar som skil dei frå den opphavelige tydinga eller bruksmåten. På den måten kan det bli rom for meir enn éin «sigrande» variant i den nye varieteten (2010, s. 96-97).

Ein skil mellom *sosiofilistisk* og *strukturell* reallokering. Den første handlar om at ein eller fleire av dei overlevande variantane får ein ny sosial eller stilistisk funksjon, til dømes som markør av lokal tilhøyrse eller status (Solheim, 2010, s. 97). Denne typen kan i dette prosjektet vere særleg relevant å drøfte i samanheng med resultatata for variabelen *lokal tilhøyrse*. Den andre typen reallokering er knytt til det fonologiske nivået, der ein spesifikk lingvistisk kontekst avgjer kva variantar som blir brukte (Solheim, 2010, s. 97). Når vi i dette prosjektet undersøker eit potensielt mønster for bruken av *det* og *r-uttale*, kan ein slik type reallokering vere relevant å bruke som beskriving.

Om det er slik at ein finn samanheng mellom koinéformingsprosessar og det som skjer på Kløvheim, kan det vere relevant å sjå på kva for utviklingsstadium som finst i koinéforming. Solheim (2010, s. 99-102) omtalar tre ulike utviklingsstadium. Den første fasen er kontaktfasen, og her byrjar nivelleringsprosessane å gjere seg gjeldande. Vidare kjem ein såkalla kaosperiode. I denne fasen blir dei involverte varietetane spelte ut mot kvarandre. Dei tilpassar seg kvarandre, fell bort eller blir ein del av ein ny sosial fellesskap. I denne fasen finst det stor intra- og interindividuell variasjon, samstundes som språklege fokuseringsprosessar skapar veg mot ei ny, felles norm (Solheim, 2006, s. 82). Det oppstår ein reduksjon av kompleksiteten og variasjonsmoglegheitene. «Resultatet blir færre tilgjengelege variantar og språklege kategoriar som språkbrukarane kan samle seg om, [...]» (Solheim, 2006, s. 82). Den siste fasen Solheim nemner er fokuseringsstadiet, der ein ny dialekt oppstår ut frå kontinuerlege nivelleringsprosessar og gradvis reduksjon av det språklege mangfaldet. I forsøket på å forklare og samanlikne dei språkendingane som skjer på Kløvheim, vil det vere relevant å sjå om ein ser teikn på dei utviklingsstadia og variasjonsmønstra for koinéforming som Solheim nemner.

3.5.4 *Forskjell på leksikon og fonologi i kontaktindusert endring?*

Det finst teori som gjeld universelle reglar for lån. Sarah Grey Thomason og Terrence Kaufman (1988; jf. Matras, 2010, s. 77) har laga ein såkalla «borrowing scale», der dei legg fram ulike kategoriar for kva som er vanlegast å låne, avhengig av kor *intens* kontakten mellom språka er. Skalaen er illustrert slik (mi omsetjing):



Ifølge skalaen er det enklast å låne språklege element som formidlar semantisk mening. Fleire studiar viser at innhaldsord lettare og hyppigare blir lånt inn enn funksjonsord (Røyneland, 2017, s. 56). Yaron Matras forklarar årsaken til dette fenomenet slik:

Their consistent meaning allows them to be replicated in different structural environments and in different interaction contexts. And it is also reflected in their structural autonomy, which facilitates their integration into another language (2010, s. 78).

No er det ikkje lån av innhaldsord eg har valt som språkleg variabel i mi undersøking, men eit funksjonsord og eit fonem. Matras (2010, s. 79) skriv at funksjonsord er ein vag kategori, grunna dei strukturelle krava som kjem med desse. Overgangen til skarre-r høyrer til den femte kategorien i skalaen, då det ikkje er noko nytt fonem som har blitt innført, men eit nytt allofon. Ifølge skalaen krev det meir intens kontakt for at denne endringa skal skje, enn for at lån av funksjonsord skal skje. Samstundes er det slik at alle aspekt av språkstrukturen kan bli overført frå ein dialekt til ein annan, så lenge dei riktige sosiale og lingvistiske omgivnadane er til stades (Thomason, 2001, s. 11). Om kontakten har vore og er intens nok, vil det kanskje - teoretisk sett - ikkje vere stor forskjell på endringstempoet for ei leksikalsk endring, og ei fonologisk endring.

Thomason (2010, s. 40) skriv at graden av *typologisk distanse* mellom språkssystema til to dialektar i kontakt, kan bidra til å føreseie kva for utfall som kan finne stad, avhengig av kontaktintensiteten. Ho poengterer samstundes at sterke *sosiale faktorar* kan overkøyre ein eventuell stor typologisk distanse mellom to dialektar (2010, s. 41). Det vil seie at den dominerande dialekten kan ha ein høg nok sosial status til at det ikkje vil ha så mykje å seie om den typologiske distansen mellom denne og mottakardialekten er stor. Thomason (2010, s. 44) peiker også på at graden av kor enkelt det er å lære seg eit språkleg trekk, er den einaste årsaksfaktoren som finst for indre motiverte endringar. Denne drivkrafta blir også omtalt hjå Sandøy, med termen *naturlegheit* (jf 3.4.3).

3.6 Nettverksteori

Forholdet eit menneske har til sosiale grupper kan skildrast med ein såkalla nettverksmodell (Sandøy & Nesse, 2016, s. 46). Milroy (1987) er den som innførte bruk av ein nettverksmodell innanfor sosiolingvistikken (jf. 3.3). Denne kartla det sosiale nettverket til den enkelte språkbrukaren ut frå to eigenskapar: *tettleik* og *mangsidigheit*. I studien sin frå Belfast konkluderte ho med at det personlege nettverket, beståande av eigenskapane tettleik og mangsidigheit, fungerte godt som indikator på kva for press ein person opplever for å følge språklege normer (1987, s. 139). Samanhengen viste ho ved å setje informantar sitt personlege

nettverk opp mot bruk av lingvistiske variablar. Ho tok i bruk ein såkalla «network strength scale», som inneheldt fire ulike indikatorar for mål av tettleik og mangsidigheit:

- 1) Deltaking i ein tett, sosial klasse innanfor eit avgrensa område.
- 2) Sterke slektsband innanfor nabolaget (dvs. meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen kjernefamilie).
- 3) Minst to arbeidskameratar frå same område.
- 4) Minst to arbeidskameratar av same kjønn frå same område.
- 5) Frivillig (dvs. ikkje-organisert) samvær med arbeidskameratar i fritida.

(1987, s. 141-142; jf. Nesse, 1994, s. 52).

Kvar indikator hadde like høg poengsum, som vil seie at ein minimum kunne oppnå null, og maksimalt fem, poeng. Den første indikatoren måler tettleik, medan dei resterande handlar om mangsidigheit (Milroy, 1987, s. 142). Desse to eigenskapane er med på å skape det vi kan kalle nettverket sin «kompleksitet», då tette nettverk gjerne er mangsidige, i motsetnad til opne nettverk, som gjerne ikkje er så mangsidige (Mæhlum, 2017, s. 117). Milroy sin studie er ein av dei mest kjente for å ha flytta perspektivet vekk frå Labov sin sosiale makroanalyse, til det sosiale mikronivået. Ho legg likevel ikkje skjul på at det i byane er ein klar samheng mellom sosial klasse og talemåte (1987, s. 109-110). For mindre språksamfunn rundt byane derimot, finn ein kanskje ikkje ein like tydeleg samheng. Bygdesamfunnet har ein annan karakter enn bysamfunnet. Det gjer at ein kanskje bør trekke inn andre variablar når ein ser på variasjon i talemålet på bygda, kontra i byen. På den måten kan ein argumentere for at nettverk kan ha meir å seie i eit bygdesamfunn, enn kva til dømes sosioøkonomisk klasse har.

Agnete Nesse (1994) brukte også ein nettverksscore då ho undersøkte språkleg variasjon i talemålet i Bergen. Indikatorane ho brukte var desse (1994, s. 58):

- 1) Slekt i nærheten. Minst en husholdning i slekten i tillegg til sin egen, dvs. at når mor/sviger-mor bor i egen leilighet «ovenpå» eller «nedenunder» gis det poeng.
- 2) Botid i gaten/kvartalet minst 20 år.
- 3) Fritidssysler (organiserte) i nærmiljøet.
- 4) «Går inn til» en eller flere av naboene regelmessig.
- 5) Det å bo nær Bergen sentrum er en verdi i seg selv.
- 6) Positiv holdning til buekorps.

Nesse skriv at desse seks kriteria måler ulike ting. Kriterium 1 og 2 måler føresetnad for kontakt, og 3 og 4 faktisk kontakt. Kriterium 5 og 6 måler derimot haldningar til nærmiljøet, noko som også kan spele ei rolle for korleis ein snakkar (Nesse, 1994, s. 59). Då kriteria til Nesse måler ulike ting, operer ho med ein nettverksscore og ein haldningsscore. I mitt prosjekt held eg meg til å måle informantane sin faktiske kontakt, og opererer difor berre med ein nettverksscore. Utanom dette har eg henta synspunkt frå Nesse sin bruk av nettverksteorien (sjå 4.4.3).

3.7 Lokal tilhøyrse

I tillegg til teori om forholdet mellom nettverk og språk, vil teori om *staden*, og menneske si *tilknytning* til denne, også vere sentralt for prosjektet. Eitt av føremåla har vore å vise korrelasjon mellom *lokal tilhøyrse* og informantane sin språkbruk. I den samanheng vil det vere nødvendig å legge fram teori som forklarar korleis desse to variablane heng saman. Marianne Gullestad (1997) og Randi Solheim (2010) omtalar omgrepa *staden* og *identitet*, og deira diskusjonar vil difor vere relevante å kome inn på. I dette prosjektet ser ein på lokalsamfunnet som ei ramme for språkending, men kva er eigentleg eit *lokalsamfunn*? Og korleis heng menneske sin *språklege identitet* saman med dette?

3.7.1 Språket og staden

Solheim (2010, s. 118) definerer *staden* slik: «Ein kan seie at staden, innanfor den fysiske ramma, er ein sosial konstruksjon som er forma av dei som deltek i samfunnet». Solheim opererer her med ein kulturell og konstruksjonistisk oppfatning av staden. Lokalisering, næringsstrukturar og kontakten med omgivingane er viktige i denne konstruksjonistiske oppfatninga, der desse forholda også må sjåast i samanheng med kulturelle, sosiale og individuelle dimensjonar ved språket (Solheim, 2010, s. 124). Talemålet blir sett på som ein sentral del av dei konstruksjonsprosessane som formar staden: «Nettopp den kulturelle meininga staden har for dei enkelte språkbrukarane, er sentral når ein skal seie noko om banda mellom språk og samfunn» (Solheim, 2010, s. 123).

Kløvheim blir i dette prosjektet omtalt som ei *bygd*. Gullestad (1997, s. 62) skriv at bygder blir brukt om lokalsamfunna i distrikta, og omtalar omgrepet slik: «Symbolically and morally the *bygd* often stands for certain social values based on informal equality, in contrast to the formal hierarchies of the factory and the city» (jf. Sørhaug, 1984). Ifølge Gullestad omfattar eit slikt lokalsamfunn naturlandskap, fysiske strukturar, menneske, relasjonar, og *lokal dialekt*. «For

many people various local dialects carry a range of assumptions about personal characteristics, identity and world view» (Gullestad, 1997, s. 63). På den måten kan ein sjå på den lokale dialekten som ein integrert del av kulturen og samfunnet. Når ein gjer dette blir historia om staden også historia om språksituasjonen (Solheim, 2010, s. 124). Slik heng lokalsamfunnet og språket saman.

3.7.2 Lokal identitet

I det moderne samfunnet kan *lokal identitet* vere eit problematisk omgrep. Gullestad (1997, s. 57) omtalar lokalsamfunnet som ein sentral del av ein person sin identitet, då denne gir ei førestilling om «røter» og «tilhøyrsløse». Det er likevel slik at lokalsamfunna er i endring. Det er ikkje lenger like tydelege lokale grenser, noko som gjer det utfordrande å definere kva den lokale identiteten inneber. Globaliseringa skapar meir homogene kulturar og samfunn. Gullestad diskuterer difor spørsmål knytt til stader sin skiftande betydning innanfor dagens identitetskonstruksjonar. Staden er ikkje heilt irrelevant, skriv ho, men førestillinga om kva staden inneber endrar seg, i tillegg til at menneska er meir mobile enn tidlegare (Gullestad, 1997, s. 58-59). Dette får konsekvensar for konstruksjonen av ein lokal identitet. Gullestad (1997, s. 65) konkluderer med at «the concept of everyday life in Scandinavia indicates that ideologically the neighborhood where one actually lives has become less central». Solheim (2010, s. 121) peiker også på at lokalsamfunna er i endring, og at dei identitetsskapande faktorane er skiftande.

Innbyggjarane har kontaktar og referanserammer som rekk utover det lokale nivået, samtidig som impulsar utanfrå – regionale, nasjonale og globale – formar lokalsamfunnet og legg premissar for samhandling der (Solheim, 2010, s. 121).

Samstundes opplever mange moderne og mobile menneske at styrking av røter og relasjonar er viktig (Solheim, 2010, s. 121). Ein heimstad kan framleis bere med seg eigenskapar som er viktige for identiteten. Difor kan ein seie at det lokale talemålet på heimstaden blir ein av berarane av den lokale identiteten. Lokale språktrekk vil som regel bidra til å definere identiteten til ein person, og nettopp dette har Skjekkeland (2009) og Malene Monka, Pia Quist og Astrid Ravn Skovse (2020) forsøkt å vise. Desse forventar at ulike gradar av lokal tilhøyrsløse ville forklare kvifor dei unge i språksamfunnet gjekk ulike språklege vegar. Skjekkeland (2009, s. 169) konkluderte med at dei som ville bli verande i lokalsamfunnet, hadde gjennomsnittleg 58,9% tradisjonelle språkformer, medan dei som ønskte å dra vekk hadde 37,6%. «Dei unge ser

såleis ut til å skilja lag i språkvegen etter det synet dei har på framtida, og det forholdet dei har til heimbygda».

Artikkelen til Monka mfl. (2020) representerer empirisk forskning på korleis ein person sin lokale tilhøyrse heng saman med bruk av tradisjonelle dialektformer. «Employing a quantified measure, an *index of local attachment*, a speaker's attachment to their local area is compared to degrees of locally associated nonstandard language use» (Monka, Quist & Skovse, 2020, s. 2). ILA er eit kvantitativt mål på eit individ sin tidlegare, samtidige og (tenkte) framtidige tilhøyrse til nærmiljøet (Monka, Quist & Skovse, 2020, s. 5). Den er basert på åtte faktorar, der kvar faktor anten gir null, eitt eller to poeng. Eit døme kan vere at om informanten si mor var fødd i det lokale området, fekk informanten to poeng. Om mora berre var fødd i regionen, fekk informanten eitt poeng. Om mora var fødd utanfor regionen, fekk informanten null poeng. For å samanlikne ILA-scoren med språkleg variasjon, talde dei først bruk av tre ulike språklege variablar hjå informantane frå Bylderup og Vollsmose. I Bylderup såg dei på ein fonologisk-, ein leksikalsk-, og ein morfosyntaktisk variabel. Desse variablane var enkle å telje, då dei anten hadde ei eldre, tradisjonell form, eller ikkje. Vidare gav forskarane informantane ein samla score for bruk av tradisjonelle dialektformer, ein «nonstandard score». Denne, saman med ILA-scoren, låg dei inn i eit x-y-spreiingsplott, som viste korrelasjon mellom dei språklege og ikkje-språklege variablane (Monka, Quist & Skovse, 2020, s. 14-15).

Monka mfl. (2020, s. 24) konkluderte med det same som Skjekkeland, men dei låg også til at det var forskjell i resultata på dei to ulike stadene dei undersøkte: «[...] participants with the highest attachment scores were also those who used more of the nonstandard features, although the tendency is stronger in Bylderup than in Vollsmose». Dette viser igjen, som Solheim (2010, s. 126) poengterer, at heimstaden ikkje har ein like sentral posisjon for alle, og at lokal tilhøyrse også kan signaliserast på andre måtar enn ved dialektbruk. Utgangspunktet for dette prosjektet har likevel vore at lokal tilhøyrse vil henge saman med informantane sin språkbruk (H4, H5).

4. Metode

4.1 Innleiing

Det språkvitskapelege fagfeltet består av mange ulike metodiske tilnærmingar. Ifølge Hårstad mfl. finn vi eit metodologisk spenn innanfor det fagfeltet der språk blir studert som sosialt fenomen:

Enkelte følger mange av de samme kvantitative prinsippene som sosiologer og sosialpsykologer, andre nærmer seg studieobjektet innenfor de samme kvalitative rammene som antropologer, kulturhistorikere eller jurister. Og mange kombinerer de to tilnærmingene på ulike måter (2017, s. 132).

Kva for metodeval ein tar, er avhengig av føremålet med undersøkinga. Ei sentral målsetjing for meg var å få innblikk i bruken av /da:/ og /de:/ og rulle- og skarre-r, i såkalla naturleg daglegtale. Kva som kan kallast «naturleg daglegtale», er ikkje sjølvst. Det er heller ikkje sjølvst korleis ein får tilgang på denne størrelsen.

Både materialet og problemstillinga mi har gjort at eg har valt ei kvantitativ tilnærming, og eg held meg difor innanfor den labovianske variasjonslingvistikken sin tradisjon. Eg intervjuar til saman tolv informantar fordelt på tre aldersgrupper, med to av kvart kjønn i kvar gruppe. Eg hadde tre målsetjingar for intervjuar:

- 1) Få fram den uformelle daglegtalen (eng. 'vernacular')
- 2) Få svar på spørsmål om lokal tilhøyrse
- 3) Få belegg på dei språklege variablane *det* og r-uttale

I dette kapitlet skal eg gjere greie for kva for metodiske val eg har teke for å oppnå desse målsetjingane. Eg kjem også til å gjere greie for val av språklege og sosiale variablar, utvalsprosessen for informantutvalet, korleis eg samla inn data, og korleis eg analyserte datamaterialet. Til slutt vil eg diskutere undersøkinga sin reliabilitet og validitet, samt presentere hypotesane for prosjektet. Før eg kjem inn på desse momenta, tenker eg det er føremålstenleg å diskutere korleis den metodiske tilnærminga mi kan plasserast innanfor det kvantitative.

4.2 Kvantitativ og kvalitativ metode

I *kvantitative* undersøkingar ser ein typisk på eigenskapar ved eit gitt fenomen som er mogleg å telje eller måle (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 53-54). Kvantitative metodar krev difor ei operasjonalisering av forskingsobjektet. Med andre ord må fenomenet ein skal studere bli definert så presist som mogleg, slik at ein kan observere det på ein systematisk og strukturert måte. *Kvalitative* undersøkingar handlar derimot om opplevinga av eit gitt fenomen. Resultatet blir då heller omtalt med ord enn med målbare størrelsar. Ein er oppteken av informantane sine egne oppfatningar, noko som krev at forskaren tolkar dei utsegna informantane kjem med .

Hårstad mfl. (2017, s. 53-54) skriv at det er vanskeleg, om ikkje umogleg, å finne eit definerande kriterium for om ein spesifikk metodisk framgangsmåte kan kallast kvantitativ eller kvalitativ. Det finst mange glidande overgangar, og i sosiolingvistikken er det gjerne vanleg å kombinere metodar. Ein kallar ein slik kombinasjon for metodetriangulering, som vil seie at ein studerer eit fenomen frå ulike og kompletterande metodar (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 54). Motsetnaden mellom det kvantitative og det kvalitative representerer ikkje noko klar todeling, men heller «to idealiserte ytterpunkter på en kontinuerlig skala».

Den metodiske framgangsmåten min er hovudsakleg kvantitativ. Eg tel språktrekk, og set desse opp mot dei andre målbare variablane alder, kjønn, og poengscore for lokal tilhøyrslø. Visse delar av metoden har likevel kvalitative element, då eg tok i bruk uformelle intervju. Der stilte eg spørsmål om livet til informantane, samt kva dei meinte om ulike lokale saker, og difor kan intervjudelen av metoden plasserast innanfor det kvalitative. Ein kan også seie at eg var interessert i å høyre kva informanten hadde å seie om seg sjølv, men berre når det gjaldt spørsmåla om lokal tilhøyrslø. Til ein viss grad måtte eg tolke nokre av svara deira, og gjere dei om til ja/nei-svar, slik at eg kunne plassere svara i poengsystemet mitt. Grunna måten eg formulerte spørsmåla på, skulle det likevel lite tolking til for å gjere desse svara om til målbare størrelsar. Eg har ikkje vore interessert i kva informantane svara på oppleving- og meiningsrelaterte spørsmål. Føremålet med desse spørsmåla var heller at dei skulle snakke så fritt og mykje som mogleg. *Kva* dei faktisk svara, har ikkje vore relevant for undersøkinga. Dei einaste svara eg var interessert i, var dei som gjaldt lokal tilhøyrslø.

Selås (2005, s. 181) skriv at for å *forstå* ei språkending, må ein søke etter individuelle motiv for at informantane handlar slik som dei gjer. Ho meiner likevel ikkje at alle undersøkingar bør inkludere informantar sitt motiv for handling: «Det finst mange problemstillingar som ikkje

inkluderer intensjons- og motivforklaringar, utan at dei dermed er uinteressante» (2005, s. 186). I dette prosjektet har eg som mål å *beskrive* og *forklare*, og difor har eg ikkje prioritert intensjonar og motiv i mi metodiske tilnærming.

4.3 Utval av språklege variablar

Edit Bugge (2020, s. 218) skriv at når ein skal velje kva for språklege variablar ein ønsker å undersøke, er det viktig å velje ut frå kva ein har tid og plass til å gjennomføre. Om ein vel for mange språklege variablar, er det ikkje sikkert at ein som masterstudent klarar å gjennomføre ein grundig og solid analyse av kvar variabel. Ho skriv vidare at val av språklege variablar er avhengig av fleire forhold. Det første gjeld kor frekvent språktrekket er i tale. Det andre gjeld variabelen sin kompleksitet, som vil seie kor mange variantar som finst av den spesifikke variabelen. Ut frå føremålet til prosjektet, har mitt utval av språklege variablar også vore avhengig av eit tredje forhold: at dei språklege variablane gjeld to ulike språknivå.

Då eg valde ut språklege variablar for undersøkinga mi, tok eg først utgangspunkt i å finne to variablar som gjaldt to ulike språknivå. Deretter tok eg omsyn til dei forholda som Bugge (2020, s. 218) har omtalt. Eg har som sagt valt to frekvente språktrekk. Dette var viktig for meg, då eit slik utval ville auke sannsynet for at eg fekk nok materiale ut frå uformelle samtalar på rundt 15-20 minutt. Begge variablane er i utgangspunktet binære, som vil seie at dei har to variantar. Dette var også noko som ville gjere analysearbeidet meir overkommeleg, og som eg tenkte var eit passende omfang for ei masteroppgåve. Det kom likevel til å vise seg at eg måtte operere med fleire enn to variantar av r-uttalen, då det fanst ulike r-strategiar blant dei eldste informantane (sjå 4.7.2). I tillegg til å sjå om variablane korrelererte med dei sosiale variablane *alder*, *kjønn* og *lokal tilhørsle*, ville eg undersøke om endringane utviklar seg etter eit bestemt, indrespråkleg system. For å vise korleis eit slikt indrespråkleg system kan sjå ut, valde eg ein variabel som moglegvis følger eit system på ordnivå, og ein på setningsnivå. r-en endrar seg moglegvis ut frå kor i ordet den er uttalt, og funksjonsordet *det* etter kva syntaktisk funksjon ordet har. Slik får ein ulike perspektiv på kva eit indrespråkleg system kan innebere, noko som kan styrke teorien om at indrespråklege faktorar også må bli undersøkt, parallelt med dei ytre, sosiale faktorane.

Ofte er det slik at kvar allofon av eit fonem er bunden til bestemte omgivnader. Dei har då *komplementær distribusjon*. Der den eine allofona finst, finn ein ikkje den eller dei andre

(Sivertsen, 1967, s. 89). Om allofonane vekslar fritt i språkbrukaren sin tale, har vi med fakultative allofon å gjere. Her seier vi at allofonane har *fri variasjon* (Sivertsen, 1967, s. 89). Ein kan vanlegvis ikkje omtale tilhøvet mellom rulle-r og skarre-r i norsk talemål som komplementært fordelte allofonar (Knutzen, 1994, s. 51). Det vanlegaste er å anten bruke den eine eller den andre hovudtypen r-uttale. Når det gjeld tilhøvet mellom /da:/ og /de:/, har eg ein hypotese om at det ikkje er tilfeldig kor ein bruker den eine eller den andre varianten (jf. 2.3). Om resultatane tilseier dette, kan ein seie at tilhøvet mellom /da:/ og /de:/ er komplementært. Det hadde vore interessant å sjå korleis ein fri variasjon samanlikna med ein komplementær fordeling påverkar utviklinga i ein språkendringsprosess, og difor har dette også vore ein tanke når eg valde ut språklege variablar.

4.4 Utval av sosiale variablar

4.4.1 Alder

Eldre og yngre individ kan bruke ulike variantar av ein variabel (Kerswill, 1994, s. 3), og difor er *alder* ein sosial variabel som er mykje brukt i sosiolingvistiske studiar. Når ein ser på korrelasjonen mellom alder og språkbruk, kan ein sjå korleis språket endrar seg.

Hypotesen bak bruken av alder-variabelen er som oftast at dei eldste informantane representerer eit eldre språksteg enn dei yngre informantane, og at dei unge normalt ikkje endrar språket sitt vesentleg gjennom livet, etter at det har festa seg i løpet av tenåra (Skjekkeland, 2009, s. 24-25).

Ein kan altså sjå på kvar aldersgruppe i språksamfunnet som representant for eit gitt historisk stadium. Vi kallar dette *tilsynelatande tid* (eng. «apparent time»). Om ein derimot ser på *ekte tid*, samanliknar ein undersøkinga av ein lingvistisk variabel med ei tidlegare undersøking av same variabel. Ser ein på tilsynelatande tid, samanliknar ein ikkje med tidlegare data (Lund, 2019, s. 36-38). Å bruke tilsynelatande tid er ein vanleg metode i sosiolingvistikken, då det i nokre tilfelle kan spegle verkeleg tid (Chambers, 2013b, s. 310). Knutzen (1994) sitt resultat på undersøkinga av overgangen til skarre-r i Øvre Vats (jf. 2.2.2) er eit døme på variasjon mellom aldersgrupper som viser endring.

Då problemstillinga mi inneber å finne endringstempoet for to språkendingar, vil det difor vere nødvendig å sjå på den sosiale variabelen *alder*. Om ein finn korrelasjon mellom ein lingvistisk

variabel og aldersgrupper, er det likevel ikkje sikkert at ein har med ei språkending å gjere. Det er mogleg ein har å gjere med ein innovasjon som er knytt til bestemte alderssteg, såkalla *livsfaseending* (eng. «age-grading»), «a regular change of linguistic behaviour with age that repeats in each generation» (Labov, 1994, s. 46). I mitt tilfelle har eg likevel valt å bruke alder for å seie noko om utviklinga av språkendinga, då det er kjent at skarre-r-en er eit trekk som nye generasjonar tek med seg oppover i aldersgruppene (Akselberg, 2017, s. 134). Ut frå min eigen kjennskap til dialekten og språksamfunnet, har eg også tenkt det same for ordet *det*. Aldersvariabelen i undersøkinga mi er altså først og fremst ein metode for å framstille ending over tid.

4.4.2 *Kjønn*

Kjønn er ein av dei sosiale variablane som blir undersøkte i studien til Milroy (1987), og har generelt vore ein vanleg variabel å sjå på i sosiolingvistiske studiar.

Men seem to be generally more conservative, in that the several very archaic urban vernacular features usually traceable to a specific rural hinterland are consistently observable in male speech only (Milroy, 1987, s. 113).

Milroy legg likevel ikkje skjul på at det kan vere problematisk å generalisere på denne måten. Kjelda til ending er kompleks, og fleire faktorar spelar inn (1987, s. 112). Fleire studiar i Noreg etter 2000-talet har vist at det ikkje er nokon skilnad på språkbruken mellom kjønna. I til dømes Skjekkeland (2009) si undersøking av talemålet til ungdommen i Kvinesdal, fann han minimal skilnad mellom kjønna. Gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer låg på 50,2 % hjå gutane, og 47,6 % hjå jentene (2009, s. 156). Andre som heller ikkje har funne skilnad mellom kjønna, er Selås (2003) og Røyneland (2005). Mæhlum (2017, s. 121) poengterer i kapittelet «Språk og identitet», at vi ser at hovudforskjellane gjerne ikkje går *mellom* kjønna, men heller *innanfor* kjønnsgruppene. Her legg ho også til at den sosiale og symbolske meininga til ein variant av eit språktrekk, er tilfeldig og open for forhandling: «En variant som fungerer som symbolsk uttrykk for maskulin identitet for én gruppe menn, trenger ikke gjøre det for en annen gruppe» (2017, s. 122). I boka *Language and Gender* diskuterer dei kva for resultat som er gyldige for å kunne konkludere med at eit språkleg mønster er eit *kvinneleg* mønster (Eckert & McConnell-Ginet, 2003, 85). Dei skriv dei ikkje avviser at det finst forskjellar mellom kjønna, men heller at ein må sjå resultata ut frå kvaliteten på undersøkinga, og korleis ein har nærma seg studieobjektet. Ein må stille spørsmålet: Er det *kjønn* som er den avgjerande faktoren her,

eller kan det vere noko anna? Kjønns omfamnar eit liv av ulike erfaringar. Å skilje kjønns frå dei andre aspekta av det sosiale livet let seg ikkje gjere med dårlege metodar, og ofte heller ikkje med gode og nøyaktige metodiske tilnærmingar (Eckert & McConnell-Ginet, 2003, s. 90). Det kan difor sjå ut til at ein ikkje kan behandle variabelen *kjønns* som ein uproblematisk størrelse.

Ragnhild Haugen (1998, s. 102) fann i si undersøking ut at *kjønns* var ein viktig faktor for variasjonen i sogndalsdialekten, og meinte at undersøkinga hennar var med på å styrke teorien om kjønns som sosial variabel. «Kjønns som variabel for dei to regionane samla viste at mennene har høgare tradisjonsprosent enn kvinnene». Forklaringa meinte ho botna i psykososiale faktorar, og viste til teori om korleis det oppstår psykologiske kjønnskilnader gjennom sosial innlæring. Ein del av metoden til Haugen innebar uformelle samtalar mellom informantar som kjende kvarandre godt, noko ho meinte burde opne for at dei tradisjonelle formene skulle dominere. Teori om sosiale nettverk var bakgrunnen for denne påstanden. I methodedelen viser Haugen (1998, s. 45) til Milroy, og skriv at ved å velje samtalepartnarar som høyrer til same sosiale nettverk, «sikrar ein betre både at informanten held seg innanfor dei språklege normene, og at forholdet mellom partane lettare vert personleg og uformelt». Det viste seg likevel at dei tradisjonelle formene ikkje dominerte hjå kvinnene, trass at deltakarane i samtalen kjende kvarandre. Haugen meinte dette stadfesta at det verkeleg *er* språkleg skilnad mellom kjønna (1998, s. 103).

Ein studie som har gjort meg nysgjerrig på *kjønns* som sosial variabel i språksamfunnet for denne undersøkinga, er Monka mfl. (2020) sin studie. Resultata deira viste ein tydeleg samanheng mellom sterk lokal tilhøyrslse og dialektbruk hjå gutane, og ein mindre tydeleg samanheng hjå jentene. Eg peikar på denne studien, då den kan tale for at kjønns særleg har noko å seie i samanheng med lokal tilhøyrslse og dialektbruk. Monka mfl. (2020) undersøkte talemålet hjå unge menneske, og difor er eg open for at kjønns bør sjåast i samanheng med alder. Denne samanhengen kjem også fram i det Sandøy (1996) skriv om eldre kvinner og tradisjonelle dialektformer, som vi no kjem inn på.

At kvinnene bruker tradisjonsformer i større grad enn kva menn gjer, er eit fenomen Sandøy (1996, s. 107) skriv om. Fenomenet gjeld gjerne dei eldre kvinnene i tidlegare bondesamfunn. Her var det tidlegare typisk at kvinnene og mennene snakka likt. Om ein kunne finne forskjell, var det gjerne kvinnene som brukte mest tradisjonsformer i dialekten (Sandøy, 1996, s. 107). Sandøy meiner at ulike samfunnsmønster viser ulike rollemønster, då ein gjerne finn ein motsett

samanheng mellom språk og kjønn i typiske bysamfunn, enn kva ein gjer i bygdesamfunn. Det blir difor interessant å sjå kva for resultat undersøkinga på Kløvheim gir. Ut frå det Sandøy skriv, er det mogleg å tenke seg at kvinnene, iallfall i den eldste aldersgruppa, bruker meir tradisjonelle dialektformer enn kva mennene gjer. Når det gjeld Monka mfl. (2020) sine resultat, kan ein tenke seg at kjønnskilnadene er motsett i aldersgruppa 15-20 år.

4.4.3 Lokal tilhøyrsl

Lokal tilhøyrsl er den tredje sosiale variabelen eg ser på i denne undersøkinga. For å lage poengsystemet henta eg inspirasjon frå Milroy (1987) sin nettverksmodell, samt Monka mfl. (2020) sin «Index of local attachment» (ILA). I tillegg har eg sett på Nesse (1994) si hovudoppgåve, og hennar utvikling og bruk av ein nettverksscore. Nesse sin hypotese var at «de med høyst nettverkskåre har et språk som er tilnærmet lik gruppenormen, mens de med lavere nettverkskåre vil ha et språk som i større grad avviker fra gruppenormen» (1994, s. 96-97). Ein slik hypotese har eg også hatt i forkant av mitt prosjekt (H4). Eg har tenkt at dei som har ei sterk lokal tilhøyrsl, talar meir «strilsk» enn dei som ikkje har like sterk tilhøyrsl. Undersøkinga til Milroy (1987), Monka mfl. (2020) og Nesse (1994) er omtalt i teorikapitlet, og eg kjem difor ikkje til å utdjupe det noko meir her. Eg vil heller greie ut om korleis eg gjekk fram for å utvikle ein indeks for lokal tilhøyrsl.

Då Nesse skulle bygge opp ein nettverksscore i oppgåva si, prøvde ho å finne fram til dei viktigaste tilknytingspunkta til nærmiljøet i det samfunnet ho henta materialet sitt frå (1994, s. 96). Då eg skulle lage ein indeks til dette prosjektet, byrja eg, slik som Nesse, å bruke innsikta mi i lokalsamfunnet for å lage ulike indikatorar. Det blei nokre utkast før eg til slutt enda opp med ei skisse på elleve punkt. Nesse (1994, s. 52) skriv at ein i intervju med informantane kan ta utgangspunkt i ei skisse, og heller tilpasse indikatorane i etterkant av intervju. Då eg gjennomførte intervju med informantane, var det desse indikatorane eg tok utgangspunkt i:

Nettverk-inspirert

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen.
2. Har budd i bygda heile livet (utanom eventuell studietid).
3. Deltek/deltok på noko form for organisert fritidssysse i bygda.
4. Går på skule/arbeidar/arbeida i nærleiken av bygda.
5. Har/hadde dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd.
6. Handlar på Nærbutikken ein gong i veka.

7. Deltok/deltok på dugnadsarbeid for bygda.
8. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino.

ILA-inspirert

Fortid:

9. Foreldra er/var frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd store delar av livet i bygda.

Notid:

10. Dei nærmaste vennene er frå bygda.

Framtid:

11. Ønsker å bli verande i bygda.

Etter samtalanene reflekterte eg rundt kva for indikatorar som best måler tettleik og mangsidigheit av nettverket, og grad av lokal tilknytning. Eg kom fram til at bruk av Nærbutikken som indikator ikkje hadde noko for seg. For det første blei det vanskeleg for informantane å gi eit eksakt tal på kor ofte dei handla der. For det andre merka eg at indikatoren blei meir ein haldningsindikator, då mange svara noko slik som: «Eg handlar mest i Knarvik, men eg synst det er flott at vi har ein butikk i bygda». I og med at denne scoren i hovudsak skulle måle informantane sin faktiske kontakt, blei det ikkje føremålstenleg å ha Nærbutikken som ein indikator. Eg valde også å ikkje bruke punkt 11 som indikator. Denne gjaldt berre aldersgruppa 15-20 år. Informantane hadde vanskar for å ta stilling til framtida si, og det blei utfordrande å tolke svara deira. Den einaste som svara eit klart og tydeleg «ja» på denne påstanden, var informant 7 (gut, 15 år). Likevel valde eg å ikkje rekne med denne indikatoren, då informant 7 uansett fekk full score på lokal tilhøyrsløse, uavhengig av svaret på framtidspåstanden.

Eg konkluderte også med at punkt 3 («Deltok på noko form for organisert fritidssyssele i bygda») burde ha ein høgare poengsum enn dei andre, då denne kan seiast å bety meir for graden av lokal tilhøyrsløse. Punkt 3 bidreg i særleg grad til at folk i bygda møter kvarandre med jamne mellomrom, og ein kan difor seie at denne indikatoren krev eitt poeng meir. Eit «ja» på denne indikatoren gir ein garanti for at informanten opptil to kvardagar i veka, og fleire helger i året, møter og samhandlar med andre i bygda. Den endelege indeksen eg brukte for å måle resultatane i undersøkinga, ser slik ut:

Aldersgruppe 15-20

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen. **1 poeng**
2. Har budd i bygda heile livet. **1 poeng**
3. Deltek på noko form for organisert fritidssysse i bygda (hovudsakeleg korps). **2 poeng**
4. Går på skule/arbeidar i nærleiken av bygda (ikkje Bergen). **1 poeng**
5. Har dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd. **1 poeng**
6. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino. **1 poeng**
7. Foreldra er frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd store delar av livet i bygda. **1 poeng**
8. Har gått på barneskule i bygda, og ungdomsskule på Ostereidet (som er nærmaste alternativ). **1 poeng**
9. Dei nærmaste vennene er frå bygda (eller nær nabobygd). **1 poeng**

Aldersgruppe 45-50 og 75-80

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen. **1 poeng**
2. Har budd i bygda heile livet (utanom eventuell studietid). **1 poeng**
3. Deltek/deltok på noko form for organisert fritidssysse i bygda. **2 poeng**
4. Arbeidar/arbeida i nærleiken av bygda (ikkje Bergen). **1 poeng**
5. Har/hadde dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd. **1 poeng**
6. Deltek/deltok på dugnadsarbeid for bygda. **1 poeng**
7. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino. **1 poeng**
8. Foreldra er/var frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd/budde store delar av livet i bygda. **1 poeng**
9. Dei nærmaste vennene er frå bygda (eller nær nabobygd). **1 poeng**

4.5 Utval av informantar

Ein kan seie at eg har gjort eit *strategisk* informantutval, då eg har stilt visse krav til kven som kan vere informant. Å gjere eit strategisk utval krev ein del innsikt i dei lokale forholda for staden som skal undersøkast (Akselberg & Mæhlum, 2017, s. 80). Eg har difor vore i kontakt med ein eldre innbyggjar med god kjennskap til området. Eg gjorde ei avgrensing då eg valde informantar. I tillegg til å avgrense slik at eg kunne finne svar på problemstillingane mine, måtte eg også legge til rette for at datainnsamlinga blei overkommeleg å gjennomføre. Her tok eg

omsyn til den tida eg hadde, i tillegg til størrelsen på oppgåva. I den vidare delen vil eg no greie ut om utvalsprosessen for prosjektet.

4.5.1 Kriterium for utvalet

Det første kriteriet var at informanten hadde ein alder som samsvarte med ei av dei aldersgruppene eg skulle undersøke: 15-20 år, 45-50 år og 75-80 år. Aldersgruppene valde eg ut frå min eigen hypotese om bruk av /da:/ og /de:/, og rulle- og skarre-r. Slik eg har høyrte, er det større bruk av /de:/ enn /da:/ i gruppa 15-20 år, ei jamnare fordeling hjå dei i gruppa 45-50 år, og større bruk av /da:/ enn /de:/ i gruppa 75-80 år. I forkant av prosjektet visste eg at bruken av rulle-r var størst blant dei eldste i språksamfunnet. Difor valde eg å setje den eldste aldersgruppa til 75-80 år, slik at eg var sikker på at informantane hadde noko bruk av rulle-r.

Eit andre kriterium for å vere informant, var at personen måtte bu fast i bygda. Då det er ei undersøking av eit spesifikt språksamfunn, er det nødvendig at dei som er med i undersøkinga er gyldige representantar for dette språksamfunnet. Det at informanten hadde budd andre stader tidlegare i livet, til dømes i studietida eller liknande, var likevel greitt. Det er gjerne ikkje vanleg å bu heile levetida si på same stad. Det er normalt å bevege seg mellom ulike språksamfunn i løpet av livet, noko som også er mykje av grunnen til at språkendingar faktisk skjer (jf. 3.4.4). Det siste kriteriet mitt handla i utgangspunktet om at informanten måtte ha vekse opp i anten sjølve bygda, eller i ei nær nabobygd. Informant 3 (kvinne, 48 år) oppfylte ikkje dette kravet, då ho flytta til bygda i barneskulealder. Eg valde likevel å behalde ho som informant, då ho flytta til bygda og byrja å bruke strilemål *før* tenåringsalder, noko som talar for at ho kan bli rekna som ein lokal språkbrukar. Ifølge Trudgill (1986, s. 34) kan ein vere ganske sikker på at talemålet er relativt stabilisert etter 14-årsalderen. Informanten informerte om at ho byrja å snakke strilemål då ho flytta til bygda, noko eg også kunne høyre, i tillegg til at begge foreldra hennar også snakkar strilemål. Difor valde eg å halde på ho som informant.

4.5.2 Korleis informantane blei valt ut

Informantane blei valt ut med det Nesse (1994) kallar «nøstemetoden», som vil seie at eg byrja med å ta kontakt med ein person i bygda som kunne vise til moglege informantar. Eg gav informasjon om dei ulike kriteria eg hadde for å kunne vere informant i undersøkinga (jf. 4.5.1), og fekk då vite om innbyggjarar som kunne passe desse kriteria. Eg fekk ei liste med namn som eg plukka tilfeldig frå. Ved å ta i bruk nøstemetoden gir ein slepp på ideen om tilfeldig utval

(Nesse, 1994, s. 66). I sosiolingvistiske undersøkingar blir tilfeldig utval gjerne sett på som den beste måten å finne eit representativt utval for språksamfunnet. Eg held meg likevel til det Nesse (1994, s. 66) skriv om sitt val av utvalsmetode: «Men når målet er å lære mer om språkbruk, så spør det om en lærer mer gjennom «tilfeldig» utvalg enn gjennom nøstemetoden».

Eg kontakta informantane via tekstmelding på mobil, med unntak av to informantar som eg ringte til. Her gav eg informasjon om både meg og masterprosjektet mitt, med tilsvarende innhald som i informasjonsskrivet som vart gitt saman med samtykkeerklæringa (sjå vedlegg 3). Eg sa at prosjektet handla om endring i dialekten i bygda, men ikkje kva for spesifikke endringar eg skulle ta for meg. På den måten kunne eg unngå at informantane fokuserte ekstra på bruken av dei to variablane eg skulle undersøke.

4.6 Innsamling av data

For å få tak i materiale for å svare på problemstillingane, valde eg å ha individuelle, uformelle intervju, med ei tidsramme på 15-20 minutt. Då dei språklege variablane for undersøkinga er frekvente, i tillegg til at eg ønska å få fram den uformelle daglegtalet, konkluderte eg med at dette var ein føremålstenleg innsamlingsmetode. Hadde variablane vore ikkje-frekvente, hadde mogleg strukturerte intervju vore det beste. Informantane signerte eit samtykkeskjema i forkant av samtalen (sjå vedlegg 3). Før innsamlinga gjennomførte eg eit pilotintervju, for å teste kor lang tid det tok å gå gjennom intervjuguiden, samt sjekke om eg fekk belegg på dei språklege variablane. I tillegg ønskte eg å øve på intervjuarrollen. Samtalen tok 18 minutt, noko som var innanfor tidsramma. Det blei teke opptak av intervjuet med informantane, og desse lytta eg til og transkriberte i ettertid. Som nemnd hadde eg tre målsetjingar for intervjuet:

- 1) Få fram den uformelle daglegtalet (eng. ‘vernacular’)
- 2) Få svar på spørsmål om lokal tilhøyrse
- 3) Få belegg på dei språklege variablane *det* og *r*-uttale

Ein kan stille seg kritisk til at eg valde individuelle intervju, i staden for parintervju, som også er ein vanleg praksis i sosiolingvistiske undersøkingar. For det første var det enklare å gjennomføre individuelle intervju, med tanke på logistikk. For det andre effektiviserte det transkriberingsarbeidet, då eg ikkje måtte konsentrere meg om kven som snakka i opptaket. Ein tredje grunn til at ein kan forsvare val av individuelle intervju, er at eg som intervjuar blir sett på som ein lokal samtalepartner. Fordelen med parintervju, der informantane er frå same

nettverk, er gjerne at det verkar meir uformelt, og at informantane held seg innanfor dei språklege normene. Men når eg sjølv blir sett på som ein del av språksamfunnet, ein lokal som har reist vekk for å studere, spør det om eit parintervju ville endra noko på samtalesituasjonen. Ei vidare drøfting av mi rolle som intervjuar kjem i del 4.6.1.

4.6.1 Samtalsituasjonen

For å få fram den uformelle daglegtaleten, tok eg val som låg til rette for at informantane ikkje fokuserte på korleis dei prata. For det første valde eg å ha samtalen heime hjå informantane. Det at informantane er i trygge og kjende omgjevnader, kan vere ein faktor som bidreg til ein naturleg talemåte. Eg valde for det andre å kalle innsamlingssituasjonen for ein «samtale», og ikkje eit «intervju». Ei slik formulering kan bidra til at situasjonen blir mindre formell, som kan føre til ein meir daglegdags og naturleg talemåte. I tillegg kan ordet «intervju» gjere informantane nervøse, noko som kan føre til kortare taletid, då dei blir redde for å gi «feil» svar. Til slutt kan eg nemne at spørsmåla i store delar av samtalen ikkje var språkleg relaterte, men gjerne om livet deira, slik at dei skulle fokusere på å hugse og fortelje, og ikkje på talemåten sin. Eg vart også sjølv deltakar i samtalen, då eg kom med respons og oppfølgingsspørsmål, slik at informantane skulle føle at samtalen flaut godt. I tillegg takka eg ikkje nei til kaffi eller te, då dette også kunne bidra til ein avslappa og uformell samtale.

Då eg er fødd og oppvaksen i språkområdet som har blitt undersøkt, har det vore nødvendig å reflektere rundt mi rolle som intervjuar. I samtalsituasjonen blei eg ein lokal intervjuar, noko som kan ha både fordelar og ulemper. Ei ulempe kan vere at informantane overdriv dialektbruken, då forskaren er ein kjenning som snakkar same dialekt. Samstundes ville det truleg vore meir problematisk om eg ikkje var lokal, og eg ikkje snakka same dialekt. Då er det fare for at informantane tilpassar talemålet sitt til den dei pratar med. Ifølge Milroy (1987, s. 25) vil nærværet av eit medlem frå informanten sitt sosiale nettverk gjere at informanten snakkar slik han eller ho normalt gjer, innanfor det spesifikke sosiale nettverket. Då alle informantane visste at eg er frå bygda, håpte eg på same språklege reaksjon som Milroy snakkar om. Eg tilpassa ikkje talemålet mitt ut frå korleis informanten prata. Eg prata innanfor dei språklege normene som gjeld lokale innbyggjarar i mi aldersgruppe. Det vil seie at eg skarra, og at eg brukte både /da:/ og /de:/ som variant av *det*. Då eg i forkant av undersøkinga var heilt sikker på at dei fleste informantane brukte både /da:/ og /de:/, noko eg også høyrde i løpet av samtalan, var det viktig at eg sjølv varierte mellom desse to. Ein del av problemstillinga var å kartlegge eit språkleg mønster, og difor ville eg heller skape aksept for denne variasjonen,

framfor å påverke informantane til å bruke /da:/ meir enn dei kanskje elles ville gjort. Det at eg sjølv er lokal, kan også bidra til å redusere «the observers paradox» (Lund, 2019, s. 65-67). «The observers paradox» handlar om at ein som forskar ønsker å undersøke det talemålet som blir brukt når ein ikkje observerer talemålsbrukaren. Likevel er det å observere den einaste måten å finne ut av dette på. Difor tek språkforskarar gjerne val som skal redusere dette paradokset, som til dømes å bruke ein lokal intervjuar, slik at informanten ikkje føler seg observert av nokon utanfrå språkområdet sitt.

Ei ulempe med å vere lokal intervjuar, kan vere at informantane ikkje svarar ærleg på spørsmåla om lokal tilhøyrslø. I forkant av samtalane var eg redd for at informantane var for stolte til å innrømme at dei til dømes ikkje deltok på sosiale arrangement i bygda. Det såg likevel ut som, i etterkant av samtalane, at dette ikkje blei eit problem. Eg opplevde at informantane var ærlege, og fleire valde å svare nei på spørsmål som omhandla deira lokale tilhøyrslø. Dei svara då heller til dømes: «Nei, eg deltek sjeldan på dugnadsarbeid. Det er så mykje som skjer på jobb og med barna».

Etter samtalane skreiv eglogg om korleis eg opplevde samtalsituasjonen (sjå vedlegg 2). Denne gav meg moglegheit til å forstå moment ved talemålet til informantar som i utgangspunktet var vanskelege å forklare. Eg hadde ikkje behov for å bruke denne loggen i noko særleg grad, med unntak av éin informant (sjå 5.2.3). Eg oppfatta denne informanten som litt spent og nervøs, noko ein bør ta omsyn til når ein skal tolke datamaterialet.

4.6.2 Typar spørsmål og trykk

Eg laga to samtaleguidar, der den eine blei brukt for dei to eldste aldersgruppene, og den andre for den yngste (sjå vedlegg 1). Ikkje alle spørsmål er like relevante for alle aldersgrupper, og difor blei det to guidar. Utanom spørsmåla som skulle måle variabelen lokal tilhøyrslø, spurte eg alle informantane om kvardagslivet deira, og kva dei tenkte om å bu i bygda. Det var viktig for meg at informantane prata så mykje og fritt som mogleg. Difor valde eg spørsmål om livet i bygda, og livet deira generelt, då dette var spørsmål alle informantane var i stand til å seie noko om. I tillegg førebudde eg nokre spørsmål eg håpte ville få informantane til å uttale ordet *det* med trykk. Eg ønskte å finne ut om trykk er ein faktor som har noko å seie for valet av /de:/ eller /da:/. Desse spørsmåla gjaldt stort sett lokale irritasjonsmoment, då omsyn til personvern gjorde at eg ikkje ville bevege meg inn på sensitiv informasjon. Ein del av spørsmåla var dei same for alle aldersgruppene, men eg stilte nokre andre spørsmål til den yngste gruppa, enn kva

eg gjorde til dei to eldste. Grunnen til det er at det kan vere andre tema som engasjerer eller provoserer dei unge, enn kva som gjeld dei vaksne og eldre. Døme på spørsmål som var like i alle aldersgruppene er:

- Kva tenker du om at barneskulen her skal leggest ned?
- Kan du fortelje litt om kva du syns om busstilbodet her?

Desse spørsmåla gjeld lokale tema som kan engasjere, uavhengig av alder. Døme på spørsmål eg berre stilte til dei unge er:

- Er du einig i at fritidstilbodet her er noko dårleg?
- Kva tenker du om at nokon meiner karakterar bør innførast på barneskulenivå?

Til dei vaksne og eldre stilte eg heller spørsmål som var meir relevante for deira livssituasjon:

- Kva tenker du om at bensinprisane går opp?
- Kva tenker du om at det er så mange bomstasjonar på veg mot Bergen, slik det er no?

4.6.3 Bilettest hjå dei eldre

Då eg ønskte å finne ut om uttalemåten av r var avhengig av kor i ordet den blei uttalt, var det viktig for meg å garantere at informantane uttalte ord med r i framlyd, innlyd og utlyd. Difor førebudde eg ein bilettest, der informantane fekk sjå på til saman seks bilete. Informanten fekk sjå på bileta i 10 sekund, før eg snudde dei og spurde om informanten kunne fortelje kva han eller ho såg. På arka var det bilete av to ting med r i framlyd, to med r i innlyd, og to med r i utlyd. Eg viste tre bilete om gongen, slik at det ikkje skulle bli for vanskeleg å hugse kva det var bilete av. Det skulle likevel vise seg at eg fekk tilstrekkeleg med belegg for r-uttale ut frå samtalen, og at ein slik bilettest eigentleg ikkje var nødvendig. Eg har difor ikkje transkribert og talt med desse orda.

4.7 Analysering av materialet

4.7.1 Utrekning av score for lokal tilhøyrslø

Med omsyn til informantane sin anonymitet ønsker eg ikkje å legge fram det informantane har svara på spørsmåla angående lokal tilhøyrslø. Språksamfunnet eg har undersøkt er såpass lite

at det vil vere mogleg for andre i same område å forstå kven informanten er. Difor har eg laga nokre eksempelsvar som viser korleis eg har rekna ut scoren til informantane. Denne fiktive informanten ville til saman fått ein score på 5/10. Alle dei ekte informantane sin score kjem fram i vedlegg 5.

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen. **1 av 1 poeng**
Svar: «Eg har mange kusiner og fettrar rundt omkring i bygda»
2. Har budd i bygda heile livet (utanom eventuell studietid). **1 av 1 poeng**
Svar: «Eg gjekk lærarutdanning i Bergen, og budde der den tida. Elles har eg vore her i bygda»
3. Deltek på noko form for organisert fritidssyssele i bygda. **0 av 2 poeng**
Svar: «Eg er ikkje interessert i noko spesielt som bygda har å tilby av fritidsaktivitetar»
4. Arbeidar/arbeida i nærleiken av bygda (ikkje Bergen). **0 av 1 poeng**
Svar: «Eg pendlar til Bergen kvar dag når eg skal på jobb»
5. Har/hadde dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd. **1 av 1 poeng**
Svar: «Eg veit ikkje om eg har kontakt med folk i bygda kvar dag, men det blir fleire gonger i veka, tenker eg»
6. Deltek/deltok på dugnadsarbeid for bygda. **0 av 1 poeng**
Svar: «Nei, eg er dessverre ikkje med på så mykje dugnadsarbeid»
7. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino. **1 av 1 poeng**
Svar: «Eg er ofte på konsertar og basarar»
8. Foreldra er/var frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd store delar av livet i bygda. **1 av 1 poeng**
Svar: «Foreldra mine er eigentleg frå Hauge, ei bygd i nærleiken»
9. Dei nærmaste vennene er frå bygda (eller nær nabobygd). **0 av 1 poeng**
Svar: «Dei nærmaste vennene mine er hovudsakeleg frå Åsane og Bergen»

4.7.2 Transkribering

For denne undersøkinga har det ikkje vore nødvendig å skrive ned alle utsegna til informantane. I tillegg har det også berre vore relevant å bruke lydskrift om dei orda med r i, variant av ordet *det*, samt orda før og etter /da:/ eller /de:/. Eg har også markert anna informasjon som trykk og taletempo, i tilfelle det skulle vise seg å ha noko å seie for uttalemåten. Alle lydfilane frå opptaka blei tilknytt tekst ved hjelp av programmet Praat.

Etter lytting og transkribering, viste det seg at det fanst stor variasjon i r-uttalen. Alle informantane i den eldste gruppa hadde preg av ei mellomform av rulle- og skarre-r, og denne var vanskeleg å definere. For å gjere arbeidet overkommeleg, valde eg å definere alle framtunge-r-ar med [r]. Dei gongane eg høyrde ein tydeleg mellomvariant, som umogleg kan kallast vibrerande framtunge-r, markerte eg desse med [ɹ]. Dette teiknet stemmer ikkje heilt med korleis informantane pratar, men det er det nærmaste eg kjem for å kunne omtale uttalemåten. Det er også mogleg mellomforma bør definerast med det Torp (2007) kallar ein apikal approksimant, då det tidvis høyrer ut som lyden er plassert lenger framme i munnen enn kva ein alveolar er. For å gjere det ryddigare for meg sjølv har eg likevel valt å bruke [ɹ] for alle r-ane som ikkje er vibrerande eller skarrande. Det skulle også vise seg at den eine informanten i den eldste aldersgruppa hadde tilfelle av skarring, og eg måtte difor også ta i bruk [ʁ] i transkriberinga. Ein siste strategi dei eldre brukte for r-uttale, var r-bortfall. Med r-bortfall meiner eg at r-en ikkje blir uttalt der det ville vere naturleg at den blei det, med tanke på reglane for dialekten. Til saman opererte eg med fire r-uttalemåtar/strategiar: [r], [ʁ], [ɹ] og r-bortfall.

Grunnen til at eg har valt å telje r-bortfall, er at dei unge ikkje bruker denne strategien. Det vil seie at eg sjølvsagt ikkje har teke med verb som til dømes *kasta*, då dette er ein av presensklassane av verb i strilemålet (sjå 1.3). Eit døme på verb med r-bortfall hjå informant 1 (kvinne, 76 år) er subjunksjonen *for* og verbet *har*:

/Fɔ:(r)/ me hadde hatt sjøutsikt bestandig. Me /hɑ(r)/ hatt veldig kjekke naboa, og /da/ /bøtyr/ /i grun/ /mær/ enn utsikten.

Begge desse blir av dei i dei to yngre aldersgruppene uttalt med r-en, til dømes slik informant 2 (kvinne, 48 år) gjer her:

Nei, /da:/ har eg ikkje.

[...], åså når eg har bruk for /da:/, så bruka eg nærbutikken.

Andre døme på ord med r-bortfall hjå dei eldre er:

Ja, e /gɔ:(r) ju:/ på /basa:r/ /nɔ:(r) /da:r/ e /da:/.

/Bu(r)ʃət/ /ifra/ /da:/ så /haçə/ eg hatt nåke sånne faste ting.

Ja, me /hɑ:(r) ju:/ handla på /næ(r)butiçən/ [...]

Å no e eg jo /trɔs/ alt /tre: ɔ ɔti/ /ɔ:(r) sɔ/... /da:/ /vært/ jo /mæstəparn/.

[...], han /fɑ:(r) va/ /burte/ /frø/ [...]

Bjynte /hæ(r) burtø/ i åttåtjue, å han va jo som sagt /hæ(r) burtø/ i /ni:åtrædvø/ /ɔ:r/ [...]

4.7.3 Syntaks og fonologi for /da:/ og /de:/'

Då eg skulle kartlegge *det* sin syntaktiske funksjon i utsegna til informantane, byrja eg med å legge inn alle fullstendige setningar med *det* - som var mogleg å gjere ein analyse av - i eit eige dokument, for så å analysere setningane. Vidare lagde eg ein skjematisk oversikt over kor mange gonger /da:/ og /de:/ blei brukt som formelt subjekt, referensielt subjekt, referensielt objekt, predikativ, utfylling til preposisjon, og determinativ. I dei aller fleste tilfella kunne bruken av *det* plasserast under anten formelt subjekt, eller referensielt subjekt eller objekt. Elles blei *det* brukt som utfylling til preposisjon, determinativ, eller predikativ. Hovudinndelinga har likevel bestått av om *det* refererer tilbake til noko, eller ikkje (sjå 5.4.1). Det vil seie at spørsmålet i hovudsak har vore om *det* representerer det innhaldstomme formelle subjektet, eller ikkje. Lyttinga og analyseringa har difor vore heilt avhengig av konteksten til utsegna. Det samla resultatet for samanhengen mellom syntaktisk funksjon og variant av *det* gjeld alle informantane med variasjon. Eg gjorde det slik fordi eg ønska å kartlegge om det fanst eit kollektivt mønster.

I tillegg til syntaktisk funksjon, laga eg eit dokument med alle setningar der /de:/ blei brukt framfor presens av *å vere*, uttalt /e:/ (Døme: «De e ikkje ofte eg går der»). Vidare rekna eg ut kor stor del av all /de:-bruken til informantane desse setningane gjaldt. I tillegg tok eg ein ekstra lytterunde, for å høyre om informantane slo saman /de:/ og /e:/. Døme på samanslåing kan vere: «/De:/ fint vær ute». Dette gjorde eg for å finne ut om informantane i nokre tilfelle hadde full assimilasjon (jf. 3.4.3) av desse lydane.

4.8 Reliabilitet og validitet

Når ein skal vurdere datakvaliteten i ein studie der samfunnsforhold blir undersøkte, ser ein på kriteria *reliabilitet* og *validitet* (Grønmo, 2016, s. 240). Reliabilitet handlar om kor påliteleg datamaterialet er. Dette inneber fleire moment. Først og fremst krev høg reliabilitet at undersøkingsopplegget er formult så klart og tydeleg som mogleg, og at datainnsamlinga er grundig og systematisk gjennomført. Reliabiliteten er altså knytt til utveljing av informasjonstypar og gjennomføringa av datainnsamlinga (Grønmo, 2016, s. 241). Ein har to hovudtypar reliabilitet: *stabilitet* og *ekvivalens*. I eit stabilt undersøkingsopplegg vil

dataforskjellane mellom to ulike tidspunkt vere ei nøyaktig avspesling av forandringane i dei samfunnsforholda vi studerer (Grønmo, 2016, s. 243). Høg ekvivalens handlar om at datamaterialet ikkje er påverka av kven som bruker undersøkingsopplegget (Grønmo, 2016, s. 244).

Ein kan seie at undersøkingsopplegget for dette dialektprosjektet er stabilt, då det bygger på presise og tydeleg definerte variablar. Om talemålet til innbygarane i språksamfunnet endrar seg, vil variablane brukt i denne undersøkinga vere ei avspesling av den endringa. Det er iallfall målet. Eg vil derimot seie at undersøkinga ikkje har like høg reliabilitet i form av ekvivalens. Det har vore eit poeng i seg sjølve at den personen som gjennomfører intervju har same dialekt som informantane. Det hadde ikkje vore optimalt om nokon med bergensk talemål hadde teke seg av intervjudelen. For resten av undersøkingsopplegget har det derimot ikkje noko å seie kven som gjennomfører det. Som nemnd er variablane tydeleg definerte og avgrensa, og difor skal det vere mogleg for andre sosiolingvistar å ta i bruk undersøkingsopplegget. Det er i stor grad eg sjølv som har lytta til opptaka og transkribert utsegna til informantane. Dei gongane eg har vore usikker på uttalemåtar, har eg vore i kontakt med rettleiaren min. Vi har til dømes lytta til ulike måtar å uttale r-en på. I tillegg har eg også vore i kontakt med nokon på UiB med syntaktisk fagbakgrunn, for å få hjelp med setningsanalyse. Difor vil eg seie at datainnsamlinga er grundig gjennomført, noko som vil seie at resultatane er pålitelege.

Validitet handlar om kor gyldig datamaterialet er for problemstillinga (Grønmo, 2016, s. 241). Om undersøkingsopplegget og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillinga, har prosjektet høg validitet. Validiteten er difor relatert til utveljing av einingar og informasjonstypar (Grønmo, 2016, s. 242). I dette prosjektet er både dei språklege og dei sosiale variablane i aller høgste grad relaterte til kva problemstillinga spør om. Det kan derimot diskutast om innsamlingsmetoden har vore den mest føremålstenlege. Som eg nemnde i del 4.6 kunne parintervju vore ein mogleg innsamlingsmetode, då dette bidreg til ein uformell samtale, der informantane held seg innanfor dei gjeldande språklege normene. Eg har likevel konkludert med at det var tilstrekkeleg at informantane fekk meg som samtalepartner, då eg har same dialekt og har vakse opp i det gjeldande språksamfunnet. Ein kan også diskutere om intervju i det heile har vore riktig innsamlingsmetode, spesielt med tanke på analysen av variasjonen /da:/ og /de:/. Det kan hende at det å ha testsetningar (jf. 2.3.3), i tillegg til intervju, hadde vore føremålstenleg. Her oppstår likevel spørsmålet: Korleis skulle desse testsetningane vore? Då denne variasjonen ikkje har blitt undersøkt tidlegare, er det vanskeleg å føreseie kva

som faktisk er oppfatninga av «akseptabel» og «uakseptabel» bruk av /da:/ og /de:/, eller kva for bruk av /de:/ som høyres «meir bergensk ut» enn anna bruk, om det i det heile er slike oppfatningar blant språkbrukarane. Målet med dette prosjektet har vore å sjå *om* det finst eit system for bruken av /da:/ og /de:/. Om det viser seg at det finst eit system, som vi kjem til i kapittel 5, kan testsetningar kanskje bli brukt som metode i ei seinare undersøking av same variasjon. Alt i alt har eg forsøkt å skape eit prosjekt som kan fungere som eit påliteleg og gyldig bidrag til det sociolingvistiske fagfeltet.

4.9 Hypotesar

Basert på teori og metode nemnd til no, har eg kome fram til sju hypotesar. Desse er knytt til problemstillinga, og handlar difor både om indrespråklege beskrivingar og sosiale forklaringar for variasjonane /da:/ og /de:/ og rulle- og skarre-r. I resultatkapittelet kjem desse anten til å bli bekrefte eller avkrefta.

H1: Om *det* står framfor vokalen /e:/, blir /de:/ oftare brukt enn /da:/.

H2: Bruken av /da:/ og /de:/ er avhengig av om *det* er innhaldstomt eller ikkje.

H3: Bruken av /da:/ minkar med alderen.

H4: Høg grad av lokal tilhøyrslse gir høgare bruk av /da:/ enn /de:/.

H5: Lokal tilhøyrslse har sterkast påverknad på aldersgruppa 15-20 år.

H6: /da:/ og /de:/ kan kallast ein komplementær distribusjon.

H7: Lokal tilhøyrslse påverkar ikkje r-uttalen på same måte som for variant av *det*.

5. Presentasjon av resultat

5.1 Innleiing

I denne delen av oppgåva skal eg presentere funna frå analysearbeidet. Eg byrjar med å legge fram korrelasjonen mellom dei språklege variablane og dei sosiale variablane *alder*, *kjønn* og *lokal tilhøyrse*. Vidare legg eg fram korrelasjonen mellom dei språklege variablane og språklege omgivnader. For variabelen /da:/ og /de:/ omhandlar språklege omgivnader *det* sin syntaktiske funksjon i utsegna til informantane, og om lyden etter /de:/ er ein /e:/. I tillegg viser eg resultatata for *det* uttalt med trykk. For r-uttalen omhandlar språklege omgivnader om r-en er uttalt i framlyd, innlyd eller utlyd.

5.2 Sosiale føringar for /da:/ og /de:/

5.2.1 Alder

I søyla ytst til høgre i tabell 1 ser ein den fullstendige oppteljinga av kvar aldersgruppe sin bruk av variabelen *det* (/da:/ og /de:/ samla). I /de:-søyla ser ein oppteljinga av kvar aldersgruppe sin bruk av varianten /de:/, og i /da:-søyla oppteljinga av kvar aldersgruppe sin bruk av /da:/. Prosenten i /de:-søyla vil seie absolutt belegg av /de:/ delt på absolutt belegg av *det*, og det same for /da:/ i /da:-søyla.

Resultata stemmer med H3: Bruken av /da:/ minkar med alderen.

Aldersgruppe	/da:/		/de:/		Til saman	
	Absolutt belegg	Prosent	Absolutt belegg	Prosent	Absolutt belegg	Prosent
75-80 år	142	(77,17%)	42	(22,83%)	184	100%
45-50 år	119	(63,64%)	68	(36,36%)	187	100%
15-20 år	58	(37,42%)	97	(62,58%)	155	100%

Tabell 1: Aldersgruppe og bruk av /da:/ og /de:/

Ut frå resultatata i tabell 1 kan ein sjå at det er størst bruk av tradisjonsvarianten /da:/ i den eldste aldersgruppa. Skilnaden på /da:-bruk mellom aldersgruppene 75-80 år og 45-50 år er ikkje større enn 14%, men aukar til 26% mellom aldersgruppene 45-50 år og 15-20 år. I dei to eldste aldersgruppene er bruken av /da:/ høgare enn bruken av /de:/, medan i den yngste er det høgare bruk av /de:/. Likevel har dei unge 37% /da:/. Det er difor relevant å stille spørsmålet: Tilseier

utviklinga at vi har med ei språkending å gjere, eller viser den teikn på ein variasjon som vil fortsette å vere til stades i dialekten? Tidlegare i oppgåva blei det diskutert kva som faktisk kan kallast ei språkending, der Røyneland og Chambers (jf. 3.4) sine definisjonar blei lagt til grunn. I drøftingsdelen kjem vi tilbake til desse, der det blir diskutert om det er grunnlag for å kalle /de:/-bruken for ei språkending (sjå 6.2.1).

5.2.2 *Kjønn*

Søyla ytst til høgre viser jenter/kvinner og gutar/menn sin samla bruk av variabelen *det* (/da:/ og /de:/). Prosenten i /de:/-søyla viser kor mykje /de:/ dei to kjønnsgruppene bruker, delt på all *det*-bruk innanfor den gjeldande kjønnsgruppa. Prosenten i /da:/-søyla viser kor mykje /da:/ kjønnsgruppene bruker, delt på all *det*-bruk innanfor den gjeldande kjønnsgruppa.

Kjønn	/da:/		/de:/		Til saman	
	Absolutt belegg	Prosent	Absolutt belegg	Prosent	Absolutt belegg	Prosent
Jenter og kvinner	183	65,83%	95	34,17%	278	100%
Gutar og menn	136	54,84%	112	45,16%	248	100%

Tabell 2: Kjønn og bruk av /da:/ og /de:/

Ifølge tabellen bruker jentene/kvinnene meir av den tradisjonelle forma /da:/ enn kva gutane/mennene gjer. Ein kan ikkje nødvendigvis konkludere med at mennene er språklege innovatørar av /de:/, men det er godt mogleg at eit slikt funn ville kome fram i ei undersøking av større omfang. Sandøy (1996, s. 107) skriv om fenomenet når kvinner bruker tradisjonsformer i større grad enn kva menn gjer. Dette gjeld gjerne dei eldre kvinnene i tidlegare bondesamfunn (jf. 4.4.2). Likevel kan ein diskutere om det i eit bygdesamfunn som Kløvheim er typisk at kvinner bruker meir tradisjonelle former. Dette kjem eg tilbake til i del 6.4 av drøftinga. Det er også slik at ein kanskje forstår resultata for kjønn betre om ein koplar det saman med andre variablar, og det skal vi no sjå på.

5.2.3 Alder og kjønn

Tabell 3 viser tilsvarende oppteljing som i tabell 2, der alder er spesifisert.

Kjønn 15-20 år	/da:/		/de:/		Til saman	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Jenter	38	42,7%	51	57,3%	89	100%
Gutar	20	30,3%	46	69,7%	66	100%

Kjønn 45-50 år	/da:/		/de:/		Til saman	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Kvinner	55	67,07%	27	32,93%	82	100%
Menn	64	60,95%	41	39,05%	105	100%

Kjønn 75-80 år	/da:/		/de:/		Til saman	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Kvinner	90	84,11%	17	15,89%	107	100%
Menn	52	67,53%	25	32,47%	77	100%

Tabell 3: Alder, kjønn og bruk av /da:/ og /de:/

I alle aldersgruppene er det jentene/kvinnene som har størst bruk av tradisjonsvarianten, noko som viser ein klar forskjell mellom kjønna. I denne samanhengen bør ein nemne at informant 11 (gut, 18 år) trekk ned snittet for gutar i den yngste aldersgruppa, då han konsekvent bruker /de:/. Den andre guten har 63% bruk av /da:/, og representerer då også den høgaste prosenten i si aldersgruppe. Det er med andre ord stor forskjell mellom desse to gutane. Mæhlum skriv at det er vanleg med forskjell innanfor kjønnsgruppene (jf. 4.4.2). Difor blir det endå meir aktuelt å sjå på variabelen *lokal tilhørslse*, slik at ein betre kan forstå forskjellane innanfor kjønnsgruppa. Den største forskjellen mellom kjønna finn vi i aldersgruppa 75-80 år. Dette funnet stemmer med det Sandøy (1996) skriv om eldre kvinner og tradisjonsformer, nemnd i førre avsnitt.

Informant 9 (mann, 83 år) dreg ned snittet for mennene i aldersgruppa 75-80 år. Han har rundt 50 % /da:/ og 50 % /de:/, medan informant 4 (mann, 81 år) har 83,72% /da:/ og 16,28% /de:/. Det kan vere fleire grunnar til at det finst forskjell mellom desse to mennene. I samtaleloggen har eg skrive at eg oppfatta informant 9 som nervøs, og at det kunne verke som han opplevde samtalsituasjonen som formell. Det er mogleg å tenke at informanten brukte mindre /da:/ fordi

det blei teke opptak av samtalen. Det er ikkje ukjent at eldre menneske tilpassar talemålet ut frå situasjonen dei er i. Før var det vanleg at strilar tilpassa seg bergensarar i visse situasjonar. Det er likevel ei nyttig opplysning at eldre kan bruke /de:/ i staden for /da:/ i formelle situasjonar. Samstundes bruker informant 9 tradisjonelle former og endingar elles i talemålet. Difor ser det ut til at bruken av /de:/ stemmer med korleis informant 9 vanlegvis pratar.

5.2.4 Lokal tilhøyrslø

Kvar søyle i tabell 4 representerer /da:-bruken til dei informantane som har fått den gjeldande poengsummen på variabelen *lokal tilhøyrslø* (4-6 poeng, 7-8 poeng, 9-10 poeng). Bruken av /de:/ vil då seie det resterande talet, eller den resterande prosent, som ikkje står oppført i tabellen.

Resultata stemmer med H4: Høg score på lokal tilhøyrslø gir høgare bruk av /da:/ enn /de:/

/da:/	4-6 poeng		7-8 poeng		9-10 poeng	
	Absolutt belegg	Prosent av all <i>det</i> -bruk	Absolutt belegg	Prosent av all <i>det</i> -bruk	Absolutt belegg	Prosent av all <i>det</i> -bruk
	42 av 118	35,59%	90 av 153	58,82%	187 av 255	73,33%

Tabell 4: Lokal tilhøyrslø og bruk av /da:/

Ifølge tabellen fungerer nettverksteorien og teori om språk og lokal tilhøyrslø godt som forklaringsmodell i eit bygdesamfunn som Kløvheim. Funnet viser at talemålet er ein av berarane av den lokale identiteten, noko blant anna Solheim og Gullestad også skriv om (jf. 3.7.2). I tillegg kastar funnet lys over språket som eit sosialt fenomen. Staden har ei kulturell meining for språkbrukaren, og dette er sentralt når ein snakkar om banda mellom språk og samfunn (jf. 3.7.2). Gullestad omtalar lokalsamfunnet som ein sentral del av identiteten, då denne gir ei førestilling om tilhøyrslø. Lokale språktrekk bidreg til å definere denne tilhøyrslø, og nettopp dette viser funnet for bruken av /da:/. Til tross for at lokalsamfunna er i endring, noko som får konsekvensar for konstruksjonen av den lokale identiteten (jf. 3.7.2), viser denne undersøkinga at sterk lokal tilhøyrslø blir spegla i bruken av /da:/.

5.2.5 *Kjønn og lokal tilhørsle*

Tabell 5 og 6 viser tilsvarande oppteljing som tabell 4, der kjønns innanfor den gjeldande poengsummen er spesifisert.

Jenter og kvinner	4-6 poeng		7-8 poeng		9-10 poeng	
	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>
/da:/'	15 av 37	40,54%	23 av 52	44,23%	145 av 189	76,72%

Tabell 5: Lokal tilhørsle, jenter/kvinner og bruk av /da:/'

Gutar og menn	4-6 poeng		7-8 poeng		9-10 poeng	
	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>
/da:/'	27 av 81	33,33%	38 av 60	63,33%	71 av 107	66,36%

Tabell 6: Lokal tilhørsle, gutar/menn og bruk av /da:/'

Høg score på lokal tilhørsle hjå jentene/kvinnene gir høgare prosentbruk av /da:/' , enn kva høg score gjer hjå gutane/mennene. I Monka mfl. (2020) si undersøking viste funna motsett. I motsetning til mi undersøking, som inkluderer informantar i fleire aldersgrupper, gjaldt deira undersøking berre unge menneske. Ser ein på både alder, kjønns og lokal tilhørsle, kan ein for enkeltinformantar finne resultat som liknar det Monka mfl. (2020) konkluderer med. Informant 6 (jente, 16 år) hadde 44,23% bruk av /da:/' , medan informant 7 (gut, 15 år) hadde 63,33%. Begge har ein relativt høg score, jenta 7/10 og guten 10/10, noko som kan tilseie at ein høg score hjå gutar gir høgare bruk av tradisjonsforma /da:/' , enn kva ein høg score hjå jentene gjer. Samstundes har jenta lågare score enn guten, og vi får difor ikkje samanlikna om same score hadde gitt ulikt utslag hjå gutar og jenter i denne aldersgruppa.

5.2.6 Alder og lokal tilhørsle

Tabell 7 viser tilsvarende oppteljing som i tabell 4, der informantane frå dei ulike aldersgruppene innanfor dei gjeldande poengsummane er spesifisert.

Resultata stemmer med H5: Lokal tilhørsle har sterkast påverknad på aldersgruppa 15-20 år

Aldersgruppe	Lokal tilhørsle					
	4-6 poeng		7-8 poeng		9-10 poeng	
	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>	Absolutt belegg	Prosent av <i>det</i>
15-20 år	16 av 73	21,92%	23 av 52	44,23%	19 av 30	63,33%
45-50 år	26 av 45	57,78%	38 av 60	63,33%	55 av 82	67,07%
75-80 år					142 av 184	77,17%

Tabell 7: Lokal tilhørsle, alder og bruk av /da:/

Tala viser at høg score på lokal tilhørsle er ein viktigare faktor hjå dei unge enn hjå dei vaksne. Eit slikt funn er relevant når ein skal diskutere om overgangen til /de:/ kjem til å bli fullført i framtida, eller om innbyggerane lenge kjem til å variere mellom /da:/ og /de:/. Om overgangen til /de:/ skal bli fullført, må truleg også låg score på lokal tilhørsle bli den framtidige realiteten. Denne diskusjonen kjem vi tilbake til i del 6.5.1.

5.3 Sosiale føringar for r-uttale

5.3.1 Generell analyse: ingen rulle-r i aldersgruppa 45-50 år

Rulle-r finst berre i den eldste aldersgruppa. Det vil seie at vi heilt klart kan kalle overgangen frå rulle-r til skarre-r for ei språkending. Med tanke på at ingen i aldersgruppa 45-50 år rullar, medan alle i aldersgruppa 75-80 år gjer det, kan ein seie at språkendinga har blitt fullført i løpet av 30 år. Dette tempoet blir rekna som ganske raskt. Samstundes finst det variasjon av måtar å uttale r-en på i den eldste aldersgruppa: [r], [ʀ], [ɹ] og r-bortfall. Ifølge Torp (2007, s. 36) kan lyden eg har markert med [ɹ] vere ein slags sistegenerasjons-rulle-r. Om den eldste generasjonen har ein slik r-uttale, er det gjerne skarre-r i den neste generasjonen (jf. 2.2.1). Det kan difor diskuteras om den eldste aldersgruppa representerer ei mellomgruppe i overgangen til skarre-r (sjå 6.3).

Andre funn frå analysen er at informant 4 (mann, 81 år) og 8 (kvinne, 83 år) er ganske konsekvente i bruken av ein tydeleg vibrerande rulle-r. Informant 9 (mann, 83 år) har også

vibrerende rulle-r, men den er noko slappare enn hjå informant 4 og 8. Dette funnet liknar det Revheim (1993, s. 116) omtalar som tydeleg og mindre tydeleg rulling. Informant 1 (kvinne, 76 år) skil seg ut, då ho har større variasjon i realiseringa av r-en. Ho har generelt ikkje-vibrerende eller svakt vibrerende rulle-r. I tillegg har ho tilfelle av skarre-r og retrofleksar. Informant 1 kjem difor til å bli omtalt i ein eigen del av dette kapittelet (sjå 5.3.4), då ho representerer interessante funn for vidare drøfting.

Informant	[r]		[ʀ]		[ɹ]		r-bortfall		Til saman	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
1 Kvinne, 76 år	136	61,54%	11	4,98%	36	16,29%	38	17,19%	221	100%
8 Kvinne, 83 år	140	88,05%	0	0%	3	1,89%	16	10,06%	159	100%
4 Mann, 81 år	183	89,27%	0	0%	9	4,39%	13	6,34%	205	100%
9 Mann, 83 år	166	89,73%	0	0%	4	2,16%	15	8,11%	185	100%

Tabell 8: Informantar i aldersgruppe 75-80 år og r-uttale

Ifølge Torp er det ikkje uvanleg at folk kan variere dei ulike undertypane av rulle- og skarre-r, og det kan vi - i ulik grad - sjå hjå alle dei eldste informantane. Informant 1 er nok ikkje åleine om sin type variasjon. Det er sannsynleg at det finst fleire i språksamfunnet som varierer realiseringa av r-uttalen på same måte som ho gjer. Det er elles interessant å legge merke til dei ulike variasjonsmønstra hjå informantane i denne aldersgruppa. Både det at dei på ulike måtar bruker [ɹ] og r-bortfall, og at den eine informanten har tilfelle av skarring, kan ein tolke som ein del av «kaos-perioden» (jf. 3.5.3) i overgangen frå rulle- til skarre-r. Desse ulike variasjonsmønstra blir diskuterte vidare i del 6.7 og 6.8 av drøftinga.

Når det gjeld variabelen *kjønn*, kan ein ikkje sjå store forskjellar. Om ein skal vektlegge informant 1, kan ein diskutere om kvinnene lettare blir språklege innovatørar av skarre-r-en enn mennene. Samstundes kan ein ikkje gå ut ifrå noko slikt basert på éin informant. Hjå Haugen (1998, s. 90; jf. 4.4.2) viser resultatata at den språklege skilnaden mellom mennene og kvinnene særleg gjaldt variablar under lydverket, til dømes variablane /ø/ - /øy/. Det er difor mogleg å

diskutere om det finst ein tendens til at mennene held lenger på tradisjonsvariantar som gjeld fonologi, enn kva kvinnene gjer.

5.3.2 Lokal tilhøyrslø

Funna mine gir ikkje belegg på at lokal tilhøyrslø har noko å seie for r-uttalen. Dermed stemmer resultatane i stor grad med H7: Lokal tilhøyrslø påverkar ikkje r-uttalen på same måte som for variant av *det*. Samstundes har alle i den eldste gruppa fått høg score. Det har difor ikkje vore mogleg å sjå korleis ein låg score kan påverke uttalen. Det er likevel forventa at eldre menneske får ein høg score, då dei har valt å bli verande i bygda i lang tid. I denne samanhengen er det interessant å sjå at /de:/ har fått innpass i aldersgruppa, men ikkje skarre-r-en, til tross for sterk lokal tilhøyrslø. Unntaket er informant 1, som har tilfelle av skarre-r. Dette kan fortelje ein del om den ulike identifiseringsfunksjonen (jf. 3.4.4) til dei språklege variablane, og korleis dei språklege variablane krev ulik kontaktintensitet (jf. 3.6.4) for å bli implementerte i talemålet. Dette blir diskutert i del 6.2.2 og 6.3.2 av drøftinga. Eit anna funn som blir drøfta vidare i 6.5.2, er at informant 1 (kvinne, 76 år) har ein del nære vener frå Bergen. Dette kan tale for at nettverket hennar også har greiner i Bergen. Drøftinga vil difor handle om korleis eit slikt nettverk kan vere ein del av forklaringa på kvifor informant 1 er den einaste i aldersgruppa med tilfelle av skarre-r.

5.3.3 Informant 1

Denne informanten har ni tilfelle av retrofleks uttale, noko som ikkje er vanleg i strilemålet (jf. Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 79). Orda det gjeld er: /staʈn, kla:t, stuʈingə, fuʈ, juʈ, stuʈ/ ('starten, klart, stortinget, fort, gjort, stort'). Det er vanskeleg å seie om dette er eit resultat av ein individuell talefeil, eller av at informanten blir påverka av skarre-r-en. På den eine sida kan ein kombinasjon av skarre-r og retrofleksar tale for at informanten har ein talefeil. På den andre kan det at ho varierer mellom minst fire ulike uttalemåtar av r ([r], [ʁ], [ɹ] og r-bortfall) tale for at ho blir påverka av skarre-r-en. Hadde ho vore konsekvent i bruken av den eine eller den andre uttalemåten, hadde det talt meir for at ho har ein talefeil. Då ho generelt har ein mindre vibrerande rulle-r, samt innslag av [ʁ], [ɹ] og [t], kan dette tyde på at ho representerer eit språkleg mellomstadium mellom rulling og skarring. Informant 1 har altså det vi kallar høg intraindividuell variasjon, noko som er vanleg i kaos-perioden (jf. 3.5.3), og gir oss mykje informasjon om overgangen frå rulle- til skarre-r. Dette funnet har vore eit særleg interessant bidrag til prosjektet, og kan også vere nyttig for vidare forskning på r-en.

5.4 Språklege føringar for /da:/ og /de:/

5.4.1 Syntaktisk funksjon

Søyla ytst til høgre i tabell 9 viser kor mange setningar med /da:/ som er analysert, og kor mange setningar med /de:/ som er analysert. Dei tre søylene i midten viser kor mange av dei analyserte setningane der /da:/ er innhaldstomt eller ikkje, eller om det representerer determinativ, og tilsvarande for varianten /de:/.

Resultata stemmer delvis med H2: Bruken av /da:/ og /de:/ er avhengig av om *det* er innhaldstomt eller ikkje

Variant	Innhaldstomt (formelt subjekt, formelt objekt)		Innhald (subjekt, objekt, predikativ, utfylling til prep.)		Determinativ		Alle analyserte setningar (100%)	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
/da:/'	93	32,18%	175	60,55%	21	7,27%	289	100%
/de:/'	87	51,18%	80	47,06%	3	1,76%	170	100%

Tabell 9: /da:/ og /de:/ sin syntaktiske funksjon i utsegna til informantane

Døme på formelt subjekt

Ja, /da:/ va mykje gøy å sjå der.

/De:/ (e) både fordela og ulempa, sant?

Døme på referensielt subjekt

/Da:/ /ha(r)/ /vørø/ /grøit/ /fɔ(r)/ oss.

/De:/ e jo kjempevanski.

Døme på referensielt objekt

Men /da:/ huska eg ikkje.

/De:/ må eg sei.

I analysearbeidet plasserte eg bruken av /da:/ og /de:/ under følgande kategoriar: Formelt subjekt, vanleg referensielt subjekt eller objekt, predikativ, utfylling til preposisjon, og determinativ. Tabell 9 viser at bruken av /de:/ som formelt subjekt er høgare enn bruken av /da:/ som formelt subjekt. Den viser også at når *det* refererer tilbake til eit innhald, blir /da:/

meir brukt enn /de:/. Med andre ord viser funna tendens til eit mønster, der referensielt subjekt og objekt, og anna bruk der *det* representerer eit innhald, fremjar bruk av /da:/, og der det innhaldstomme formelle subjektet fremjar bruk av /de:/. I del 4.9 formulerte eg hypotesen H2: bruken av /da:/ og /de:/ er avhengig av om *det* er innhaldstomt eller ikkje. Eg vil ikkje seie at resultatata viser ei tydeleg fordeling, men heller at ein ser ein *tendens* til fordeling. Konklusjonen blir då at resultatata stemmer delvis med H2.

5.4.2 /de:/ før presens av 'å vere'

Av dei som varierer mellom å bruke /da:/ og /de:/, som vil seie alle unntatt informant 11 (gut, 18 år), er det vanlegast å bruke /de:/ før presens av *å vere*, uttalt med ein /e:/. Informantane bruker omtrent ikkje /da:/ framfor /e:/. 8 av 11 gjer det 0-1 gong, og informant 3 og 7 tre gonger. Ein stor del av /de:-bruken hjå informantane er derimot framfor /e:/. 8 av 11 informantar bruker /de:/ før /e:/ mellom 80-100% av den samanlagte /de:-bruken sin (sjå tabell 10). Tala i parentes er dei tilfella der /de:/ og /e:/ blir slått heilt saman, mest sannsynleg som følge av høgt taletempo.

Resultatata stemmer med H1: Om *det* står framfor vokalen /e:/, blir /de:/ oftare brukt enn /da:/.

Informant	/de:/ /e:/ av all /de:-bruk		All /de:-bruk	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Informant 1 (kvinne, 76 år)	5	100%	5	100%
Informant 2 (kvinne, 48 år)	9 (3)	100%	9	100%
Informant 3 (kvinne, 48 år)	17 (2)	94,44%	18	100%
Informant 4 (mann, 81 år)	2	28,57%	7	100%
Informant 5 (jente, 17 år)	21 (5)	95,45%	22	100%
Informant 6 (jente, 16 år)	17 (5)	58,62%	29	100%
Informant 7 (gut, 15 år)	9	81,82%	11	100%
Informant 8 (kvinne, 83 år)	11 (8)	91,67%	12	100%
Informant 9 (mann, 83 år)	8 (2)	44,44%	18	100%
Informant 10 (mann, 48 år)	18 (2)	81,82%	22	100%
Informant 12 (mann, 50 år)	18 (6)	94,74	19	100%

Tabell 10: /de:/ /e:/ av samanlagt /de:-bruk hjå informantane (unntak: informant 11)

Døme på /de:/ /e:/

Informant 2 (kvinne, 48 år): /De:/ e veldig sjeldent eg drar te byn.

Døme på /de: (e:)/ (full samanslåing/assimilasjon)

Informant 2 (kvinne, 48 år): /De:/ både fordela og ulempa, sant?

I drøftingsdelen kjem eg til å diskutere moglegheita for at bruken av /de:/ har med fonologi å gjere (sjå 6.6.1). Resultata viser at ein etterfølgd /e:/ fremjar endring. Bruken av /de:/ framfor /e:/ kan handle om ei forenkling, og kanskje eventuelt ein assimilasjon (jf. 3.4.3). Dette funnet vil eg bruke som ei indrespråkleg beskriving av kva som skjer, og i drøftingsdelen kjem eg difor til å diskutere kva for term som er mest treffande for dette indrespråklege mønsteret. Bør ein bruke økonomi/forenkling, eller kan ein seie at mønsteret handlar om ein assimilasjon?

5.4.3 Trykk

Uttalt med trykk				All <i>det</i> -bruk (/da:/ og /de:/)	
/da:/		/de:/		Absolutt belegg	Prosent
Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent		
48	9,8%	4	0,82%	490	100%

Tabell 11: /da:/ og /de:/ uttalt med trykk hjå alle informantane (unntak: informant 11)

Døme på trykk

Informant 2 (kvinne, 48 år): /Da:/ synst eg lite om.

Informant 6 (jente, 16 år): /De:/ esje brukanes te nåken ting, egentli.

Det ser ikkje ut til at trykk er ein avgjerande faktor for kva for variant av *det* som blir brukt. Ein ser likevel at *om* ordet blir uttalt med trykk, er det i fleire tilfelle brukt /da:/ enn /de:/. Eg kjem likevel ikkje til å drøfte noko meir om samanhengen mellom trykk og *det*-variant, då eg meiner dei andre indrespråklege faktorane er meir interessante å sjå på.

5.4.4 Belegg på bruk av /da:/ og /de:/ i same setning

Eg har funne 29 setningar der informantane bruker begge variantane av *det* i same setning. At informantane kan bruke /da:/ og /de:/ på denne måten, kan også bidra til at endringstempoet går saktare, enn kva endringstempoet for skarre-r-en har gjort (sjå 6.8). Her kjem nokre døme på setningar der begge variantane blir brukt:

Informant 5 (jente, 17 år): /Da:/ går veldi sjelden buss, så /de:/ (e) litt vanskli å komma seg vekk, egentli, viss du skal ha nåke

Informant 8 (kvinne, 83 år): Viss ikkje /de:/ e noke ant /ækstra/ i veien, so /je:r/ me /da:/.

Informant 10 (mann, 48 år): Men om /da:/ har forandra seg, elle om /de:/ e så mykje så /da:/ va, /da:/ veit eg ikkje.

5.5 Språklege føringar for r-uttale

5.5.1 Framlyd, innlyd eller utlyd

Det finst ikkje noko tydeleg språkleg mønster for r-uttalen på meso-nivået. Om ein ser på mikro-nivået, finn ein at informantane har veldig ulike variasjonsmønster (sjå t.d. tabell 12). Dette vitnar igjen til ein kaos-periode i overgangen til skarre-r, nemnd i del 5.3.1. Stor grad av intraindividuell variasjon er ein vanleg del av denne perioden av språkendinga (jf. 3.5.3). Difor kan ein sjå på fråværet av språkleg mønster som eit funn.

Plassering av [ɹ] i ordet (med døme)	Informant 1 Kvinne, 76 år		Informant 8 Kvinne, 83 år		Informant 4 Mann, 81 år		Informant 9 Mann, 83 år	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Framlyd /ɹæstə/ ('reiste')	0	0%	0	0%	1	11,11%	0	0%
Innlyd /ve:ɹɑ/ ('vera')	30	83,33%	3	100%	5	55,56%	3	75%
Utlyd /hɑ:ɹ/ (‘har’)	6	16,67%	0	0%	3	33,33%	1	25%
Alle tilfelle av [ɹ]	36	100%	3	100%	9	100%	4	100%

Tabell 12: Plassering av [ɹ], inkludert eksempelord

Når det gjeld r-bortfall, kan ein mogleg seie at denne strategien helst blir brukt i utlyden av orda. Samanlagt hjå alle informantane er det 64,63% av r-bortfall som skjer i utlyd. Samstundes ser ein også at det er veldig ulike variasjonsmønster, som nemnd i avsnittet ovanfor.

Plassering av r-bortfall i ordet (med døme)	Informant 1 Kvinne, 76 år		Informant 8 Kvinne, 83 år		Informant 4 Mann, 81 år		Informant 9 Mann, 83 år	
	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent	Abs. bel.	Prosent
Innlyd /ba(r)ne:ha:gə/ (‘barnehage’)	12	31,58%	8	50%	8	61,54%	1	6,67%
Utlyd /fɔ(r)/ (‘for’)	26	68,42%	8	50%	5	38,46%	14	93,33%
Alle tilfelle av r-bortf.	38	100%	16	100%	13	100%	15	100%

Tabell 13: Plassering av r-bortfall, inkludert eksempelord

6. Drøfting

6.1 Innleiing

Føremålet med dette kapitlet er først og fremst å svare på den overordna problemstillinga for oppgåva: *Korleis går ei leksikalsk språkending føre seg, samanlikna med ei fonologisk?* Ved å drøfte samanhengen mellom dei språklege variablane og indre og ytre faktorar, gir kapitlet ei innsikt i korleis endringar på ulike språknivå kan gå føre seg. Denne delen av oppgåva vil forhåpentlegvis skape eit samla bilete av kompleksiteten i språkending, og vise kvifor det er fruktbart å sjå på både indre og ytre faktorar, når ein skal få innsikt i kva som skjer.

Først vil eg sjå på det første delspørsmålet for problemstillinga:

- 1) Kor raskt skjer endringane?

Ut frå korrelasjonen mellom *alder* og dei språklege variablane, kjem det fram at overgangen frå /da:/ til /de:/ går saktare enn kva overgangen frå rulle-r til skarre-r har gjort. Eg vil difor drøfte kva denne forskjellen i endringstempo kan fortelje oss om språkendingane. I kva grad ein kan sjå på bruk av /de:/ som ei pågåande språkending, og om endringa til slutt vil ende i konsekvent bruk av /de:/, kjem også til å bli diskutert.

Vidare kjem vi til spørsmålet:

- 2) Dannar endringane eit sosialt mønster?

For variasjonen /da:/ og /de:/ er det kvinnene som har størst tendens til å velje tradisjonsforma /da:/. Ein finn altså forskjell mellom kjønna. Ein finn ikkje same variasjonsmønster for r-uttalen. Sjølv om informant 1 (kvinne, 76 år) har tilfelle av skarre-r, kan ein ikkje konkludere med at *kjøn* er ein førande faktor, då det berre er snakk om éin informant. Eg kjem likevel til å drøfte den forskjellen ein finn mellom kjønna for begge variablane.

Ein finn ein tydeleg samheng mellom *lokal tilhøyrse* og variant av *det*: Høg score gir høgare bruk av /da:/. Ein finn derimot ikkje ein slik samheng for r-uttalen, noko som skapar grunnlag for diskusjon. At den sosiale variabelen lokal tilhøyrse gir utslag på den eine språklege variabelen, men ikkje den andre, kan fortelje noko om dei språklege variablane sine ulike identifiseringsfunksjonar.

Vi kjem så til det siste delspørsmålet for problemstillinga:

3) Utviklar endringane seg etter eit bestemt, indrespråkleg system?

Funna for r-uttale kjem til å bli forklart og drøfta med bakgrunn i kaos-teorien, då den store variasjonen i uttalemåtar representerer eit *språkleg kaos* (jf. 3.5.3). Funna for /da:/ og /de:/ viser derimot tendensar til eit kollektivt *mønster* i bruken hjå informantane. I dette tilfellet kan ein difor ikkje snakke om eit språkleg kaos. Mønsteret gjeld både syntaks og fonologi, der det fonologiske mønsteret er tydelegast. Desse funna opnar for diskusjon om korleis funksjonsordet *det* blir kognitivt behandla hjå informantane. Det at funna viser eit mønster både på syntaks- og ordnivå, gjer det mogleg å drøfte om endringa faktisk gjeld leksikon, slik som oppgåva har teke utgangspunkt i, eller om endringa høyrer meir heime på grammatikk-nivået. Skarre-r- og /de:-/ utviklinga kjem også til å bli samanlikna, då desse endringane representerer to ulike språklege utviklingsprosessar: kaos og system.

6.2 Alder

r-uttalen er i dag eit aldersbasert fenomen, då det berre er den eldste gruppa som framleis har rulle-r. Bruk av /de:/ ser ikkje ut til å vere eit like tydeleg aldersbasert fenomen, då den eldste gruppa har rundt 23% bruk av /de:/. Ein ser likevel at bruken av /de:/ aukar nedover i aldersgruppene, der den yngste gruppa har rundt 63% bruk av /de:/. At overgangen til /de:/ ikkje er gjennomført i den yngste aldersgruppa, gjer at ein kan diskutere om vi i det heile har med ei språkendring å gjere. Eg vil difor byrje med å drøfte dette spørsmålet.

6.2.1 Har vi med språkendingar å gjere?

Om bruken av /de:/ i dialekten kan kallast ei språkending, er avhengig av korleis ein vel å definere omgrepet. Som nemnd i 3.4 kan ein forstå språkending på to ulike måtar. I sin strengaste forstand vil språkending seie ein innovasjon som er gjennomført hjå alle individa innanfor eit språkleg fellesskap (Røyneland, 2013, s. 139). Ein kan likevel også forstå språkending som synkron variasjon, der ein variant er mindre brukt i den eldste generasjonen, meir brukt i mellomgruppa, og endå meir brukt i den yngste (Chambers, 2013b, s. 306). Om ein forstår det slik, kan ein kalle bruken av /de:/ for ei språkending. Bruken aukar med rundt 40% frå den eldste aldersgruppa til den yngste, noko som tyder på endring. Ein kan også sjå at endringa samsvarar med ei S-kurve, som er ein vanleg modell for språklege endringsprosessar (jf. 3.4.1). Det verkar som at endringa er i den andre fasen av kurva, då det er mellom

aldersgruppene 45-50 år og 15-20 år bruken av /de:/ aukar mest. Med det sagt kjem eg difor vidare i drøftinga til å ta utgangspunkt i at auka bruk av /de:/ er ei språkending.

6.2.2 Identifiseringsfunksjonen som del av forklaringa?

Tre av dei fire eldste informantane bruker rundt 90% av den tradisjonelle rulle-r-en. Prosentbruken av /da:/ er derimot ikkje like høg. Til dømes har informant 9 (mann, 83 år) omtrent like mykje bruk av /de:/ som /da:/. Ut frå desse funna kan ein diskutere om dei språklege variantane /de:/ og skarre-r har ulik identifiseringsfunksjon. Den eldste gruppa har rundt 23% /de:-bruk, der informant 9 dreg opp snittet. Bruk av /de:/ er dermed noko alle aldersgruppene kan identifisere seg med, i motsetnad til rulle-r, som berre dei eldre identifiserer seg med. Identifiseringsfunksjonen til språket handlar om at talemålet er eitt av særmerka til ei gruppe (jf. Sandøy, 1996; 3.4.4), i vårt tilfelle aldersgrupper. At /de:/ ikkje har ein like sterk identifiseringsfunksjon som skarre-r-en, bidreg til at overgangen til /de:/ har ein annan utviklingsprosess enn kva overgangen til skarre-r har. Då /de:/ i ulik grad har fått innpass i alle aldersgruppene, skjer endringa i eit meir jamt og sakte tempo, samanlikna med overgangen til skarre-r, som har eit raskare tempo.

Ein kunne også diskutert om forskjellen mellom dei to språklege variablane har med forskjellig prestisje å gjere. Sandøy skil mellom identifiseringsfunksjonen og funksjonen som prestisjemarkør (jf. 3.4.4). I tråd med dette kunne ein hevde at rulle-r har prestisje hjå dei eldre, men ikkje i dei to yngre generasjonane. Dette blir likevel vanskeleg å argumentere for, då skarre-r-en gjerne blir sett på som eit prestisjedrag på Vestlandet. Torp (2007, s. 50) skriv at ei viktig årsak til at skarre-r-en spreier seg på Sør- og Vestlandet, er at lyden blir forbunden med bymål. Lyden har dermed høg prestisje. Det er altså grunn til å tru at skarre-r-en har meir prestisje enn rulle-r-en i område som Kløvheim, og dette konkluderer også Knutzen med for Øvre Vats (1994, s. 63). Difor er det betre å bruke ulik identifiseringsfunksjon som forklaringsfaktor for dei ulike utviklingsprosessane til skarre-r-en og /de:/.

6.3 Endringstempo

I løpet av 65 år har bruken av /de:/ auka med rundt 40%. Korleis ein tolkar endringstempoet for skarre-r-en, er avhengig av kor mykje ein vektlegg variasjonen hjå informant 1, samt variasjonen av måtar å uttale r-en på, i den eldste aldersgruppa. Om ein vektlegg denne variasjonen, vil det truleg bety at generasjonen *før* aldersgruppa 75-80 år, altså dei som i dag

ville vore 110 år gamle, hadde ein einsarta tradisjonell rulle-r. Då vil aldersgruppa 75-80 år representere ei mellomgruppe i overgangen frå rulle-r til skarre-r, og den følgjande aldersgruppa, altså 45-50-åringane, den fullstendige overgangen til skarre-r. Ein kan då seie at overgangen til skarre-r har skjedd i løpet av tre generasjonar. At aldersgruppa 75-80 år truleg representerer ei mellomgruppe, er eit viktig funn, og kan mogleg vere eit bidrag til vidare forskning på r-utviklinga på Vestlandet.

Uansett korleis ein ser på endringstempoet, kan ein seie at den *fullstendige* overgangen frå rulling til skarring har skjedd mellom aldersgruppene 75-80 år og 45-50 år. Resultata mine viser, slik som hjå Knutzen (1994), at oppkomsten av skarre-r har skjedd «brått og brutalt» (jf. 2.2.1). Den same konklusjonen finn vi hjå Revheim (1993, s. 120). Knutzen poengterer at dette er noko som bryt fullstendig med det mønsteret vi vanlegvis finn når det gjeld språkendingar. Mi samanlikning av to ulike typar språkendingar viser nettopp dette fenomenet: Den leksikalske skjer gradvis og sakte, og den fonologiske skjer plutselig og raskt. At den fullstendige overgangen til skarre-r har skjedd i løpet av éin generasjon, eit mykje raskare tempo enn overgangen til /de:/ ser ut til å få, fortel ein del om det spesielle med skarre-r-en.

6.3.1 Det spesielle med skarre-r-en

Ifølge Torp (2007, s. 25) er rulle-r den mest ressurskrevjande r-uttalen. I og med at det herskar eit økonomisk prinsipp i språket (Torp, 2007, s. 26; Sandøy & Nesse, 2016, s. 63), er det rimeleg å tenke at enklare uttalemåte er ein viktig årsaksfaktor til at skarre-r-en har spreidd seg så raskt. Ifølge Sandøy er eitt argument at vi utnyttar det distinktive draget frikativ betre med ein [ʁ], då vi har fleire frikativar frå før (jf. 2.2.1). Dette talar for at det kan vere meir *naturleg* (jf. 3.4.3) for oss å bruke skarre-r. I tillegg skriv Torp at det ikkje er særleg vanleg for ein person å bruke begge r-typane (jf. 2.2), noko som også kan forklare den raske overgangen til skarre-r. Informant 1 (kvinne, 76 år) bruker likevel begge hovudtypane, og har også tilfelle av retrofleksar. I del 2.2.3 låg eg fram ulik forskning på r-en, der det eine barnet i Selås og Neteland si undersøking brukte begge r-typane. Barnet hadde også retrofleksar. Sjølv om denne informanten har ein annan alder enn informanten i denne undersøkinga, er det interessant å sjå korleis nokon menneske realiserer r-en. Samstundes har dei tre resterande informantane i aldersgruppa 75-80 år ikkje tilfelle av skarre-r, og ein kan difor seie at det er vanlegast å anten bruke den eine eller den andre hovudvarianten. I motsetnad til bruk av /da:/ og /de:/, der informantane varierer mellom desse, er det vanlegast å anten rulle eller skarre. Funna i denne undersøkinga stemmer difor i stor grad med tidlegare forskning og teori om r-utviklinga.

6.3.2 *Kontaktintensitet*

Bergfjord skriv følgande om bygdene i Lindås:

Frå dei eldste tider og langt fram i det 20. hundreåret har jord-bruket vore viktigaste næringsvegen i Lindås, og det gamle bondesamfunnet var tufta på eit stabilt og desentralisert system med krinsen som minste eining. Kvar krins hadde gjerne sin eigen skule, post, meieri og handelsmann, og den einaste faste kontakten var dampbåten. Etter kvart vart sambandet med omverda betre (2005, s. 103).

Bergfjord poengterer vidare at kontakten med nabobygdene («grannebygdene») har blitt større, som resultat av betre busstilbod, fleire bilar og betre vegar. Han meiner at ein av dei viktigaste påverknadsfaktorane i den språklege endringsprosessen nettopp er kontakten med nabobygdene: «[...] det er her sentrum (Bergen) som gjev tilfang til periferien (Lindås)» (2005, s. 104). Den auka mobiliteten i løpet av dei siste generasjonane har gitt rom for meir intens kontakt med bergensktalande område, og generelt nye sosiale nettverk. At /de:/ i større omfang har fått innpass i den eldste generasjonen, ein generasjon som i store delar av livet har vore prega av mindre kontakt enn kva dei neste generasjonane har, viser nettopp at bruken av /de:/ har kravd mindre kontakt enn kva bruken av skarre-r har. I teoridelen kom vi inn på låneskalaen til Thomason og Kaufman (1988). Ifølge skalaen må det meir intens kontakt til for at fonetiske endringar skal skje, enn at lån av funksjonsord skjer. Det at alle aldersgruppene har bruk av /de:/, viser at det skal mindre intens kontakt til for å låne /de:/, enn for å låne allofonen [ɾ]. Dette ser ein også i at rulle-r-en lenge var gjeldande på strilelandet, til tross for at dei skarra i Bergen.

6.4 **Kjønn**

I alle aldersgruppene er det større bruk av /da:/ hjå jentene og kvinnene, enn kva det er hjå gutane og mennene. Størst forskjell finn vi mellom kvinnene og mennene i aldersgruppa 75-80 år, noko som stemmer med det Sandøy skriv om eldre kvinner i typiske «bondesamfunn» (jf. 4.4.2). Om ein kunne finne forskjell mellom kvinner og menn sin språkbruk før, «brukte kvinnene dei mest arkaiske formene i dialekten» (Sandøy, 1996, s. 107). I typiske bysamfunn er det gjerne motsett, og difor meiner Sandøy at ulike samfunnsmønster viser ulike rollemønster. Denne undersøkinga har ikkje mange nok informantar til å seie at mennene er innovatørar av /de:/, men det er godt mogleg det er slik.

For rulle-r-en finn ein ikkje noko tydeleg kjønnsbasert mønster. Informant 1 (kvinne, 76 år) har størst variasjon i realiseringa av r-en, men ein kan ikkje konkludere med noko ut frå éin informant. Knutzen (1994, s. 64) konkluderer i si undersøking med at resultatata ikkje viser teikn på at teorien om kvinner som språkmisjonærar stemmer. I Revheim (1993, s. 120) si undersøking av r-en på Osterøy, som ligg nærmare Kløvheim enn kva Øvre Vats gjer, viser resultatata derimot at det er grunn til å tru at kvinnene fungerer som språkmisjonærar av skarre-r-en. I den eldste aldersgruppa til Revheim, som bestod av informantar på 30-32 år, fanst det både rulling og skarring. Ein stor del av dei som skarra var kvinner. Revheim og Knutzen har altså to ulike konklusjonar når det gjeld kjønn, men dei undersøker jo også to ulike stader. For mi undersøking er det nok Revheim sitt resultat som er mest relevant å sjå på, då Osterøy også høyrer til dei områda der strilemål er det gjeldande talemålet. I og med at informant 1 er ei kvinne, blir resultatet til Revheim særleg interessant. Ein skal difor ikkje sjå vekk ifrå at kvinnene mogleg har fungert som språkmisjonærar for denne uttalemåten.

Det verkar derimot til å vere motsett når det gjeld bruk av *det*. Her er det kvinnene som er flittigast til å bruke tradisjonsvarianten. Informant 1 (kvinne, 76 år) har rundt 92% bruk av /da:/, men ho har også tilfelle av skarre-r, og generelt stor variasjon i måtar å realisere r-en på. Informant 9 (mann, 83 år) har rundt 50% bruk av /de:/, men har ein nærmast konsekvent bruk av den tradisjonelle rulle-r-en. Dette kan vere tilfeldig, men det kan også vere eit spørsmål om identifiseringsfunksjon. Det er ikkje utenkeleg at rulle-r-en er noko mennene identifiserer seg meir med, enn kva kvinnene gjer. Resultata frå Haugen (jf. 5.3.1) si undersøking av sogndalsdialekten viste at den største skilnaden mellom kjønna gjaldt variablar under lydverket. Hadde eg hatt moglegheit, ville eg ha prata med fleire informantar i språksamfunnet, inkludert informantar i 55-60-åra. Ut frå min eigen kjennskap til dialekten, trur eg det er flest kvinner som skarrar i den aldersgruppa. Då eg ikkje får dokumentert dette i oppgåva, blir desse hypotesane førebels berre ein tanke for vidare forskning.

6.5 Lokal tilhøyrse

Hypotesen for dette prosjektet har vore at høg score på lokal tilhøyrse samsvarar med høgare bruk av /da:/ enn /de:/. Likevel har eg vore open for at bygdesamfunnet går gjennom ei modernisering, som kan føre til at sterk lokal tilknytning ikkje er ein avgjerande faktor (jf. 3.7.1). I denne undersøkinga blir bygdesamfunnet sett på som eit nettverk, og då eit nettverk med spesifikke språklege normer. Det er likevel mogleg at den fellesskapen som bygdesamfunn er kjend for, er meir frivillig i dag enn kva den var før, som følge av moderniseringa. Resultata i

dette prosjektet viser derimot at nettverksteorien fungerer godt som forklaringsmodell for /da:- og /de:-variasjonen vi finn på Kløvheim. Det er gjerne dei i utkanten av nettverket som ikkje er like lojal til språknormene for staden. Resultata mine viser at dei med ein score på 4-6 poeng har rundt 35% bruk av tradisjonsvarianten /da:/. 9-10 poeng gir derimot rundt 74% bruk av tradisjonsvarianten. Skarre-r har likevel fått innpass i aldersgruppene 15-20 år og 45-50 år, til tross for høg score på lokal tilhøyrslse. Dette funnet tilseier at lokal tilhøyrslse ikkje har sterk nok påverknad til å hindre bruk av skarre-r i språksamfunnet. r-uttalen er i dag openbart eit fenomen som har med alder å gjere (H7). Difor vil denne delen av drøftinga hovudsakleg handle om den språklege variabelen *det*.

6.5.1 Lokal tilhøyrslse: Ein avgjerande faktor for varianten /de:/

Den sosiale variabelen lokal tilhøyrslse ser ut til å ha mest å seie for den yngste aldersgruppa. Hjø informant 11 (gut, 18 år) ser ein tydeleg korleis ein låg score kan påverke språkbruken. Han har ein score på 4/10, og har berre eitt tilfelle der han seier /da:/. Informant 7 (gut, 15 år) har ein score på 10/10, den høgast scoren av alle i aldersgruppa, og har 63% bruk av /da:/. I aldersgruppe 45-50 år gir 9-10 poeng 10% høgare bruk av /da:/, enn kva 4-6 poeng gir. Forskjellen mellom høg og låg score er altså ikkje like stor som hjå dei yngste. Dette funnet er relevant når ein skal diskutere om overgangen til /de:/ kjem til å bli fullført i framtida, eller om innbyggjarane alltid kjem til å variere mellom /da:/ og /de:/. Om overgangen til /de:/ skal bli fullført, må truleg den låge scoren ende opp med å «vinne» over den høge scoren.

Med unntak av informant 7, ser ein at dei yngste representerer ein lågare score. Dette kan tyde på ei utvikling der den vanlegaste scoren i framtida vil vere låg, og at overgangen til /de:/ dermed blir fullført. Ein kan difor sjå på informant 11 (gut, 18 år) som representant for den framtidige bruken av /de:/. då han har den lågaste scoren av alle (4/10 poeng), og konsekvent bruker /de:/. På ei anna side kan scoren vere knytt til alder. Det betyr at dei unge, som blir verande i bygda, vil få ein høgare score i vaksen alder. Informantane i aldersgruppene 45-50 år og 75-80 år har tross alt *valt* å bli verande i bygda, medan dei under 20 år ikkje har teke eit slikt val endå. Eg forsøkte å få eit svar på om dei yngste tenkte å bli verande i bygda, men informant 7 (gut, 15 år) var den einaste som ønskte å gi eit tydeleg svar. Han meinte han kom til å bli verande, og hadde også 63% bruk av /da:/. Dette er ein interessant korrelasjon, og støttar også teorien om samanhengen mellom språkbruk og lokal tilhøyrslse. Eg kjem ikkje til å diskutere vidare variabelen *det* sin framtidige utvikling, då eg ikkje kan føreseie kva som skjer i framtida, men det er viktig å poengtere at scoren for lokal tilhøyrslse ser ut til å ha ein samheng med

bruk av /da:/ og /de:/, og at scoren difor kan ha mykje å seie for korleis endringa utviklar seg vidare.

Kor knytt ein er til heimstaden, ser ut til å ha noko å seie for språkbruken på Kløvheim. Ved å vise samanhengen mellom høg score på lokal tilhøyrslse og bruk av /da:/, støttar denne undersøkinga opp om det Skjekkeland og Solheim skriv om samanhengen mellom språkbruk og tilknytning til heimstaden. Skjekkeland (2009) studerte denne samanhengen hjå unge menneske (jf. 3.7.2). I undersøkinga konkluderte han med at graden av lokal tilhøyrslse verka til å tene som ein god målestokk for i kva grad det skjer endringar i talemålet blant dei unge i Kvinesdal (2009, s. 222). Solheim (2010, s. 131) skriv også om samanhengen mellom språk og samfunn, og formulerer at det lokale talemålet gir «ein spesiell posisjon som identitetsmarkør». Det meiner eg også kjem fram i denne undersøkinga, og då i særleg grad hjå dei unge språkbrukarane.

Noko av Milroy (1989, s. 19) sin kritikk av variabelen sosioøkonomisk klasse, handlar om at språket reflekterer meir enn berre folk sin sosiale posisjon. Labov sine studiar viser korrelasjon mellom sosioøkonomisk klasse og språkbruk i *byar*. Skjekkeland poengterer at sosioøkonomisk klasse ikkje er like brukbar i norske *bygdesamfunn*, som i dei større byane. Argumentet handlar om at dei norske bygdene er mykje meir sosialt homogene enn byane (2009, s. 22). Variabelen sosioøkonomisk klasse har ikkje blitt undersøkt i dette prosjektet, og difor kan ein ikkje påstå at denne variabelen ikkje ville fungert som forklaringsfaktor. Ein kan likevel sjå at variabelen lokal tilhøyrslse ser ut til å fungere godt. Denne undersøkinga støttar dermed opp om at det er nødvendig å undersøke lokal tilhøyrslse, når ein studerer språkutvikling i typiske bygdesamfunn.

Solheim (2010, s. 121) skriv at lokal identitet er eit problematisk omgrep i eit moderne samfunn: «[...] lokalsamfunna er i stadig endring, og dei identitetsskapande faktorane er skiftande». Impulsane utanfrå formar lokalsamfunnet, og kan dermed endre kva den lokale identiteten inneber. Desse endringane inneber også at yngre og eldre får ei ulik orientering mot heimstaden. Det finst likevel undersøkingar som viser at ulik orientering mot heimstaden er essensiell for å forstå språksituasjonen som heilskap (jf. Solheim, 2010, s. 114). Ein kan mogleg tolke resultata frå Kløvheim på same måte. Det ser ein til dømes ved at informant 7 (gut, 15 år) har 63% /da:/, medan informant 9 (mann, 83 år) har 47%. Begge desse har ein poengsum på 10/10. Skarre-r-en får derimot innpass i aldersgruppene 15-20 år og 45-50 år, til tross for at dei aktuelle informantane har høg score på lokal tilhøyrslse. Dei yngre og vaksne kan altså ha ei sterk lokal

tilhøyrslø, men den vil likevel ha andre språklege utslag enn hjå dei eldre med tilsvarande poengsum.

Ein kan også tolke samanhengen mellom /da:/-bruk og høg score på lokal tilhøyrslø som eit teikn på *sosiolistisk reallokering* (jf. 3.5.3). Det er mogleg at varianten /da:/ har blitt tillagt ein sosial funksjon som skil seg frå den opphavslege bruksmåten. Bruk av /da:/ har gått frå å vere ein del av den språklege norma, til å bli ein markør for sterk lokal tilhøyrslø. Samstundes gjeld denne korrelasjonen særleg den yngste aldersgruppa. Det blir difor problematisk å konkludere med at vi har med ein sosiolistisk reallokering å gjere, då ein ikkje finn like tydeleg korrelasjon i dei to andre aldersgruppene. Ein kan likevel tenke seg at bruk av /da:/ framover vil indikere ei særleg sterk lokal tilhøyrslø.

6.5.2 *Nettverk kan mogleg spele inn på r-uttalen*

Då informant 1 (kvinne, 76 år) har ein del nære vener i Bergen, kan ein tenke at ho har eit type nettverk som i mindre grad er plassert i heimbygda. Ho har eit nettverk som også har greiner i Bergen. Denne informanten er også den einaste som har tilfelle av skarre-r. Då det berre gjeld éin informant, kan ein ikkje konkludere med at det er nokon samheng mellom skarre-r-en og denne typen nettverk. Det er likevel interessant å diskutere moglegheita for ein slik korrelasjon. Tette og mangsidige tilknytningar innanfor eitt nettverk kan bidra til at ein person vel å halde seg til dei språklege normene som høyrer til nettverket (jf. 3.7). Dei som har lause tilknytningar til andre grupper, til dømes folk frå Bergen eller andre bergensktalande område, blir formidlarar mellom sosiale grupper (Sandøy & Nesse, 2016, s. 49). Desse personane er spesielt interessante når ein snakkar om innovatørar i språksamfunnet. Ein kan difor stille spørsmålet: Er det informant 1 sin generasjon, altså aldersgruppe 75-80 år, som har dei første skarre-r-brukarane i dette språksamfunnet? At eit enkeltindivid tek i bruk eit språktrekk som ligg utanfor språknorma, er ikkje i seg sjølv noka språkending (Sandøy & Nesse, 2016, s. 47). Likevel veit vi at dei følgande generasjonane bruker skarre-r-en, og kan difor med sikkerheit kalle r-utviklinga for ei språkending. I tillegg finn vi ei mellomform av r-uttalen hjå alle dei eldre informantane. Dette kan også tale for at generasjonen representerer ein periode der skarre-r-en er på veg inn. Mellomforma kan også vere ein slags sistegenerasjons-rulle-r (jf. 5.3.1). Difor finst det gode grunnar for at informant 1 representerer ein av fleire innovatørar av skarre-r-en, i det gjeldande språksamfunnet.

6.6 Språklege føringar for /da:/ og /de:/

Resultata frå analysearbeidet tilseier at det er ein syntaktisk distribusjon av /da:/ og /de:/ hjå informantane. Om *det* er formelt subjekt, har dei ein tendens til å bruke /de:/. Ut frå dette mønsteret er det mogleg å diskutere om språkendinga følger eit indrespråkleg system som har med syntaks å gjere, eventuelt om *det* er referensielt eller ikkje. Samstundes er det endå ein indrespråkleg faktor som spelar inn på bruken av /da:/ og /de:/, og denne er på ordnivå. Det ser ut til at det finst ein fonologisk motivasjon bak bruken av /de:/. 8 av 11 informantar brukar /de:/ framfor presens av *å vere* (uttalt /e:/) i 80-100% av all /de:-bruken sin. I følgjande del vil eg drøfte både det syntaktiske og det fonologiske mønsteret, og til slutt diskutere korleis ein kan tolke endringsmønsteret. Har det å gjere med syntaks, eventuelt om *det* refererer tilbake til noko eller ikkje, eller er fonologisk forenkling ei betre beskriving?

6.6.1 Økonomiprinsippet og assimilasjon

I samanheng med det fonologiske perspektivet, er det særleg to omgrep som er relevante å diskutere: *økonomi/forenkling* og *assimilasjon*. Det er mogleg ein kan kalle informantane sin distribusjon av variantane av *det*-variabelen for ei *forenkling*, eventuelt som eit resultat av *økonomiprinsippet* ein finn i språket vårt. Desse to omgrepa er omtalt i 3.4.3. Framfor /e:/ krev det mindre energi å bruke /de:/ enn å bruke /da:/, og dette ser ut til å fungere som ein motivasjon for /de:-bruken hjå informantane. Forenkling blir sett på som den viktigaste mekanismen for den generelle språkutviklinga i Noreg (jf. 3.4.3), noko som talar for å bruke denne termen for å beskrive /de:-mønsteret.

Assimilasjon (jf. 3.4.3) er ein type forenkling som gjeld samanslåing av lydar, vanlegvis innanfor eitt og same ord, men også over ordgrenser. Difor kan assimilasjon vere eit relevant omgrep å bruke om mønsteret for /de:/. Om det er slik at /da:/ blir påverka av ein etterfølgd /e:/, slik at /da:/ blir til /de:/, har vi med ein assimilasjon å gjere. Særleg interessant er det at informantane i dei fleste tilfelle uttalar både /de:/ og /e:/. Det vil seie at dei skil mellom desse to, i staden for å slå dei heilt saman. Ein sit altså igjen med to stavingar som har like vokalar. Samstundes er det slik at /de:/ ikkje berre blir brukt framfor /e:/, men også framfor ord som byrjar med andre vokalar og konsonantar. På den måten kan det vere vanskeleg å argumentere for at /a:-en i /da:/ blir assimilert til ein /e:/, og at dette er grunnen til at ein har fått /de:-bruk i språksamfunnet. Eg held meg difor til formuleringa i førre avsnitt, nemleg at ein etterfølgd /e:/ motiverer bruk av /de:/, då det krev mindre energi å seie /de: e:/ enn /da: e:/.

6.6.2 Grensa mellom leksikon og grammatikk

Når ein skal tolke granskingsresultatet av ein språkleg variabel, er det viktig å skilje mellom kva som er ordforråd, og kva som er grammatikk. Det er ikkje usannsynleg at endringsomfang, endringsmåte og endringstempo er annleis for innhaldsord, enn kva det er for grammatiske drag (Sandøy & Nesse, 2016, s. 65). Då resultata frå analysearbeidet viser både eit fonologisk og eit syntaktisk mønster, oppstår problemstillinga: Har vi med eit grammatisk nivå å gjere, eller eit leksikalsk? Funksjonsord kan vere ein komplisert kategori når det gjeld språkending. Det er vanskeleg å vite korleis informantane behandlar ordet reint kognitivt. Kva den språklege variabelen blir behandla som, får konsekvensar for endringsprosessen og endringsmønsteret. «I dét litt ligg det altså òg ei indre språkleg føring for endringstendensane» (Sandøy & Nesse, 2016, s. 65).

Orda har eit innhald, medan grammatiske einingar står for «meir abstrakte eigenskapar som er vanskelegare tilgjengelege for bevisstheita enn orda er det» (Sandøy & Nesse, 2016, s. 64). Sandøy og Nesse poengterer at vi har mykje lettare for å legge merke til orda, medan merksemda rundt grammatiske drag er mindre. «Den folkelege tolkinga av språket, og det folk formidlar til andre om språkoobservasjonar, ligg oftast på ordnivå, endatil om lingvisten ser at det eigentleg dreiar seg om eit strukturdrag» (Sandøy & Nesse, 2016, s. 65). Bybee (2007, s. 287) poengterer at det dei siste tiåra har kome fleire argument for ei sterk gjensidig avhengigheit mellom leksikon og grammatikk. Kanskje det er ei slik avhengigheit vi ser i bruken av /dɑ:/ og /de:/? Ut frå resultata frå setningsanalysane, kan det sjå ut til at informantane har lettare for å bruke /de:/ når ordet representerer det innhaldstomme formelle subjektet i setninga. Ei mogleg tolking av dette mønsteret kan vere at /dɑ:/ oftare blir brukt om det viser til innhald frå ein tidlegare kontekst. På den måten kan ein tenke at endringsmønsteret er knytt til det grammatiske nivået.

Leksikalske endringar er gjerne dei som endrar seg raskast (Papazian & Helleland, 2016, s. 145). At innføringa av /de:/ går så sakte som den gjer, talar også for at vi har meir med ei grammatisk endring å gjere, enn ei leksikalsk. Likevel har vi funn som talar for at bruken av /de:/ er motivert av fonologisk forenkling, som talar for eit endringsmønster knytt til det leksikalske nivået. Eg kjem difor ikkje til å konkludere med kva for indrespråklege føringar som best beskriver bruksmønsteret for /de:/ hjå informantane. Det viktigaste med denne delen av analysearbeidet har uansett vore å finne ut om endringa utviklar seg etter eit bestemt indrespråkleg system, og vi har no sett at det finst tendensar til dette.

6.7 Språklege føringar for skarre-r-en

Ein finn ikkje eit tydeleg indrespråkleg mønster for r-uttalen. Den einaste korrelasjonen ein finn er at [ɹ] er vanlegast i innlyd, og r-bortfall i utlyd. Likevel kan det vere interessant at det ikkje er eit tydeleg mønster for bruken av ulike uttalemåtar. Om ein til dømes samanliknar informant 1 og 4, ser ein at desse har heilt forskjellige måtar å variere på. Dette kan i seg sjølve vere eit funn, då det talar for ein kaos-periode i endringsprosessen. I denne samanhengen kan det vere interessant å trekke inn teori om koinédanning. Sjølv om endringane ikkje nødvendigvis blir sett på som utvikling av ein koiné, då det ikkje er tilflytting som hovudsakleg utløyser endringane, kan ein likevel finne fellestrekk mellom koinédanningsprosessar, og det som skjer på Kløvheim. I dette tilfellet kan regionale koinéar vere eit relevant omgrep, då desse femner om kompromissformer som har opphav i kontakt mellom ulike varietetar innanfor ein region (jf. 3.5.3).

Ein går vanlegvis ikkje direkte frå eitt system til eit anna. Etter ein periode med kontakt kjem gjerne ein periode med språkleg kaos (jf. 3.5.3). I denne fasen finst det stor intra- og interindividuell variasjon, samstundes som fokuseringsprosessar gjer at ein til slutt landar på ei felles, språkleg norm, i dette tilfellet skarre-r. Då aldersgruppa 75-80 år truleg representerer ei mellomgruppe i overgangen til skarre-r, kan vi sjå på denne generasjonen som ein del av kaos-perioden i språkendringa. Dei eldste opererer med minst fire ulike strategiar for å uttale r-en, medan den neste generasjonen berre opererer med éin. Bruk av ei mellomform av r-en, eventuelt det Trudgill kallar ei interdialektal form (jf. 3.5.3), kan verke som ein slags tilpassingsstrategi blant dei eldre. I byrjinga av kaosperioden kan ein også finne ekstrem variabilitet (Solheim, 2010, s. 100), noko som viser seg i alle dei ulike r-strategiane hjå dei eldre. Den eldste aldersgruppa gir med andre ord innblikk i korleis lyden r utviklar seg i ein målbrytingssituasjon mellom to hovudvariantar av denne.

6.8 Kaos versus system

Den leksikalske endringa har ein meir systematisk og sakte utviklingsprosess, medan den fonologiske viser ein meir kaotisk og plutselig endring. Plasseringa av /da:/ og /de:/ ser ut til å ha eit mønster, i tillegg til at prosentbruken av /de:/ gradvis aukar nedover i aldersgruppene. Ein finn ikkje eit indrespråkleg system for r-uttalen hjå dei eldre, men heller eit kaos av intraindividuelle variasjonsmønster. I tillegg skjer den fullstendige overgangen til skarre-r i løpet av éin generasjon, noko ein kan sjå på som relativt raskt. På den måten skil

utviklingsprosessen for den leksikalske og den fonologiske endringa seg frå kvarandre. Desse ulike utviklingsprosessane har eg valt å omtale som «kaos versus system».

Då ein ikkje finn noko indrespråkleg mønster for r-variasjonen, kan ein konkludere med at vi har med ein fri variasjon å gjere. Bruken av *det*-variantane har derimot tendensar til å vere komplementært fordelte, men det er ikkje sikkert det syntaktiske mønsteret er tydeleg nok for å kome med ein slik påstand. Ein treng truleg meir forskning på denne *det*-fordelinga. Eit mønster som derimot kjem tydeleg fram, er det fonologiske mønsteret, der ein etterfølgd /e:/ fremjar bruk av /de:/. I den samanhengen kan *strukturell reallokering* (3.5.3) vere ei meir treffande beskriving, enn komplementær fordeling. Utviklinga til /de:/ ser ut til å ha gått frå det sosiografiske, til at ein i denne dialekten får ein fonologisk distribusjon, eventuelt ein grammatisk distribusjon, om ein vektlegg tendensen til det syntaktiske mønsteret.

6.9 Forenkling og nivellering – felles for begge språkvariablane?

I dette kapitlet har det kome fram at økonomi, eller *forenkling*, kan fungere som indrespråkleg beskriving av både den leksikalske og den fonologiske endringa. Med bakgrunn i teori om skarre-r-en, samt det raske endringstempoet som denne undersøkinga viser, kan ein tru at skarre-r-en er ein enklare lyd å uttale. Difor kan ein kalle endringa ei forenkling. For bruk av /de:/ ser det ut til at fonologiske omgivnader har ei påverknadskraft. Om /e:/ er neste ord etter *det*, bruker informantane oftare /de:/ enn /da:/. Dette talar også for ei forenkling.

I ein «målbrytings-situasjon» der fleire lyd- eller bøyingsssystem konkurrerer, vil den enklaste uttalen eller det enklaste systemet difor ha størst sjanse til å slå gjennom, under elles like vilkår (Papazian & Helleland, 2016, s. 139).

Vi veit endå ikkje utfallet for variabelen *det*, men det ser ut til at /de:/ tek meir og meir over, om ein tenker at tilsynelatande tid speglar ekte tid (jf. 4.4.1). Skarre-r-en veit vi derimot at har vunne. Difor kan ein argumentere for at begge desse endringane er ein del av det Papazian og Helleland (2016, s. 139) kallar den «viktigaste mekanismen i språkutviklinga i vår del av verda i våre dagar [...]». Begge forenklingane ser ut til å ha ei - i hovudsak - fonologisk bakgrunn, og det handlar nok difor ikkje om ei systemforenkling (jf. 3.4.3). Om /da:/ og /de:/ har levd side om side lenge før den eldste generasjonen, der det har vore «valfritt» å bruke den eine eller den andre varianten, er det mogleg vi kan snakke om ei systemforenkling. Eg held likevel meir mot at det har med fonologi å gjere.

Forenkling i språkstrukturen kan bli omtalt som *dialektnivellering* (jf. 3.5.2). Dialektnivellering vil på lengre sikt føre til reduksjon av variasjon. I ein overgangsfase vil ein derimot kunne finne auka variasjon (Skjekkeland, 2009, s. 85; jf. Røyneland, 2005, s. 40). Nettopp dette kan ein sjå i utviklinga til *det*. Ein finn variasjonar i alle aldersgrupper, men størst er den blant dei i aldersgruppa 15-20 år. For r-en har vi ikkje like god innsikt, men vi ser at det finst individuelle variasjonsmønster i uttalemåte hjå dei eldste, noko som kan tyde på at vi også her har med ein overgangsfase å gjere. I kaos-fasen, som den eldste aldersgruppa representerer, er det fleire r-strategiar i sving, medan skarre-r-en blir valt som ny språkleg norm i den neste aldersgruppa. Det går ikkje like raskt med overgangen til /de:/, men ein ser at bruken av varianten /da:/ minkar til fordel for /de:/. På den måten kan ein truleg omtale begge endringane som ein del av ein nivelleringsprosess.

7. Avslutning

7.1 Oppsummering og konklusjon

Dette prosjektet viser korleis språkendringar er komplekse. Funna frå undersøkinga synleggjer at det er nødvendig å sjå på både ytre og indre faktorar, når ein skal å forsøke å beskrive og forklare utviklingsprosessen for språkendringar. Eit fokus for dette prosjektet har vore å samanlikne språkendring på ulike språknivå. Svara på delspørsmåla for problemstillinga har gjort det mogleg å samanlikne endringsprosessane for *det* og r-uttalen. Samanlikninga viser at overgangen til /de:/ si utvikling liknar det som er normalt for språkendringar, medan overgangen til skarre-r skil seg meir ut. Ein finn også ein klar samanheng mellom høg score på lokal tilhøyrslø og bruk av /da:/, medan rulle-r ser ut til å ha mest med alder å gjere. At /de:/ i mindre grad enn rulle-r er eit aldersbasert fenomen, kan tyde på at desse språklege variantane har ulik identifiseringsfunksjon. Kvinnene har også ein tendens til å bruke /da:/ meir enn mennene, medan det kanskje er motsett for r-uttalen. Det finst ikkje belegg for å kunne stadfeste sistnemnde påstand, og kan difor vere noko å sjå på i vidare forskning. Ein elles viktig observasjon er at ein strukturell reallokering ser ut til å gjere seg gjeldande, ved at dei ulike variantane av *det* viser teikn til eit mønster, både syntaktisk og fonologisk. Aller tydelagast er det fonologiske mønsteret, ved at ein etterfølgd /e:/ fremjar bruk av varianten /de:/. Dette kan truleg forklare kvifor overgangen til /de:/ er meir systematisk, enn kva bruken av dei ulike r-ane er. Eit slikt funn kan også forklare kvifor *det*-endringa går saktare enn kva overgangen til skarre-r har gjort.

Eit viktig funn frå dette prosjektet er r-variasjonen hjå informantane i aldersgruppa 75-80 år. For det første fortel denne variasjonen mykje om korleis overgangen frå rulle-r til skarre-r ser ut. I dette prosjektet har eg omtalt den som eit «språkleg kaos». For det andre har vi truleg med ein språkleg innovatør å gjere. Informant 1 (kvinne, 76 år) er den einaste i denne aldersgruppa som har tilfelle har skarre-r, i tillegg til alle dei andre uttalestrategiane for r-en ([r], [ɾ], r-bortfall). Variasjonen i den eldste aldersgruppa gir oss grunn til å tru at dette er ei mellomgruppe i overgangen til skarre-r. Dette funnet kan truleg vere eit bidrag til vidare r-forsking på Vestlandet.

7.2 Veggen vidare

Eitt mål med dette prosjektet har vore å sjå om det finst eit system for plasseringa av /da:/ og /de:/ i setninga. For å få eit betre innblikk enn kva ein har fått i denne undersøkinga, kan testsetningar vere ein idé for vidare undersøking. Ut frå resultata er det no mogleg å lage testsetningar. For å undersøke det fonologiske kunne ein brukt setningar som startar med «Det er», og la informantane vurdere om dei ville brukt /da:/ eller /de:/. For vidare undersøking av eit syntaktisk mønster, kunne ein brukt setningar med *det* som formelt subjekt, *det* som referensielt subjekt, og *det* som referensielt objekt. Ein kan difor seie at prosjektet fungerer som grunnlag for vidare forskning av eit indrespråkleg mønster for variasjonen /da:/ og /de:/.

Ei anna idé for vidare forskning er å intervjuje eit større informantutval for r-uttalen. Her kan ein også inkludere aldersgruppa 55-60 år, for å få eit betre innblikk i overgangen til skarre-r-en. Eg har sjølv gjort ei avgrensing, slik at arbeidet blei overkommeleg. Prosjektet viser likevel at det kan vere interessant å finne ut meir om overgangen til skarre-r, spesielt med tanke på at aldersgruppa 75-80 år truleg representerer ei mellomgruppe i overgangen. Om ein hadde inkludert endå ei aldersgruppe, til dømes 55-60 år, hadde det mogleg kome fram at mellomgruppa er større enn kva denne undersøkinga viser. I tillegg kunne ein undersøkt om det finst ein samanheng mellom kjønn og r-uttale.

Skiljet mellom kva som utgjer ei beskriving av ei språkending, og kva som utgjer ei forklaring, er ei problemstilling som har blitt belyst i løpet av dette prosjektet. I mykje av språkendringslitteraturen finn ein indre og ytre *forklaringsfaktorar*. Eg har likevel valt å bruke *beskriving* om dei indre faktorane, og *forklaring* om dei ytre. Til dømes er det vanskeleg å grunnge at forenkling kan forklare ei språkending. Ein ekstern faktor har truleg bidrege til at denne forenklinga har skjedd. Difor fungerer forenkling betre som ei beskriving enn ei forklaring. Prosjektet kan med andre ord bidra til vidare diskusjon av ulike omgrep brukt i sosiolingvistikken.

Litteratur

- Akselberg, G. (2017). Talevariasjon, register og medvit. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte* (s. 127-147). Cappelen Damm.
- Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2017). Sosiolingvistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte* (s. 73-103). Cappelen Damm.
- Andersen, H. (1989). Understanding linguistic innovations. *Trends in Linguistics. Studies and Monographs*, 43, 5-27.
- Bergfjord, K. (2005). Talemålet i Lindås. *Mimra*, 103-105.
- Bugge, E. (2020). Sosiolingvistisk undersøkelse av talemålsvariasjon og dialektendring. I R. Neteland & L.I. Aa (Red.), *Master i norsk. Metodeboka 2.* (s. 216-229). Universitetsforlaget.
- Bybee, J. L. (2007). *Frequency of Use and the Organization of Language*. Oxford University Press.
- Chambers, J.K. (2013a). Studying Language Variation. An Informal Epistemology. I J.K. Chambers (Red.), *The handbook of language variation and change* (s. 1-17). John Wiley & Sons.
- Chambers, J.K. (2013b). Patterns of Variation including Change. I J.K. Chambers (Red.), *The handbook of language variation and change* (s. 297-425). John Wiley & Sons.
- Eckert, P. & McConnell-Ginet, S. (2003). *Language and gender*. Cambridge University Press.
- Foldvik, A. K. F. (1988). Spredning av skarring i Norge i løpet av om lag 70 år. I *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 1-2, 55-61.

- Faarlund, J.T. (1987). Om beskriving og forklaring i lingvistisk teori. I *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 1, 13-28.
- Faarlund, J.T., Lie, S. & Vannebo, K.I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelig metode*. Fagbokforlaget.
- Gullestad, M. (1997). Home, local community and nation. Connctions between everyday life practices and constructions of national identity. *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale*, 92, 47-82.
- Haslum, V. (2012). Hvor lenge har kristiansandere skarret på r-en? I U. Røyneland & H. O. Enger (Red.), *Fra holtijaR til holting* (s. 157-172). Novus.
- Haugen, R. (1998). *Variasjon og endring i sogndalsdialekten*. [Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen].
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Damm Akademisk.
- Keller, R. (1994). *On language change. The Invisible Hand in Language*. Routledge.
- Kerswill, P. (1994). *Dialects Converging*. Clarendon Press.
- Kerswill, P. & Trudgill, P. (2005). The birth of new dialects. I P. Kerswill, P. Auer & F. Hinskens (Red.), *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages* (s. 196-220). Cambridge University Press.
- Kløvheim ungdomslag. (2022, 15. februar). *Nyheim kino*. <https://www.nyheimkino.no/>
- Knutzen, Å. (1994). *Overgang frå rulle-r til skarre-r. Ei undersøking av r-fonemet i Øvre Vats*. [Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen].

- Kulbrandstad, L. A. & Kinn, T. (2016). *Språkets mønstre*. Universitetsforlaget.
- Labov, W. (1963). The Social Motivation of a Sound Change. *Word*, 19(3), 273-309.
- Labov, W. (1966). *The Social Stratification of English in New York City*. Center for Applied Linguistics.
- Labov, W. (1994). *Principles of Linguistic Change. Internal Factors*. (Band 1). Wiley-Blackwell.
- Lund, M. (2019). *Talemålsvariasjon på Vest-Karmøy* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen].
- Matras, Y. (2010). Contact, Convergence, and Typology. I R. Hickey (Red.), *The handbook of language contact* (s. 66-85). John Wiley & Sons.
- Milroy, L. (1987). *Language and Social Networks*. Blackwell.
- Monka, M., Quist, P. & Skovse, A. R. (2020). Place of attachment and linguistic variation: A quantitative analysis of language and local attachment in a rural village and an urban social housing area. *Language in Society*, 49(2), 173-205. [https://doi.org/10-1017/S0047404519000733](https://doi.org/10.1017/S0047404519000733)
- Mæhlum, B. (1999). *Mellom Skylla og Kharybdis. Forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap*. Novus.
- Mæhlum, B. (2017). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte* (s. 105-126). Cappelen Damm.
- Nesse, A. (1994). *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten, Talemål i Bergen*, Prosjektet Talemål hos ungdom i Bergen nr. 5. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

- Neteland, R. (2009). «Vann og kan og mann». *En sosiolingvistisk studie av nn-variabelen og andre språktrekk blant ungdommer i Narvik* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen].
- Papazian, E. & Helleland, B. (2016). *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Høyskoleforlaget.
- Rampton, B., Maybin, J. & Roberts, C. (2017). Methodological foundations in linguistic ethnography. *Tilburg Papers in Culture Studies* 102, 1-24.
- Revheim, I. J. (1993). Litt om Osterøy-målet i dag. *Osterøy i søge og samtid. Sogeskrift for Osterøy*, 113-120.
- Rundhovde, G. (1976). Målføra eller dialektane I Hordalandsbygdene og I Bergen by. I G. H. Hartvedt (Red.), *Hordaland og Bergen* (s. 394-408). I serien *Bygd og by i Norge*. Gyldendal.
- Rydland, J. M. L. (2017). Strilane. *Mimra*, 12, 36-37.
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. [Doktoravhandling, Universitetet i Oslo].
- Røyneland, U. (2013). Kan dialektkontakt forklare språkendring? I J. H. Hyvik & S. J. Walton (Red.), *Der var ruskut å leggja utpå'. Ti år med mastergraden i nynorsk skrifkultur* (s. 187-205). Novus.
- Røyneland, U. (2017). Språk- og dialektkontakt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte* (s. 195-219). Cappelen Damm.
- Sandøy, H. (1985). *Norsk dialektkunnskap*. Novus.
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Novus.

- Sandøy, H. & Nesse, A. (2016). Språkendring. I H. Sandøy (Red.), *Mønster* Band I av H. Sandøy & A. Nesse (Red.), *Norsk språkhistorie I-IV* (s. 33-99). Novus.
- Selås, M. (2003). *Dialektal variasjon og endring aust på Agder – beskrive og forklart ved to språklege variablar* [Doktoravhandling, Universitetet i Bergen].
- Selås, M. (2005). Forklaring og forståing i sociolingvistikken. *Målbryting*, 7, 169-189.
- Selås, M. & Neteland, R. (2019). Norwegian children's acquisition of the dialect feature *r*. *International journal of Language and Communication*, 49, 5-23.
- Siegel, J. (2001). Koine formation and creole genesis. I N. Smith (Red.), *Creolization and contact* (s. 176-197). John Bejamins.
- Sivertsen, E. (1967). *Fonologi. Fonetikk og fonemikk for språkstudenter*. Universitetsforlaget.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Høgskoleforlaget.
- Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Novus.
- Solheim, R. (2006). *Språket i smeltegryta. Sociolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*. [Doktorgradsavhandling, NTNU].
- Solheim, R. (2010). *Sosial smeltedigel – språklege legeringar. Om talemålsutviklinga i industrisamfunnet Høyanger*. Tapir akademisk forlag.
- Sørhaug, H. C. (1984). Totemisme på norsk – betraktninger om det norske sosialdemokratiets vesen. I A. M. Klausen (Red.), *Den norske væremåten* (s. 61-88). Cappelen.
- Thomason, S. & Kaufman, T. (1988). *Language Contact, Creolization, and Genetic Linguistics*. University of California Press.
- Thomason, S. (2001). *Language Contact: An Introduction*. Georgetown University Press.

- Thomason, S. (2010). Contact and Explanations. I R. Hickey (Red.), *The handbook of language contact* (s. 31-48). John Wiley & Sons.
- Torp, A. (2007). *R. Ei urokråke i språket*. Samlaget.
- Torp, A. & Vikør, L. S. (2014). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Gyldendal akademisk.
- Trudgill, P. (1986). *Dialects in contact*. Blackwell.
- Velle, I. H. (2016). *Partisippkongruens og formelle subjekt i herøydialekta. Ein dialektsyntaktisk studie* [Masteroppgåve, NTNU].
- Venås, K. (1991). *Mål og miljø*. Novus.
- Weinreich, U, Labov, W. & Herzog, M. (1968). Empirical foundations for a theory of language change. I W.P. Lehmann & Y. Malkiel (Red.), *Directions for historical linguistics. A symposium* (s. 95-188). University of Texas Press.
- Wolfram, W. & Schilling-estes, N. (2003). Dialectology and Linguistic Diffusion. I B.D. Joseph & R.D. Janda (Red.), *The handbook of historical linguistics* (s. 713-735). Blackwell.
- Ødegård, R. H. (2013). *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odde og Tysseidal*. [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen].
- Aasen, I. (1848). *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Werner & Comp.
- Aasgard, L., Aasgard A. L., Aasgard, O. (1980). Aasgard Møbelfabrikk (manuskript).
- Åsgard, A. (1999). *Skulen i «gamle» Lindås 1890-1963*. I *Skulesoge for Lindås*. Band II (s. 69-185). Nordhordland forlag.

Vedlegg 1 – Intervjuguidar

Intervjuguide aldersgruppe 15-20 år

Spørsmål for å kome i gong

Fortel om korleis ein vanleg dag går føre seg i livet ditt.

Kva linje går du/har du gått på vidaregåande?

Kva yrke har foreldra dine?

Kva meiner du er bra med å bu i denne bygda?

Kva meiner du kan vere dårleg med å bu her?

Lokal tilhøyrse

Nettverk-inspirert

Kor mange slektningar har du i same bygd?

Kor mange år har du budd her?

Deltek du på noko organisert fritidssyssele i bygda?

Kor går du på skule/kor arbeidar du?

Har du dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd?

Kor ofte handlar du på Nærbutikken?

Deltek du på noko dugnadsarbeid for bygda?

Plar du å delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino?

ILA-inspirert

Fortid:

Kor er foreldra dine frå?

Kor har du gått på skule tidlegare i livet?

Kan du beskrive kvar du har vekse opp?

Notid:

Kor er dei næraste vennene dine frå?

Framtid:

Ønsker du å bli verande i bygda, eller kunne du tenkt deg å flytte vekk? Kor, i så fall?

Spørsmål for å få fram trykk

Kva tenker du om at barneskulen her skal leggest ned?

Kan du fortelje litt om kva du syns om busstilbodet her?

Er du einig i at fritidstilbodet her er noko dårleg?

Kva tenker du om at nokon meiner karakterar bør innførast på barneskulenivå?

Kva trur du bergensarar sitt syn er på strilar og strilemålet?

Er du oppteken av å halde på dialekten din? Kvifor/kvifor ikkje?

Ekstra (bygd versus by)

Har du tru på at bygda kjem til å bestå langt fram i tid?

Kva er grunnar til at du reiser inn til byen? Kva gjer du der?

Tilpassar du talemålet ditt når du snakkar med folk med ein annan dialekt, til dømes bergensk?

Har du nokon gong fått kommentarar på dialekten din? Av kven, i så fall? Utdjup gjerne.

Intervjuguide aldersgruppe 45-50 år og 75-80 år

Spørsmål for å kome i gong

Fortel om korleis ein vanleg dag går føre seg i livet ditt.

Kva yrke har/hadde foreldra dine?

Kva meiner du er bra med å bu i denne bygda?

Kva meiner du kan vere dårleg med å bu her?

Lokal tilhøyrse

Nettverk-inspirert

Kor mange slektingar har du i same bygda?

Kor mange år har du budd her?

Deltek du på noko organisert fritidssyssele i bygda?

Kor arbeidast du?

Har du dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd?

Kor ofte handlar du på Nærbutikken?

Deltek du på noko dugnadsarbeid for bygda?

Plar du å delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino?

ILA-inspirert

Fortid:

Kor er/var foreldra dine frå?

Kor har du jobba/utdanna deg tidlegare i livet?

Kan du beskrive kvar du vaks opp?

Notid:

Kor er dei næraste vennene dine frå?

Framtid:

Ønsker du å bli verande i bygda, eller kunne du tenkt deg å flytte vekk? Kor, i så fall?

Spørsmål for å få fram trykk

Kva tenker du om at barneskulen her skal leggest ned?

Kan du fortelje litt om kva du syns om busstilbodet her?

Kva tenker du om at bensinprisene går opp?

Kva tenker du om at det er så mange bomstasjonar på veg mot Bergen, slik det er no?

Kva trur du bergensarar sitt syn er på strilar og strilemålet?

Er du oppteken av å halde på dialekten din? Kvifor/kvifor ikkje?

Ekstra (bygd versus by)

Vil du seie at bygdefellesskapen er annleis i dag en kva den var før? Grunnje svaret ditt.

Har du tru på at bygda kjem til å bestå langt fram i tid?

Kva er grunner til at du reiser inn til byen? Kva gjer du der?

Tilpassar du talemålet ditt når du snakkar med folk med ein annan dialekt, til dømes bergensk?

Har du nokon gong fått kommentarar på dialekten din? Av kven, i så fall? Utdjup gjerne.

Vedlegg 2 – Samtalelogg

Stad:

Dato:

Namn på informant:

1. Kor fann samtalen stad?

2. Korleis verka informanten under samtalen?

3. Skjedde det noko under samtalen som kan ha påverka informanten?

Vedlegg 3 – Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt

Eg går lektorutdanning med master i nordisk ved Universitetet i Bergen, og skal no skrive ei avsluttande masteroppgåve om språkending i strilemålet. Ein del av prosjektet mitt inneber å intervjuje tolv innbyggjarar frå tre ulike aldersgrupper. Då det er ei undersøking av talemålet, altså korleis folk pratar, er det ikkje svara i seg sjølve som er interessante for meg. Det er heller måten informanten pratar på som er relevant for undersøkinga mi, som vil seie kva for trekk i dialekten informanten har.

Lengda på samtalen blir på rundt 15-20 minutt. Samtaleemna vil omhandle jobb/skule, fritid og heimstaden. Det vil også bli teke lydopptak av samtalen. Det er frivillig å vere med, og ein kan trekke seg utan grunngjeving når som helst undervegs, innan prosjektet er ferdig våren 2022.

Opplysningane frå samtalen blir behandla i tråd med Datatilsynet sitt regelverk. Det er berre eg og rettleiaren min som kjem til å lytte til opptaka, og ut frå desse gjere språklege analysar til oppgåva. Begge to har teieplikt, og det skal ikkje vere mogleg å identifisere eller kjenne igjen informantane i rapportar frå studien. Undersøkinga er heilt anonym. Informantane sitt namn vil i oppgåva bli erstatta med eit referansenummer, eller eit pseudonym.

Lydopptaka og transkripsjonane vil bli lagra ulike stader i løpet av arbeidet med prosjektet. Namnelista på informantane vil bli oppbevart separat frå opptaka på papir (ikkje elektronisk), slik at det ikkje vil vere mogleg for andre enn forskaren å kople opptaka saman med namna.

Om det er noko du lurar på, kan du ringe meg på 41463545, eller sende ein e-post til sunniva.setre@uib.no. Rettleiaren min er Agnete Nesse, professor ved UiB.

Samtykkeerklæring

Eg har fått informasjon om prosjektet, tillèt at _____ deltek i samtale i oktober 2021, godtek at samtalen blir teke opptak av, og at det blir brukt til forskingsføremålet som er nemnt ovanfor.

Dato: ____/____ 2021

Underskrift:

Vedlegg 4 – Poengsystem for *lokal tilhørsle*

Aldersgruppe 15-20

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen. **1 poeng**
2. Har budd i bygda heile livet. **1 poeng**
3. Deltok på noko form for organisert fritidssyssele i bygda (hovudsakeleg korps). **2 poeng**
4. Går på skule/arbeidar i nærleiken av bygda (ikkje Bergen). **1 poeng**
5. Har dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd. **1 poeng**
6. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino. **1 poeng**
7. Foreldra er frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd store delar av livet i bygda. **1 poeng**
8. Har gått på barneskule i bygda, og ungdomsskule på Ostereidet. **1 poeng**
9. Dei nærmaste vennene er frå bygda (eller nær nabobygd). **1 poeng**

Aldersgruppe 45-50 og 75-80

1. Er i slekt med meir enn ein husstand i tillegg til sin eigen. **1 poeng**
2. Har budd i bygda heile livet (utanom eventuell studietid). **1 poeng**
3. Deltok/deltok på noko form for organisert fritidssyssele i bygda. **2 poeng**
4. Arbeidar/arbeida i nærleiken av bygda (ikkje Bergen). **1 poeng**
5. Har/hadde dagleg kontakt med ein eller fleire i same bygd. **1 poeng**
6. Deltok/deltok på dugnadsarbeid for bygda. **1 poeng**
7. Plar delta på sosiale treff, som konsertar, basar, pub eller kino. **1 poeng**
8. Foreldra er/var frå bygda (eller nær nabobygd), eller har budd/budde store delar av livet i bygda. **1 poeng**
9. Dei nærmaste vennene er frå bygda (eller nær nabobygd). **1 poeng**

Vedlegg 5 – Alle informantar sin bruk av /da:/ og /de:/, og score på lokal tilhøyrslø

Informant og score	/da:/	/de:/	Til saman	
1 (dame 76 år) 9/10 poeng	61 (92,42%)	5 (7,58%)	66	100%
2 (dame 48 år) 9/10 poeng	15 (62,5%)	9 (37,5%)	24	100%
3 (dame 48 år) 9/10 poeng	40 (68,97%)	18 (31,03%)	58	100%
4 (mann 81 år) 9/10 poeng	36 (83,72%)	7 (16,28%)	43	100%
5 (jente 17 år) 5/10 poeng	15 (40,54%)	22 (59,46%)	37	100%
6 (jente 16 år) 7/10 poeng	23 (44,23%)	29 (55,77%)	52	100%
7 (gut 15 år) 10/10 poeng	19 (63,33%)	11 (36,37%)	30	100%
8 (dame 83 år) 9/10 poeng	29 (70,73%)	12 (29,27%)	41	100%
9 (mann 83 år) 10/10 poeng	16 (47,06%)	18 (52,94%)	34	100%
10 (mann 48 år) 8/10 poeng	38 (63,33%)	22 (36,67%)	60	100%
11 (gut 18 år) 4/10 poeng	1 (2,78%)	35 (97,22%)	36	100%
12 (mann 50 år) 6/10 poeng	26 (57,78%)	19 (42,22%)	45	100%

Vedlegg 6 – Plassering av r-variantar

[ɐ]

Plassering i ordet	Informant 1 Dame, 76 år	Informant 4 Mann, 81 år	Informant 8 Dame, 83 år	Informant 9 Mann, 83 år
Framlyd	5	0	0	0
Innlyd	2	0	0	0
Utlyd	4	0	0	0

[ɹ]

Plassering i ordet	Informant 1 Dame, 76 år	Informant 4 Mann, 81 år	Informant 8 Dame, 83 år	Informant 9 Mann, 83 år
Framlyd	0	1	0	0
Innlyd	30	5	3	3
Utlyd	6	3	0	1

r-bortfall

Plassering i ordet	Informant 1 Dame, 76 år	Informant 4 Mann, 81 år	Informant 8 Dame, 83 år	Informant 9 Mann, 83 år
Framlyd	0	0	0	0
Innlyd	12	8	8	1
Utlyd	26	5	8	14

Vedlegg 7 – Syntaks for /da:/ og /de:/

/da:/

Informant	Innhaldstomt (formelt subjekt, formelt objekt)	Innhald (subjekt, objekt, predikativ, utfylling til prep.)	Determinativ	Alle analyserte setningar med /da:/ (100%)
1 (kvinne, 76 år)	19	28	4	51
2 (kvinne, 48 år)	3	8	3	14
3 (kvinne, 48 år)	10	24	3	37
4 (mann, 81 år)	14	17	3	34
5 (jente, 17 år)	6	9		15
6 (jente, 16 år)	6	15		21
7 (gut, 15 år)	7	10		17
8 (kvinne, 83 år)	9	18		27
9 (mann, 83 år)	3	7	2	12
10 (mann, 48 år)	11	21	4	36
12 (mann, 50 år)	5	18	2	25
Alle	93	175	21	289

/de:/

Informant	Innhaldstomt (formelt subjekt, formelt objekt)	Innhald (subjekt, objekt, predikativ, utfylling til prep.)	Determinativ	Alle analyserte setningar med /de:/ (100%)
1 (kvinne, 76 år)	5			5
2 (kvinne, 48 år)	7	2		9
3 (kvinne, 48 år)	9	8		17
4 (mann, 81 år)		6	1	7
5 (jente, 17 år)	15	7		22
6 (jente, 16 år)	9	17	2	28
7 (gut, 15 år)	9	2		11
8 (kvinne, 83 år)	9	3		12
9 (mann, 83 år)	4	14		18
10 (mann, 48 år)	12	10		22
12 (mann, 50 år)	8	11		19
Alle	83	80	3	170

Samandrag

Student: Sunniva Hindenes Sætre

Tittel: «Ei sosiolingvistisk samanlikning av to språktrekk i endring»

Undertittel: Realisasjon av *det* og *r* i ei bygd i Nordhordland

Rettleiar: Agnete Nesse

Denne masteroppgåva er ei undersøking av variasjonen /da:/ og /de:/ og rulle-r og skarre-r. I tradisjonelt strilemål har det i utgangspunktet blitt brukt /da:/ for *det*, og r-en har blitt uttalt med rulle-r. Desse trekka er no i endring, der /de:/ er på veg inn, og der bruk av rulle-r no berre finst blant dei eldre innbyggjarane. Undersøkinga ser på både sosiolingvistiske og indrespråklege faktorar for språkendingane. Dei indrespråklege faktorane blir brukt som beskriving av endringane, og dei sosiale som forklaring på kvifor endringane skjer. Undersøkinga er basert på individuelle intervju med tolv informantar. Desse var fordelte på tre aldersgrupper, med to av kvart kjønn i kvar gruppe. Aldersgruppene var: 15-20, 45-50 og 75-80. Informantane er henta frå Kløvheim skulekrins.

Den overordna problemstillinga for prosjektet lyder som følger: *Korleis går ei leksikalsk språkending føre seg, samanlikna med ei fonologisk?* For å løyse problemstillinga, har eg svart på følgjande spørsmål:

- 1) Kor raskt skjer endringane?
- 2) Dannar endringane eit sosialt mønster?
- 3) Utviklar endringane seg etter eit bestemt, indrespråkleg system?

Dei sosiale variablane brukt i prosjektet er *alder*, *kjønn* og *lokal tilhøyrslø*. Lokal tilhøyrslø er ein variabel sett saman av ulike indikatorar. Det blei laga to ulike indeksar for aldersgruppene, der den eine gjaldt aldersgruppa 15-20 år, og den andre aldersgruppene 45-50 år og 75-80 år. Indeksane er basert på teori om nettverk og lokal identitet. Informantane kunne få maksimalt 10 poeng. Resultata viser at overgangen til /de:/ går saktare enn kva overgangen til skarre-r har gjort. Dei viser også ein klar samanheng mellom høg score på lokal tilhøyrslø, og bruk av tradisjonsforma /da:/. Ein finn ikkje tilsvarende samanheng når det gjeld rulle-r, då denne språklege variabelen er eit aldersbasert fenomen. Kvinnene har ein tendens til å bruke /da:/ meir enn mennene, men ein finn ikkje tilsvarende korrelasjon for r-uttalen. Resultata viser tendensar til eit indrespråkleg system for *det*-variantane. Det eine har med syntask å gjere, det andre med

fonologi. Ein finn ikkje eit indrespråkleg system for r-uttalen. Her finn ein heller forskjellige måtar å variere på. På den måten kan ein omtale den indrespråklege overgangen til /de:/ som systematisk, og den indrespråklege overgangen til skarre-r som meir kaotisk.

English summary

Student: Sunniva Hindenes Sætre

Title: «A sociolinguistic comparison of two changing language features»

Subtitle: The realization of *det* (*it*) and *r* in a small community in Nordhordland

Tutor: Agnete Nesse

This master thesis is a study of the variation between /dɑ:/ and /de:/, which are two different ways to pronounce *it*, and front-r and back-r, which are two different ways to pronounce the Norwegian r. In the traditional dialect *strilemålet*, /dɑ:/ is the main way of pronouncing *it*, and front-r the main way of pronouncing the r. These features are now changing. /de:/ is used more and more, and the front-r is now only used by the elderly. The study involves both sociolinguistic and internal factors of language change. The internal factors are used as a description of the language changes, and the social ones as an explanation for why the changes occur. The study is based on interviews with twelve informants. They were divided into three age groups, with two from each gender in each group. The age groups were: 15-20, 45-50 and 75-80. The informants live in Kløvheim skulekrins.

The study focuses on the differences between a lexical and a phonological language change. This has been done by answering the following questions:

- 1) How fast do the changes happen?
- 2) Do the changes form a social pattern?
- 3) Do the changes develop according to a specific, internal language system?

The social variables used in the project are *age*, *gender* and *local attachment*. Local attachment is a variable composed of different indicators. Two different indexes were created for the age groups, one of which concerned the age group 15-20, and the other age groups 45-50 and 75-80. The indexes are based on theory on network and local identity. The informants could get a maximum of 10 points. The results show that the transition to /de:/ is slower than the transition to back-r. They also show a clear connection between a high score on local attachment, and the use of the traditional variant /dɑ:/. The results show that there is no such connection between the front-r and local attachment. This linguistic variable is clearly an age-based phenomenon. Women tend to use /dɑ:/ more than men, but we do not find the same correlation for the r-pronunciation. The results also show tendencies towards an internal language system for the

pronunciation of *it*. One has to do with syntax, the other with phonology. There is no internal language system for the r-pronunciation. Therefore we can refer to the internal language transition to /de:/ as systematic, and the internal language transition to back-r as a more chaotic process.

Relevans for lektoryrket

Å skrive ei sosiolingvistisk oppgåve er relevant for lektoryrket på fleire måtar. For det første finn ein kompetansemål innanfor temaet talemål og språkhistorie på både ungdomsskule og vidaregåande. Desse handlar om språkleg variasjon og mangfald i Noreg, språkhaldningar, språkendingar, den historiske bakgrunnen for språksituasjonen i Noreg i dag, og samanhengar mellom språk, kultur og identitet. Sistnemnde gjeld kompetansemålet for Vg3, som eg vil seie er særleg relevant for oppgåva eg har skrive: «gjøre rede for endringer i talespråk i Norge i dag og reflektere over sammenhenger mellom språk, kultur og identitet». I løpet av arbeidet med prosjektet mitt vil eg seie eg har tileigna meg mykje kunnskap om nettopp det kompetansemålet ber om. Språkendingsteori har gjort meg i stand til å forstå korleis talespråklege endringar kan gå føre seg i Noreg. I tillegg har bruk av den sosiale variabelen *lokal tilhørslse* gjort meg i stand til å sjå samanhengen mellom språk, kultur og identitet. Dette kunnskapsgrunnlaget kan eg difor ta med meg inn i skulen.

I tillegg har oppgåva mi eit syntaktisk perspektiv på variasjon og endring. Grammatikken sin plass i norskfaget har lenge vore diskutert. På den eine sida finn ein dei som meiner grammatikken ikkje har effekt, og på den andre dei som meiner grammatikken fungerer som eit metaspråk, noko som er viktig for utviklinga av språkleg medvit. Eg tenker at læraren sin kunnskap om grammatikk er sentralt for at den skal ha verdi for elevane. Ein kan difor seie at den syntaktiske delen av oppgåva mi har gjort meg i betre stand til å bruke grammatikk som metaspråk i undervisninga.

Det har også vore ein lærerik prosess å i det heile skrive ein master. Det har kravd både disiplin og planlegging. Sjølve skriveprosessen har gjort meg betre til å lage gode disposisjonar, samt sjå korleis prosessorientert skrivning kan bidra til å skape eit godt produkt. Begge desse verktøya er sentrale i skriveundervisninga i norskfaget. Eg kan difor ta med meg denne mastererfaringa inn i arbeidet med tekstoppbygging og skriveprosessar i klasserommet.

Litteratur

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplanen i norsk* (NOR01-06). Henta frå:

<https://data.udir.no/k106/v201906/laereplaner-lk20/NOR01-06.pdf?lang=nob>